



Årsmelding 2019 med rekneskap



Foto: Abstrakt Media/ Espen Brask Nordfonn

Idretts glede heile livet

STORD IL  STIFTA 1914

Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkelsen	2012–15
Nina H. Sleen	2016–18
Roy Sverre Amundsen	2019–

Årsmelding 2019 med rekneskap




Foto: Harald Kårbø



ÅRSMELDING 2019

Dagsorden årsmøte 2020.

1. Opning.
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer og møterreferentar.
4. Valg av to representantar til underskrift av protokoll.
5. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
6. Årsmelding frå hovedstyret.
7. 1. Årsmelding frå gruppene.
8. 2. Årsmelding frå allianseidrettslag.
9. Godkjenning av årsregnskap frå hovedstyret og gruppene.
10. Innkomne forslag.
11. Godkjenning av hovedlaget og gruppene budsjett 2020.
12. Fastsette kontingent for 2021.
13. Godkjenning av gruppestyra.
14. Valgkomiteen si innstilling.
15. Heidersmerker.
16. Avslutning.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



STORD IDRETTSLAG

ÅRSMELDING 2019

STYRET I STORD IDRETTSLAG

Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar
Torger Tvedten	Nestleiar
Anne Sissel Mugaas	Styremedlem
Kjartan Grov	Styremedlem
Terje Aas	Styremedlem

HOVUDOPPGÅVER OG ORGANISERING

Styret har i perioden frå årsmøte i 2019 hatt 7 styremøter. Gruppleiarane har vore invitert til utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 4 gonger. Dette tiltaket har fungert godt og vore ein konstruktiv arena for utveksling av meiningar og informasjon. Frammøte frå dei ulike gruppene har vore særskilt bra.

Strategiplanen som vart utarbeidd i 2018 skal vere rettleiande for Stord Idrettslag sin aktivitet og styrande for medlemmene si åtferd og haldningar gjennom eit bevisst forhold til laget sine visjonar og verdiar.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedtatt av kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år med verknad frå 01.01.2016, og omfattar alle anlegga på Vikahaugane inklusive skeisebanen, Langelandsbanen og Åsbanen, samt delvis leige av Nordbygdahallen. Stord Idrettslag betalte i 2019 ei samla årleg leige på kr. 1 300 000 til Stord kommune. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene, og har rett til framleige av dei anlegga som er omfatta av avtalen. Leigeinntektene og inntekter for reklame i hallane er føresetnaden for at avtalen med Stord kommune er realiserbar.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av arealet inne og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Men avtalen inneber også at Stord Idrettslag skal utføre deler av vedlikehaldet av anlegga. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås.

I samband med budsjetthandsaminga i Stord kommune for 2020 vart det vedtatt å stenge skeisebanen for sesongen 2019 / 2020 for å redusere kostnadane til kommunen med kr. 1 100 000. Stord kommune har ikkje gitt formelt varsel eller oppseiing av leigeforholdet

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



når det gjeld skeisebanen. Stord Idrettslag vil krevje reduksjon i leiga for perioden november 2019 – medio mars 2020.

Stord Idrettslag stifta i oktober 2019 Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE, med ein aksjekapital på kr. 50 000 og med følgjande føremål; sitat :

«Selskapet sitt føremål er å bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte idrettsanlegg som Stord Idrettslag og idrettslaga i alliansen eiger, leiger eller har drifts – og vedlikehaldsansvar for. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til idrettsføremål.»

Selskapet inngjekk avtale med Stord kommune om drift og vedlikehald av skeisebanen i slutten av november 2019. Avtalen gjeld i 1 år med mogleg lenging med eit år. Det sportslege resultatet har vore sær s bra og gledeleg for alle som er glad i skeisesporten og ein vinteraktivitet som er unik for regionen. Banen har vore i bruk frå slutten av november til medio mars og har vore nytta av innbyggjarane i Sunnhordland «frå morgon til kveld».

Stord Idrettslag starta våren 2019 ein prosess med arbeidstittel; «Arealanalyse for Vikhaugane» med mål om lage ein plan for disponering av det arealet som ikkje er bandlagt eller nytta til utbygging, eller andre føremål på Vikahaugane.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Symjing er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer no godt. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp.

ÅRSMELDINGANE FRÅ GRUPPENE OG ALLIANSEIDRETTSLAGA

Årsmeldingane frå gruppene vert lagt fram for årsmøte i SIL som orienteringssak, og er ein sjølvstendig og vesentleg del av årsmeldinga til Stord Idrettslag.

Gruppene i Stord Idrettslag

- Friidrettsgruppa
- Handballgruppa
- Skeisegruppa
- Skigruppa
- Turngruppa
- Volleyballgruppa

Årsmeldingane for allianseidrettslaga er inkludert i denne årsmelding, og er eit viktig historisk dokument som viser den samla aktiviteten i Stord Idrettslag for kvart år.

Allianseidrettslaga

- Stord Fotball
- Stord Orientering
- Stord Symjing



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Stord Idrettslag sitt samfunnsansvar – «breidde og topp»

Det er all grunn til å gleder seg over det omfattende arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidretten i regi av Stord Idrettslag. Det er her me skapar breidda og trygge sosiale idrettsmiljø, som også legg til rette for satsing på toppidrett for idrettsutøvarar som har ambisjonar i dei einskilde idrettane. I godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med det beste i landet.

Styret har i 2019 hatt møter og dialog med Stord Cricket Klubb om å inkludere klubben i alliansen. Samtalene har som mål at klubben vert ein del av Stord Idrettslag i 2020. Det har også vore drøftingar om å etablere «Stord Basketball lag» utan at dette har blitt realisert.

MEDLEMSTAL

Dagleg leiar har halde fram arbeidet med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag. Arbeidet vil fortsetja for fullt også i 2020.

Innkrevjing av medlemskontingent er dagleg leiar sitt ansvar, og har fungert særskildt godt. Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag no 2161 medlemmer pr. 31.12.2019, av desse er det 769 jenter og 709 gutar mellom 3 og 19 år.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge gode og allsidige tilbod.

ANLEGGsutvikling

Stord Idrettslag har i 2019 utarbeidd ein «Areal og volumanalyse» for Vikhaugane. Analysen tek utgangspunkt i eksisterande situasjon etter at ungdomskulen er på plass og det er vedtatt å rive rackethallen.

Stord Idrettslag vonar at arealanalysen vert eit viktig bidrag i diskusjonen om den vidare utbygginga av idrettsanlegga på Vikhaugane i eit langsiktig perspektiv, kor utbyggingsrekkefølgen er avgjerande for ei effektiv arealutnytting.

Analysen er utarbeidd av JK Arkitektur AS og vart presentert for gruppene tidleg på hausten 2019, og seinare revidert etter innspel frå gruppene. Arealanalysen har fått særskild god tilbakemelding, og vil vere eit viktig grunnlag for diskusjon om framtidig **utbygging** av idrettsanlegg på Vikhaugane. Stord Idrettslag er invitert til å presentere arealanalysen for kommunestyret i løpet av 1. halvår 2020.

Stord kommune ønskjer at arealanalysen vert presentert for kommunestyret i løpet av våren 2020.

Stord Idrettslag med tilhøyrande grupper og allianselag er engasjert i mange anleggsprosjekt som er i forskjellige fasar i prosjektutviklinga.

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyring og lagt fram rekneskap for 2019 med positive resultat.

Styret i Stord Idrettslag legg fram samla rekneskap for 2019, med unnatak av dei tre gruppene som er sjølvstendige idrettslag i alliansen, med følgjande resultat :

STORD IDRETTSLAG - SAMLA

RESULTATREKNESKAP	2019	2018
Driftsinntekter og driftskostnader		
Driftsinntekter	- 15 738 683	- 15 309 603
Driftskostnader	15 094 970	13 612 119
Driftsresultat	- 643 713	- 1 697 484
Resultat av finansposter	- 24 249	- 28 345
Årsresultat (overskot)	- 667 962	- 1 725 829
Disponering av overskotet / overføringar		
Avsett til «SIL Støttefond»	50 000	0
Avsett til anna eigenkapital	617 962	1 725 829
Sum disponert	667 562	1 725 829

Resultatrekneskapen viser eit driftsresultat for 2019 med eit positivt årsresultat med kr. 667 713.

Kr. 50 000 av overskotet i 2019 vert sett av til «SIL Støttefond» (sjå rekneskap for hovudlaget), medan kr. 617 962 vert avsett til annan eigenkapital

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

BALANSE	2019	2018
EIGEDLAR		
Anleggsmidler		
Varige driftsmidler	1 178 600	1 278 172
Finansielle anleggsmidler	90 000	40 000
Sum anleggsmidler	1 268 600	1 318 172
Omløpsmidlar		
Fordringar	420 758	568 895
Investeringar	0	0
Bankinnskott, kontantar og liknande.	9 670 067	8 674 603
Sum omløpsmidlar	10 090 825	9 243 498
SUM EIGEDLAR	11 359 425	10 561 670

BALANSE	2019	2018
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
SIL Støttefond	50 000	0
Anna eigenkapital	10 537 916	9 919 954
Sum eigenkapital	10 587 916	9 919 954
Gjeld		
Leverandørgjeld	137 942	123 767
Skyldig offentlige avgifter	234 938	149 580
Anna kortsiktig gjeld	398 630	368 369
Sum gjeld	771 509	641 716
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	11 359 425	10 561 670

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



STORD IDRETTSLAG - HOVUDLAGET

RESULTATREKNESKAP	2019	2018
Driftsinntekter og driftskostnader		
Driftsinntekter	- 3 722 222	- 2 843 732
Driftskostnader	3 581 664	2 610 881
Driftsresultat	- 140 558	- 232 851
Resultat av finansposter	- 8 368	- 9 520
Årsresultat (overskot)	- 148 926	- 242 370
Disponering av overskotet / overføringer		
Avsett til anna egenkapital	98 926	242 370
Avsett til «SIL Støttefond»	50 000	0
Sum disponert	148 926	242 370

Styret har vedtatt å disponere kr. 50 000 av overskotet i 2019 til «SIL Støttefond». Fondet sitt føremål er å gi støtte til born og unge ved deltaking på idrettsarrangement. Resten av overskotet, kr. 98 926, vert avsett til anna egenkapital.

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

BALANSE	2019	2018
EIGEDLAR		
Anleggsmidler		
Varige driftsmidler	0	0
Finansielle anleggsmidler	90 000	40 000
Sum anleggsmidler	90 000	40 000
Omløpsmidlar		
Fordringar	762 559	749 055
Investeringar	0	0
Bankinnskott, kontantar og liknande.	1 800 424	1 841 151
Sum omløpsmidlar	2 562 983	2 590 206
SUM EIGEDLAR	2 652 983	2 630 206

BALANSE	2019	2018
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
SIL Støttefond	50 000	0
Anna eigenkapital	2 431 909	2 332 983
Sum eigenkapital	2 481 909	2 332 983
Gjeld		
Leverandørgjeld	42 175	12 541
Skyldig offentlige avgifter	- 1 195	50 291
Anna kortsiktig gjeld	130 094	234 391
Sum gjeld	171 074	297 223
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	2 652 983	2 630 206

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Styret vil understreke at alle rekneskap er ført i samsvar med god rekneskapskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget har halde fram avtalen sin med Aktiva for føring av rekneskap, og er godt nøgd med det arbeidet Aktiv utfører og det tillitsfulle samarbeidet mellom idrettslaget og dei tilsette i Aktiva.

Budsjettdisiplin og økonomistyring er alltid sentrale tema for idrettslaget.

Interne rutinar i rekneskapsføring har i 2019 hatt fokus på oppfølging av dokumentasjonsplikta og periodisert rapportering, kor kvalitetssikring og samarbeid med rekneskapsføraren til hovudlaget og revisor er avgjerande for kontroll og god styringsinformasjon.

SAMFUNNSREKNESKAP - FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003 for fyrste gong eit samfunnsrekneskap for å synleggjera verdien av den innsatsen som idretten skaper i samband med meningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom. Den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og dugnadsarbeidande medlemmar og frivillige utgjer i dag ein verdi i overkant av 70 million kroner pr. år.

Stord kommune har støtta Stord Idrettslag med kr. 200 000 kvart år i perioden 2016 - 2019 til finansiering av dagleg leiar. Frå 2020 vert det ikkje ytt tilskot frå Stord kommune.

Stord Idrettslag sin posisjon som samfunnsbyggjar er særskild viktig i arbeidet med å gjere Stord kommune til ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i og bu i. Me skal vere med på å skape eit levedyktig og inkluderande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår og ei variert og meningsfylt fritid for alle oss som bur i kommunen og regionen. Visjonen til Stord Idrettslag, uttrykt i mottoet «*Idrettsglede heile livet*», skal vere drivkrafta til idrettslaget i eit folkehelseperspektiv.

Styret i Stord Idrettslag vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg.

HEIMESIDER / SOSIALE MEDIER

Hovudstyret har gjennom fleire år hatt samarbeid med AREGO om utvikling av internettsidene til Stord Idrettslag.

Stord Idrettslag med gruppene og allianseidrettslaga har ei felles startside. Nokre av gruppene har gjennom sine idrettar malar som dei sjølv har skapt og har ansvaret for å følgje opp. Oppdatering av gruppene sine egne sider varierer frå gruppe til gruppe.

Dagleg leiar jobbar kontinuerleg med å betre startsidea.

Hovudlaget ønskjer å nytte sosiale mediar på ein betre og meir aktiv måte. Det er likevel gruppene som gjennom sine omfattande aktivitetar nyttar dei sosiale media til dagleg kommunikasjon og utveksling av informasjon.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

TILLITSVALDE OG FRIVILLIGE

Tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og frivillige i gruppene og allianseidrettslaga er fundamentet for Stord Idrettslag. Stord Idrettslag med sine 2 200 medlemmar med tillitsvalde og frivillige er saman med dei andre idrettslaga og frivillige organisasjonar bærebejelken i samfunnet. Kvar einskild sin innsats og bidrag er avgjerande for at Stord Idrettslag kan vere motoren for idrettsaktivitetane på Stord.

Det er eit sterkt ønske at fleire unge vil delta aktivt i ulike tillitsverv og styrearbeid. Hovudstyret oppmodar gruppene og allianseidrettslaga om å prioritera etablering av ungdomsstyre.

Stord Idrettslag takker trenarar, lagleiarar og frivillige for den fantastiske jobben de har lagt ned i løpet av året.

ARBEIDSMILJØ

Det er etter styret si oppfatning eit godt og trygt arbeidsmiljø blant dei tilsette i gruppene og i hovudlaget. Som tilsett i idrettslag vert det i periodar høg aktivitet både på kveldstid og i helger i samband med arrangement.

I frivillige organisasjonar kan det kan vere vanskeleg å gjere ei fordeling av oppgåver og ansvar mellom tilsette og dei frivillige. Det er viktig at styret i hovudlaget og styra i gruppene og allianseidrettslaga er bevisst si rolle som arbeidsgjevar og det ansvaret dei har for dei tilsette sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø

YTRE MILJØ

Styret i Stord Idrettslag er ikkje kjend med at laget si verksemd påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Mykje av utandørsaktivitetane til Stord Idrettslag skjer på kunstgrasbanar med gummigranulat som fører til utslepp av granulat og mikroplast via overvassleidningar til naturen og sårbare resipientar. Det er Stord kommune som er eigar av alle kunstgrasbanane i Stord kommune som Stord Idrettslag leiger. SIL har i løpet av 2019 innleia ein dialog med kommunen om å setje i verk tiltak for å redusere forureiningsfaren frå kunstgrasbanane.


Stord Idrettslag ønskjer å arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk «apostlenes hester» til og frå trening og kampar.

Idretts glede heile livet


Stord mars 2020


Roy-Sverre Amundsen
Styrelsiar


Torger Tvedten
Nestleiar


Anne Sissel Mugaas
Styremedlem


Kjartan Grov
Styremedlem


Terje Aas
Styremedlem



Sak 6.1	Årsmelding fra gruppene.
Sak 6.1.1	Håndballgruppa
Sak 6.1.2	Friidrettsgruppa
Sak 6.1.3	Turngruppa
Sak 6.1.4	Skigruppa
Sak 6.1.5	Skeisegruppa
Sak 6.1.6	Volleyballgruppa
Sak 6.1.7	Idrettsmerket
Sak 6.2	Årsmelding fra allianseidrettslag.
Sak 6.2.1	Stord Fotball
Sak 6.2.2	Stord Orientering
Sak 6.2.3	Stord Symjing



ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2019



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2019



Styret 2019

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Irene Røyrvik Loftheim
- Sportsleg leiar: Bjarne Straume Epland
- Event og utstyr: Franny Maria Bøthner
- Medlemsansvarleg: Einar Balle
- Arrangementsansvarleg: Tonje Aamot Haga
- Sosialt ansvarleg: Ellen Salomonsen

Styret har hatt jamlege styremøter i 2019. Det har òg vore ei rekkje oppmannsmøte for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

Økonomi

Regnskap ligg vedlagt. Resultatet for 2019 viser eit overskot på 736 000,-. Av dette kjem i underkant av 200 000,- frå lagsrekneskapa som blir ført inn i klubben sitt totale rekneskap. Handballfestivalen er klubben si viktigaste inntektskjelde som tidlegare år. Klubben har i 2019 auka lønnskostnadane både i senior og ungdomsavdeling samt på administrativt plan. Me har blant anna fått på plass ein heiltidstilsett trenarressurs på herresida. I tillegg til nye drakter og innkjøp av klede til trenarar og oppmenn utgjer dette hovudårsaka til nedgang i resultat frå 2018. Me har hatt nok eit år med stor aktivitet i laga med ungdomslag i Bring-serien og fleire lag som har delteke i turneringar utanlands.

Medlemstal

Me har delteke i ordinært seriespel (frå J/G10 og til og med senior), minihandball for dei yngste, NM for senior og BRING-serien.

Alder	6-12	13-19	20+	Totalt
Jenter /Damer	149 (164)	90 (99)	57 (62)	296 (325)
Gutar / Menn	121 (85)	53 (53)	73 (63)	246 (201)
Sum	270 (249)	143 (152)	129 (125)	542 (526)

(Tal i parentes er for 2018)

Ansatte

Stord Handball har auka Ann-Helen Hareide si stilling på kontoret til 60% stilling på Handballkontoret. Ann-Helen gjer ein svært viktig jobb med å halda orden på drifta. Ann-Helen har ansvar for dei vanlege kontoroppgåvene, mellom anna det som går på faktura, omberammingar, dommarrekningar, minibuss, logistikk rundt eigne heimearrangement i hallen og ei rekke andre praktiske gjeremål i den daglege drifta. Ho har og fått ei større i støtte til administrative gjeremål kring seniorlaga.

Strategi

Styret i Stord Handball sette i 2017 ned eit utval med oppdrag i å utarbeida ein strategiplan for Stord Handball fram mot 2022. Våren 2018 vart Sportsplanen slutført. I 2019 vart Morten Moldrup tilsett fulltid som trenar og ressurs for å hjelpe oss med å følge Sportsplanen for å nå måla til klubben. Me har stor tru på at det arbeidet Morten legg ned skal bidra til at me får klubben dit me ønsker, og vil sjå resultat av dette i endå større grad i løpet av neste sesong.

Sosialt Utval

Sosialt ansvarleg er ein etablert del av styret i Stord Handball som skal sikra at klubben har fokus på miljø og samarbeid i aktiviteten i og rundt klubben. Laga nyttar seg av sosialt ansvarleg til å løysa utfordringar knytt til sosiale problemstillingar, bevisstgjeriing av roller i laga og til å bidra i arbeid av førebyggjande karakter. Sosialt ansvarleg kan også vera representert på foreldremøte til laga i klubben. I år har sosialt ansvarleg delteke på AlleMed-dugnad, ei felles nasjonal satsing for å sikre at born og unge får moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar og «16 – ka no?», eit fylkeskommunalt prosjekt med mål om å fremja den psykiske helsa til ungdom i tida rundt overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. Ellen Salomonsen sit som sosialt ansvarleg i styret i Stord Handball.

Handballskule

Rema 1000 Handballskulen i regi av Stord Handball gjekk føre seg tre dagar i vinterferien og tre dagar i haustferien. Handballskulen hadde aktivitet frå kl. 09.00 til kl. 15.00 med lunsjservering. Skulen har born frå 6 til 11 år som deltakarar, og me hadde henholdsvis 55 og 50 born i vinter- og haustferien.

Me hadde våre eigne herre- og damespelarar som instruktørar, i tillegg til 4-6 spelarar frå ungdomsavdelinga som ekstra ressursar. Dette viste seg å vera ei god oppskrift for gjennomføring, då desse ungdommane vart eit bindeledd mellom instruktørane og borna. I haustferien fekk me og med oss ny herretrénar Morten med på laget. Morten viste seg og vera eit flott tilskot til handballskulen.

Desse dagane får me mange ivrige handballspelarar i aksjon. For handballgruppa er handballskulen ein viktig del av rekrutteringsarbeidet til klubben, derfor ser me oss nøgde med både tal på deltakarar og interessa som blir vist for arrangementet.



Ein herleg bukett handballspelarar frå haustens handballskule.

Morgontrening

Før sommaren hadde klubben tilbud om morgontrening i Nordbygdo for 2005-2007 modellane i klubben. Øktene vart leia av Ørnulf Botnen kvar tirsdag mellom kl. 06.45 – 07.45. Innhaldet i øktene har som tidlegare vore retta inn mot teknisk utvikling.

Etter sommaren har klubben kjørt morgontrening på Vikahaugane, då med Lisa Nyhammer og skadeførebyggande trening. Treningane har vore tirsdagar kl. 06.45-07.45. Dette har vore eit godt tilbud med særskilt viktig trening for ungdommane fra 12 år og eldre.

Handballfestivalen

Handballfestivalen 2019 vart avvikla 7.-10. juni, som vanleg i pinsen. Denne utgåva var nok ein gang rekordstor og me hadde 435 lag i sving som spela totalt 1.265 kampar på fire dagar!!!

Me nytta hallar og utebanane på Vikahaugane, i tillegg til hall i Prestegardsskogen Idrettspark. Mange stader vart nytta til innkvartering og over 3.000 personar var innlosjert rundt omkring på skular og liknande. Over 4.500 spelarar var i sving i pinsen.

Denne gangen var me diverre ikkje like heldige med vêret, og grasbanen på Vikahaugane gav spelarane ein del utfordringar reint sportsleg. Dette til tross, ungane hadde det kjempekjekt og kjem nok til å hugse det året då dei spela gjørme-handball på Stord! Me er utruleg imponerte og takksame for at alle frivillige, deltakarar og foreldre ikkje lar det dårlege vêret ødelegge festivalen, men smiler og gjer det beste ut av forholda. I 2020 lovar me fint vær!



Når banneret er på plass så er heile handball-familien i fullt arbeid på og kring Vikahaugane!

Stord Handball rettar ei utømmeleg stor takk til alle medlemmene og alle andre som er med og jobbar dugnad! Våre eigne spelarar (føresette), friviljuge, samt andre innleigde lag og organisasjonar på Stord er med på denne store dugnadsjobben som no tel om lag 11.000 dugnadstimar til saman. Desse ressursane er grunnlaget for at me skal kunne ha eit handballtilbod i klubben – så me kan ikkje få sagt det ofte nok; tusen takk!!!

HAFO

UngdomsHAFO vart som vanleg gjennomført rett før vinterferien. MiniHAFO (for 1.-3. trinn) vart arrangert på hausten, medan BarneHAFOEN vart flytta til våren 2020 i eit forsøk på å samle uHAFO og BarneHAFO til eit felles arrangement.

Mini-, kortbane- og barnehandball

Frå 2020 vert alle laga i Sone 8 meldt på i «Bergensserien» og me får ikkje «Sunnhordlandsserie». Dette er eit resultat av at dei siste åra har vore særst få lag i Sunnhordland utanom Stord sine lag. No har me fått ei løysing kor me vert meldt på i Bergen, og får så langt det er mogleg kampar i søndre del av Bergenssonane. I tillegg får me og moglegheit til å få heimerundar på Stord for gutane (noko me ikkje har hatt i minihandball før).

I 2019 hadde me 10 jentelag og 3 gutelag i minihandball (frå 6-8 år) på våren og 7 jentelag og 5 gutelag på hausten. Desse laga spelar på tvers av ein vanleg handballbane (20 x 12 meter) og har fire spelarar på laget (kor ein av desse er flygande målvakt). Ein nyttar her mjuke ballar og små mål.

Me hadde 11 jentelag og 4 gutelag i kortbanehandballen (9-10 år) på våren og 9 jentelag og 4 gutelag på hausten. Kortbanehandball er kome for å bli, og frå hausten 2019 vart og 10-årsklassen spela som kortbane. Ein spelar med fem spelarar (kor ein er flygande målvakt) på langs av ein vanleg handballbane kor det eine målet vert sett ca på midten av den eine banehalvdelen. Ein kortbane måler dermed lag 30 x 20 meter og skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Ein spelar med vanlege ballar og har vanlege mål med nedsenkt tverrliggjar.

Dette året hadde me 6 jentelag og 3 gutelag i barnehandballen (11-12 år) på våren og 4 jentelag og 4 gutelag på hausten. Desse laga spelar på full bane med seks spelarar (fast målvakt) og nedsenkt tverrliggjar i 11-årsklassen, medan 12-åringane spelar med sju spelarar, full bane og fullt mål. 11-åringane spelar med resultat, men ikkje med tabell. 12-åringane spelar fullt ut med tabell og sluttspel.

Frå neste sesong vert det endringar i barnehandballen slik:

6-8 år:	«Mini»	(4 spelarar, minibane, ingen resultattavle)
9-10 år:	«Kortbane»	(5 spelarar, kortbane, ingen resultattavle)
11-12 år:	«6'er»	(6 spelarar, full bane, resultat men ikkje tabell)

Ungdomshandballen

Barne- og ungdomsavdelinga i Stord Handball har hatt stor aktivitet også i 2019. Klubben har lag for begge kjønn i alle årsklassar til og med g/j 16, noko som er ei av målsetjingane til klubben. Hausten 2019 vart det oppretta to nye lag for fyrsteklassingane etter ei ny flott HAFO-turnering. Desse turneringane er eit flott tiltak for klassemiljø på skulane og eit nyttig rekrutteringstiltak for Stord Handball. I dag er det om lag 550 spelarar i klubben, og det har blitt jobba godt med å få mange barn til å starte på handball i dei yngste klassane, noko som sjølvstøtt er positivt og ynskjeleg for klubben.

Klubben sin sportsplan har vorte meir kjent i laga og vert flittig brukt blant mange av dei vaksne rundt laga. Klubben har eit sportsleg utval som har ansvar for at klubben er på rett veg og jobbar i tråd med klubben sine normer og målsetjingar. Sportsleg utval har stor tru på arbeidet med å byggje klubben mest mogeleg robust ved å utvikle og vidareutvikle trenarar og andre eldsjeler i klubben i eit tettare samarbeid. Det finnes mange kompetente personar i klubben og det blir viktig å bruke personane og deira engasjement mest mogeleg riktig. Det er gledeleg at klubben det siste året har engasjert fleire kjente og meir ukjente personar til ulike roller. At fleire seniorspelarar har gjort ein flott jobb som trenarar er eit viktig tiltak for å kunne gje eit kvalitativt godt tilbod til alle laga, særleg ungdomslaga. Sjølv om klubben har engasjert fleire trenarar og har denne sesongen lukkast med å sikre at alle laga har kompetente trenarar, er det framleis ei utfordring å få trenarane til å starte opp med trenarutdanning. Klubben vil fortsetje å leggje til rette med trenarverktøy og utdanning og prioritere dette arbeidet høgt framover.

Ungdomshandballen forts.

Som eit sentralt tiltak for å løfte alle laga i klubben i tråd med sportsplanen, tilsette klubben Morten Moldrup som ein fulltids trenarressurs. Moldrup har hatt hovudansvar for G15, G16 og herrelaget i tillegg til at han skal ha ei viktig rolle i å utvikle klubben i det daglege, ved å vere eit bindeledd mellom trenarane. Sportsleg utval hadde ynskt at me i klubben hadde kome lenger i arbeidet med fellesskapet mellom trenarane og ei tettare oppfølging av dei ulike miljøa. Det at ein ikkje har kome like langt som ynska, skuldast mange ulike faktorar. Sportsleg utval har trua på at Moldrup er rett mann til dette arbeidet og har forventningar til at klubben har tatt nye steg på dette området i løpet av 2020.

Sportsleg sett gjer barne- og ungdomslaga det jamt over godt i sine seriar, og me ser at fleire ungdomslag kjempar i toppen av regionsseriane. Spelarane arbeidar godt med trygge, engasjerte vaksne rundt seg. Etter nokre år utan deltaking i nasjonale seriar lukkast G16 hausten 2019 å kvalifisere seg til Bringserien. Gutane får med deltaking i Bringserien utvikle seg mot dei beste 16-årslaga i Noreg, byggje samhald og får vist seg sjølv og klubben fram. Det er og gledeleg å sjå at mange av spelarane på G15/G16 vart teken ut til ulike utviklingsmiljø. Det er vidare gledeleg å sjå at J15 har spelarar som også har vorte teken ut til utviklingsmiljø, noko som er eit resultat av god jobbing over tid.

Klubben har i 2019 arrangert to flotte handballskular med stor suksess. Franny Bøthner har hatt ansvar for desse skulane og gjort ein flott jobb saman seniorspelarane i klubben. Hausten 2019 har Lisa Nyhammer gjennomført ei vekentleg morgonøkt med fokus på skadeførebyggjande trening for gutar og jenter frå 12 år og oppover. Klubben har også i 2019 engasjert Mikael Søgaard som målvaksressurs. Han har hatt vekentlege økter med målvaktene til ungdomslaga i klubben. Erfaringane våre er mellom anna at målvaktene våre blir betre skulert teknisk/fysisk/taktisk. Dette arbeidet er svært viktig å fortsetje med og vidareutvikle dei komande åra.

Klubben er trygg på at det er riktig strategi å jobbe målretta over tid. Dette er eit krevjande arbeid som har og vil koste mykje tid og ressursar. Samstundes som klubben skal leggje til rette for gode utviklingsmiljø for dei barna og ungdommane med høge ambisjonar, skal Stord Handball også vere dyktige på å leggje til rette for gode tilbod for dei med mindre ambisjonar. Stord Handball skal vere ein klubb for alle, og kjerneverdiane *vilje*, *samhald* og *respekt* skal haldast høgt. Klubben skal vise *vilje* til å etterstreve å leggje til rette for eit best mogleg trenings- og kamptilbod for alle. Me vil styrkje *samhaldet* på tvers av laga og jobbe for at alle kjenner ei tilhøyrse til laget sitt. Vidare skal alle i klubben visast *respekt* uavhengig av bakgrunn og ambisjonsnivå.

Spelarutvikling

Me har i løpet av 2019 hatt ei rekke spelarar på dei ulike utviklingstiltaka til Region Vest og NHF. Sesongen 2019/2020 vart tiltaka endra ein del i sitt format, noko som har gjort at me ikkje lenger har «uttaks-baserte» samlingar før Bylag for 15-åringane. Fram til og med 15 år, er det SPU-samlingar kor spelarane sjølv melder seg på tiltaka utan at klubben er involvert.

Me har hatt både gutar og jenter på Bylagssamlingar, Regionale Landslagssamlingar og Sentrale Landslagssamlingar – og Jørgen Lunde Flotve har vore med G02-landslaget gjennom heile året.

Damelaget

Etter mange år i 2. divisjon rykka damelaget til Stord ned førre sesong. Heile tolv spelarar gav seg i løpet av, eller etter sesongen. Dette resulterte i at det kom mange nye fjes inn i årets dametropp. Heldigvis gror det godt på damesida og det kjem jamt med eigenrekrutterte jenter som vil vere ein del av damelaget. Jenter fødd i 2002 har i stor grad prega damelaget saman med meir etablerte og kjente fjes. Mona Kristine Stakkestad er den einaste spelaren som kom inn i laget utanifrå.

Niklas Fjellet vart før sesongen tilsett som ny hovudtrenar for damegruppa og rekruttgruppa på damesida. Fjellet tok også etter kvart over J15-laget til klubben. I desember 2019 vart Fjellet og klubben samde om å avslutte samarbeidet. Bjarte Epland tok over damelaget ut sesongen, Ørnulf Botnen var lagleiar for Stord 2 i 5. divisjon og Jonas Sjølin vart hovudtrenar for J15. Klubben har starta arbeidet med å finne ny hovudtrenar for damelaget neste sesong. I skrivande stund ligg damelaget midt på tabellen, noko bak teten og trygt plassert over nedrykksstreken.



Stord Damer 3. divisjon sesongen 2019/2020

Tonje Aamot Haga har gjort ein framifrå innsats rundt laget som oppmann. Jonas Sjølin har hatt ansvar for den fysiske treninga frå J15 til og med seniorane fyrste del av sesongen. Jonas har gjort ein framifrå jobb med spelarane på dei fysiske øktene. I desember 2019 tok Sjølin over som hovudtrenar for J15.

Damelaget har også eit lag i 5. divisjon som ligg på 6. plass i skrivande stund. Laget består hovudsakeleg av unge lovande spelarar fødd i 2003 og 2002. Ørnulf Botnen har leia laget etter at Fjellet avslutta samarbeidet med klubben. Dette er ein viktig utviklingsarena for dei yngste seniorspelarane og for spelarane som treng kamptrening for å spele seg inn på fyrstelaget.

Det gror godt på damesida og det kjem jamt med spelarar opp til damegruppene. For å nå målsetjinga om å spele i ein av dei to øvste divisjonane i 2023 er det viktig at klubben vert endå betre i rekrutteringa av eigne spelarar. Det vert viktig å ta vare på spelarane lengst mogleg og leggje til rette for best mogleg utvikling. Samstundes skal klubben vere ein viktig arena og ha tilbod for dei som ynskjer å spele handball utan mål om å verta best mogleg.

Herrelaget

Herrane til Stord spelar for tredje året på rad i 2. divisjon. Laget består av ei blanding av eldre rutinerte spelarar og unge lovande gutar. Klubben tilsette Morten Moldrup som trenar for herrelaget samt G15- og G16-laga til Stord. Tilsetjinga er eit viktig tiltak for å lukkast med klubben sine sportslege målsetjingar på sikt. Moldrup har fått med seg Rune Skjærvold i trenarteamet rundt herrelaget. Herrelaget fekk før sesongen to tidlegare Stordspelarar i Petter Skimmeland og Mathias Meløy Nilsen tilbake i gruppa. Etter ein svak start, valte klubben å styrkje laget med Ingemar Olsson og trenar Morten Moldrup på banen. Det har vore ein krevjande sesong for herrelaget. Etter den svake starten har laget spela seg opp att på tabellen og ligg i skrivande stund på ein sjuande plass. Trenarteamet er på gong med eit viktig treningskulturarbeid som innan 2023 skal føre herrelaget tilbake blant dei to øvste divisjonane.



Stord Herrer 2. divisjon sesongen 2019/2020

Stord har denne sesongen også hatt eit lag i 4. divisjon som har vore leia av Ingemar Olsson med god hjelp i frå Bjørn Lindgård. Allereie to rundar før fullført sesong er det klart at laget rykker opp til 3. divisjon til neste år. Dette er svært gledeleg og i tråd med klubben sitt arbeid med å gje matching på eit høgast mogleg nivå. Me er overtydd om at dette gjev vinst på sikt. Laget har i år bestått av ei blanding av unge lovande og eldre rutinerte spelarar. Jørgen Lunde Flotve har og også denne sesongen vorten teken ut på ungdomslandslaget. Jørgen har fortsett utviklinga si denne sesongen og representert klubben på ein positiv måte på landslagssamlingane.

Rune Loftheim, Even Flotve og Sigbjørn Almås vore oppmenn for seniorlaga på herresida. Dei har vore viktige bidragsytarar for at spelarane kan prestere på trening og i kamp. Lisa Nyhammer er laget sin kiropraktor og behandlar både dame- og herrelaget, samt legg til rette for skadeførebyggjande trening. Lisa har vore med klubben i fleire år, og har god dialog med spelarane for å sikra det medisinske tilbodet. Klubben kjem til å ha hovudfokus på å utvikle eigne spelarar også dei komande åra. Det er heilt sentralt at ein i framtida må arbeide endå betre med å utvikle eigne spelarar til eit høgare nasjonalt nivå. Klubben er såleis overtydd om at langsiktig og kontinuerleg arbeid i ungdomsavdelinga, er den einaste måten ein kan kjempa klubben opp igjen i divisjonssystemet på. Samstundes treng herregruppa fleire spelarar komande sesong og som eit ledd i treningskulturbygginga, jobbar klubben med å styrkje herrelaget med nokre nye spelarar for neste sesong. Klubben ser etter svoltne og motiverte spelarar som kan vere kulturbyggjarar i gruppa.

Stord United (Gullserien)

Stord United har hatt ein god og innhaldsrik sesong. Før me tok sommarferie var me sjølvstakt med på Handballfestivalen kor me fekk besøk frå våre gode vener frå Kolnes. Det vart to jamne kampar kor Kolnes trakk det lengste strået, men som det Fair Play-laget me er så unnar me motstandarane våre ein god kamp. Me starta hausten med å delta på Landsturneringa som i år var i Stjørdal. Me tek med oss mange gode og morsomme øyeblikk frå turen, med det absolutte høgdepunktet då me slo Kolnes; ein god revansje. Spelargleda er enorm og det er ein utruleg fin gjeng som samlast på trening kvar tysdag. Spelarane viser ei fantastisk idretts glede og positivitet.



Frå Landsturneringa i Stjørdal i september, åtte spelarar, trenarar og støtteapparat

Me har spelt kampar i Bergen, men det absolutte høgdepunktet var heimekampane på Stord. Me har fått skryt frå fleire kor flott denne dagen vart – noko me er veldig stolte av. Me rettar og ei stor takk til dame- og herrelaget for all hjelp - og ikkje minst Runar Øvrebø som var ein fantastisk speaker!

Denne sesongen har me lenge vore 14 spelarar (ei auke frå tidlegare sesongar). Diverre slutta to grunna flytting, så no er me ein fin gjeng på 12. Me har sjølvstakt sportslege ambisjonar og målsettinga er klar; me skal bli betre for kvar trening! Spelargruppa er heldigvis enige i dette, og me går i rett retning saman.

Stord United (Gullserien) forts.

Me prøver å leve etter «tap og vinn med same sinn». Bilete under viser eit godt eksempel på dette; her har me nettopp tapt ein kamp - men stemninga er, som biletet viser, særst god!



Trenarar i 2019 har vore Sigurd Sævareid, Henriette Thorsen og Andrè Skogvold. Lagleiarar for laget er Aina Skogvold, med Unni Dalsbotten som supersupporter og «altmuligdama». Odd Ståle Larsen har fungert som trygg minibussjåfør i perioden.

Dommarar

Me jobbar framleis godt med dommarutvikling i Stord Handball. Våren 2019 dømte Veronica Essajee og Camilla Olsen fleire 1. divisjonskampar og Stian Andersen er aktiv dommar i 1. divisjon og Eliteserien for kvinner. Anna Økland Larsen og Kaja Skåtevik Skjønberg jobbar godt på, og vart belønna med G12-finale under årets utgåve av Handballfestivalen.

Hausten 2019 startar med at me seier velkommen til to nye dommere i klubben; Preben Andersen og Louis Runge. Dette er eit ungt dommarpar som har mål om å dømme i Eliteserien. Hausten 2019 har dei dømt 2. divisjon, Lerøy- og Bringserie, i tillegg til at dei er i utviklingsgruppa til NHF. Me gler oss til å følgje gutane på veien vidare! Dommersesongen på Stord vart starta med ei dommarsamling av Camilla og Veronica. Dagen inneholdt ei økt med teori, treningsøkt og regelprøve, før me avslutta dagen med middag på Frugård. Ein fin start på sesongen!

Denne hausten har Kaja og Anna dømt J15-B kamp, og får gode tilbakemeldingar. Thor Gunnar Bakke dømmer framleis mykje for klubben, i 2. divisjon og nedover. Bjørn Lindgård gjer som alltid ein stor innsats for klubben og regionen, og dømmer ungdoms- og seniorhandball i heile Sunnhordland. Camilla og Veronica har hatt ein rolig dommarhaust, då Veronica venta barn i desember, men dei har som mål å vera tilbake på banen i løpet av februar/mars 2020.

Franny Bøthner har i år som i fjor vore klubben sin dommaransvarleg, og gjort ein svært god jobb for å utvikle dommarmiljøet i Stord Handball. Ho dømmer og kampar sjølv når det trengs. Me har mange flinke dommarar som tek seg av minihandballen fleire helgar i året. Dette er positive jenter og gutar som er flotte rollemodellar for dei små borna. Me har som målsetning for 2020 å arrangere nytt barnekamplader-kurs, samt å laga til ein samlingsarena for dei yngre dommerane kor dei kan treffast og diskutera handball.

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



LIVE-streaming på Vikahaugane

Klubben har i 2019 installert kamera i både Nye- og Gamlehallen på Vikahaugane. Dette er kamera frå streaming-leverandøren JOYMO. Tenesta gjer at ein kan streame kampar gjennom desse ubemanna kameraa.

Vegen vidare

Klubben viser igjen til eit år med solid drift. Det er fortsatt god driv i gruppa, med flotte menneske i organisasjonen som bruker enormt mykje av si fritid på å legge til rette for trygge og gode opplevingar for mange born og unge på Stord.

Likevel ser klubben at me er inne i en trend kor det vert vanskelegare å få på plass folk til å ta på seg oppgåver i ein kvardag kor tid vert sett på som den knappaste ressursen. Dette gjer igjen at me ser oss nødt til å bruke pengar for å betale for ein stadig større del av desse ressursane. Det er ei utvikling som me ikkje kan stagga, men som gjer at me som klubb i aukande grad må prioritere våre midlar i denne retningen.

Me har i 2019 fått på plass ein heiltidsansatt trenar for herresida, og vil i 2020 jobba for å få til det samme på damesida. Dette ser me på som naudsynte investeringar for å kunne nå måla våre om utvikling i klubben, og vel å bruke midlar på dette. Me veit at måla me har sett oss er ei svært kostnadskrevjande målsetting, og me har fullt fokus på å nå måla til klubben innanfor fornuftige og berekraftige økonomiske rammer.

VILJE – SAMHALD – RESPEKT

Styret i Stord Handball, Stord 17.02.2020

Aksel Sæther
(Styreleiar)



Irene R. Loftheim

Franny Bøthner

Tonje Aa. Haga

Ellen Salomonsen

Bjarte S. Epland

Einar Balle



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

ÅRSMELDING 2019

FRIIDRETTSGRUPPA SIL

STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2019 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetleflåt
Sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Styremedlem	Mats Tonning
Styremedlem-arrangement	Reidar Nesse
Styremedlem	Geir Aasheim
Styremedlem	Tom Erling Kårbø
Ungdomsrepresentantar:	Anna Solheim
	Julian Skimmeland Aasheim

Det har i 2019 vore halde 10 styremøter.

MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr.31.12.2019 totalt: 93 medlemmer (2018=120) fordelt på:

	<u><12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>> 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	16	10	4	30
Menn	<u>19</u>	<u>7</u>	<u>37</u>	<u>63</u>
SUM	35	17	41	93

Medlemstalet for friidrettsgruppa har gått ned for 2019 og er på 93 medlemmer, i 2018 var me 120 medlemmar. Me må stadig vere flinke i å rekruttere nye til å begynne i friidrett. Vi har fleire sjansar gjennom Parkløpet, sentrumstafetten og Tinstafetten. Her har vi ein gyllen sjanse til å nå målgruppa vår. Det er framleis god oppmøte blant dei yngste i gruppa vår.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2019. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. I 2019 har fleire av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgong og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande. I tillegg er me avhengig av samarbeid med andre lokale klubbar, Bremnes IL og Fitjar IL, som kan tilby hjelp i øvelsar som me ikkje er godt nok forspent på.

SEKTOR ØKONOMI

Året 2019 har gitt eit positivt resultat på vel 54000,- kroner, før avskrivningar. Klubben har etter forholda ein god økonomi, noko som viser att i balansen. Med den høge sportslege aktiviteten som gruppa har no, er det viktig at gruppa ser etter nye aktivitetar til å skaffe seg større inntekter slik at me i framtida klarer å oppretthalda ei god satsing både på topp og bredde med ein sunn økonomi. Med Sunnhordland maraton har me truffet det arrangementet som famner om store grupper med mosjonistar og som gjer at det vert ein folkefest i sentrum, samt at det gir eit godt overskot. Driftsutgiftene for 2019 har vore på vel 1010 000,-.

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

SEKTOR ARRANGEMENT

I 2019 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	25.01.2019
Parkløpet	23.03.2019
Sunnhordland maraton	04.05.2019
TINE-stafetten	07.05.2019
Stord Rett Opp	25.05.2019
Bru- og halvmaratonløpet	12.06.2019
Stordleikane	09.-11.08.2019
Stordløpet	01.09.2019
Fossatrappo Opp	21.09.2019
Romjulsstemne	27.12.2019

I tillegg har me arrangert seriestemne på bane og fleire hoppstemner innandørs.

Stordleikane vart arrangert i august med ein liten auka i deltakinga, men med ein nedgang i dei eldste årsklassane enn kva det har vore dei siste åra og det skyldast kollisjon med andre større stemner.

Stordløpet gjekk av stabelen for 42.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit mykje større potensiale på Stord, men arrangementet går bare 5 veker etter suksessen Sunnhordland maraton. Det krever at ein må starta informasjon om dette løpet tidlegare, slik som det vert gjort for Sunnhordland maraton. Sunnhordland maraton, som vart arrangert 4.mai, er det mosjonsarrangementet som fenger mest blant folk og det vart ei flott løpsoppleving i sentrum, Landåsen og rundt Ådlandsvatnet som utgjorde løypa for deltakarane som var i aksjon. Totalt var det over 1000 fullførande løparar, samt over 200 deltakarar på barneløpet i sentrum, som gjorde dette til ein stor suksess og aktivitet i sentrum. Motbakkeløpa Stord Rett Opp og Idrift Challenge:Fossatrappo Opp, som vert arrangert siste helga i mai og i slutten av september, slit med å samla den store massen og det er plass til fleire løparar i den flotte fjellheimen her på Stord

SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjoner å sjå tilbake på i 2019 og for første gong i klubben si historie har me hatt ein deltakar med i VM i friidrett på bane, då Tom Erling Kårbø kvalifiserte seg på 3000m hinder. Klubben har vore representert på følgjande internasjonale meisterskap og landskamper:

- Verdsmeisterskapet i Doha, Qatar: Tom Erling Kårbø på 3000m hinder. Tid 8,27,01 og 9.plass i forsøksheatet.
- European team championship, first league i Sandnes. Tom Erling Kårbø på 3000m hinder, tid 8,52,00 og seier.
- Nordisk innandørslandskamp i Bærumshallen, Noreg: Pernilla Eugenie Epland på 3000m som endte på 7.plass.
- U23 EM i Gävle, Sverige: Lars Lunde på 3000m hinder. Tid 9,15,68 og 11.plass i forsøksheatet.
- European 10000m cup i London, Storbritania: Pernilla Eugenie Epland på 10000m, dnf
- Jacob Vaula representerte Noreg i U-20 landskamp i Kristiansand, Noreg på 100m og 4x100m stafett, kor han endte på 8.plass på 100m.
- I senior NM på Hamar fekk klubben 1 bronse. Pernilla Eugenie Epland sprang inn til 3.plass på 5000m.



Figur 1 Tom Erling Kårbø og Nils Hetleflåt foran innmarsj til 3000m hinder i VM i Doha

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Senior/Junior

I senior-NM på Hamar 2.4.8 2019 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbø (30)	5000m	Nr. 4	14,09.56
Lars Lunde (22)	5000m		Dnf
Pernilla Eugenie Epland (29)	5000m	Nr. 3	17.00.80
Jacob Vaula (19)	100m	3-h2/5-sf2	11,01/10,98
	200m		22,43 (6-h1)

I innandørs NM i Deep Ocean Arena i Haugesund 2.-3.2 2019 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbø	3000m	Nr. 2	8,12,26
Lars Lunde	1500m	Nr 10	3,56,55
Jacob Vaula	60 m		7,00-h2; 7,00-sf3
Pernilla Eugenie Epland	3000m	Nr. 1	9,34,20
Sofie Skard (15)	Høgde utan tilløp	Nr. 7	1,20 (junior)
Anna Solheim (15)	Høgde utan tilløp	Nr. 4	1,30 (junior)

I NM terrengløp, lange løyper, i Frognerparken i Oslo 13.10.2019 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

G-16	4km	3. Erlend Hatlem Kringeland
		10. Jakob Jordåen Molvik
J-15	4km	11. Brittanna Hovda Balchen

På junior-NM i Sigdal 23.-25.8.2019 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

MJ-19	Jacob Vaula	100m	1-h2 (11,30- h 2; dsq- sf 2)
		200m	Nr. 3 22,17 (23,08 – h5; 22,10 – sf 1)

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 31 i 3.divisjon med poengsummen 9883 (17 res) (2018= 9833 poeng 31.plass (17 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 10 i 1.divisjon, med poengsummen 20803 (30 res) (2018=17804 poeng 2.plass (25 res)) og rykker med det ned i 2..divisjon.

Veteraner:

I innandørs-NM Nes Arena, Ullensaker 9.-10.3.2019 oppnådde Stord sine utøvar følgjande resultat og plassering:

MV 35-39	Kim Berland Laitinen	1500m	Nr.1	4,44,68
		3000m	Nr.1	9,57,59

I krinsserien vart herrelaget nr 6. i 2 divisjon med 4241 poeng på 7 resultat (2018= 10024 (17 res)) og rykker ned i 3.divisjon

Jenter/Gutar

I ungdoms-NM mangekamp på Sandnes 24/2-2019 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Anna Solheim (15)	Nr.1	2836 poeng (9,47-1,50-9,94-4,03-1,56,57)
-------------------	------	--

I Ungdoms-NM i Ulsteinvik 1-3.3 2019 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Anna Solheim (15)	60m hekk	Nr. 2	9,36 (9,49 – h1)
	Kula (3kg)	Nr. 2	10,32
	60m	Nr. 8	8,60 (8,37 h-1)

I Ungdoms-NM på Jessheim 6-8.9 2019 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Jacob Vaula (18)	100m	Nr. 1	10,78 (11,09 h-1)
Julian Skimmeland Aasheim (16)	300m hekk	Nr. 1	39,77
	Tresteg	Nr. 1	13,25
	100m hekk	Nr. 1	14,19
	100m	Nr. 3	11,36 (11,42 sf-2; 11,58 h4)
Erlend Hatlem Kringeland (16)	1500m hinder	Nr. 2	4,30,30
	800m	Nr.13	2,06,08
	3000m	Nr. 4	9,11,99
Anna Solheim (15)	Diskos	Nr. 3	30,82
	Kula	Nr. 5	10,31
	Høgde	Nr.6	1,46
	80m hekk		dsq
Sofie Skard (15)	Høgde	Nr. 3	1,52
	80m hekk	Nr. 4	13,43



Figur 2: Stord sine utøvarar i UM 15-19 på Jessheim. Frå venstre: Erlend H. Kringeland, Sofie Skard, Julian S. Aasheim, Anna Solheim og Jacob Vaula

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Følgjande vann krinsmeisterskap i 2019:

Erlend Hatlem Kringeland (16)	1000m terrengløp
Sofie Skard (15)	Høgde utan tilløp

Eirik Natvik (14) representerte Hordaland i krinskampen for 13- og 14 åringar 31.8-1.9 2019 mot Sogn og Fjordane, Rogaland, Vest- og Aust Agder i Haugesund

Eirik Natvik (14)	200m	Nr. 8	26,38
-------------------	------	-------	-------

Krinsserien

Jentene sitt 1.lag kom på 8.plass i elitedivisjonen med poengsummen 36469 poeng på 48 resultat (2018= 31722 (38 res)) og rykker dermed ned til 1.divisjon.

Gutane sitt 1.lag kom på 7.plass i elitedivisjonen med poengsummen 49287 på 60 resultat (2018= 40081 poeng (50 res)) og rykker dermed ned til første divisjon i 2020.

Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år	Vegard Havn (V), Arne Jordåen (V), Erlend Hatlem Kringeland (H), Julian Skimmeland Aasheim (H), Nils Hetleflåt.
Gutar/jenter (12-15 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt
Gutar/jenter (> 16 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt, Hilde Nordtveit

Utmerkingar

På "premiefesten" vart følgjande utmerkingar utdelt:

"Beste gut"	Julian Skimmeland Aasheim
"Beste jente"	Mathilde Alfarnes Amundsen
"Mest allsidige gut"	Erlend Hatlem Kringeland
"Mest allsidige jente"	Anna Solheim

Gullmerket (over 1000 tyrvingpoeng) vart utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat: Julian Skimmeland Aasheim (16) for 39,01 på 300m hekk, Erlend Hatlem Kringeland (16) for 4,30,30 på 1500m hinder, Jacob Vaula (18) 10,89 på 100m og Mathilde Alfarnes Amundsen (13) for 11,20 i kula (2kg).

Lagsrekordar

Pernilla Eugenie Epland	5000m	16,11,92	15/6
Jacob Vaula	100m	10,89	13/6
	200m	22,22	24/8
	200m	22,10	24/8
Tom Erling Kårbø	3000m hinder	8,27,68	6/9
	3000m hinder	8,27,01	1/10
Julian Skimmeland Aasheim	Høgde utan tilløp	1,63m	25/11

SAMANDRAG:

Tom Erling Kårbø sette oss på pinebenken då han klarte VM kravet på 3000 meter hinder berre nokre få timar før fristen gjekk ut. I ein brennheit spansk by, Andujar, med over 30 grader på stadion heldt Tom Erling hovudet kaldt, og sprang inn til ny personleg rekord på 8.27.67 . Godt under VM kravet på 8.29. Meir fortent VM-billett skal ein leite lenge etter. Dette fekk trenar Nils Hetleflåt til å slå fast at denne prestasjonen er den største levert av ein friidrettsutøvar lokalt.

Tom Erling representerte Norge og Stord på ein ypparleg måte då han 1. oktober debuterte i VM på 3000 meter hinder i Doha. Han løp sist livs løp og sette ny personleg rekord på 8.27.01 . No siktar vår VM helt seg inn på EM i Paris og OL i Tokyo.

På kvinnesida er Pernilla Epland stadig ein klar einer i Stord. Under NM på Hamar sikra langdistanseløparen frå Tysnes seg ein flott bronsemedalje på 5000 meter. Etter mange sterke løp fekk og Pernilla æra av å representere Norge under European 10000 cup i London. Ho opna sterkt og låg an til personleg rekord på 34.00 men ein kjenning i låret etter 7,6 km hindra Pernilla å fullføre. Men vi føler oss trygge på at 2020 vil gje henne både nye NM-medaljar og spennande representasjonsoppgåver med det norske flaget på brystet. EM i Paris lurar i det fjerne.

Lars Lunde har og hatt ein sterk sesong i 2019. Han har vunne Sunnhordland Maraton, Djupadalten, Karmøy Maraton og mange andre lokale løp. Men høgdepunktet var då han kvalifiserte seg til U23 EM på 3000 meter hinder i Gävle i sommar.

Det er ikkje berre på langløp Stord leverer varene. Sprintaren Jacob Vaula er i fin utvikling og bryt stadig nye barrierar. Han opplevde eit av sine aller største augneblink då han på ny gjekk til topps i Ungdomsmeisterskapet i friidrett. På Jessheim løp den eksplosive bømblingen inn til gull på tida 10.78 på 100 meter. Dessverre for sterk vind til å få godkjent ny personleg rekord. Men uansett, Vaula er i vinden og er klar til å bryte nye draumegrenser på under 7.00 på blant anna 60 meter. (Det har han alt gjort. Les 6.94)

Julian Skimmeland Aasheim har og hatt ein kanonsesong. 16-åringen hoppar både høgt og spring fort. Han er i toppen av norges-eliten i sin klasse i tresteg, høgde og på hekken. Og vinn stadig titlar i ungdomsmeisterskapa. Saman med Jacob er begge inne på det norske rekruttlagslaget. Mykje av æra deler dei begge med trenar Åge Bjelland, som tar godt vare på talenta våre. Vi ser med stor spaning fram mot 2020.

Bak desse har Stord både Erlend Kringeland, Sofie Skard, Anna Solheim, Brittanna H. Balchen og Jakob J. Molvik. Nils er ein respektert og dyktig trenar som følgjer opp desse på ein glimrande måte. Nils har og hatt fleire viktige jobbar som lagleiar og trenar for det norske friidrettsforbundet i forskjellige internasjonale meisterskap. Hans kompetanse og kontakt med forbundet held klubben vår oppdatert på kva som skjer sportsleg på høgste hold i norsk mellom og langdistanse løyping.

Sunnhordland Maraton dubla deltakartalet og følgde opp fjorårssuksessen. Løpsfesten sette fyr på Leirvik sentrum første helga i mai. Folk kranse seg rundt løypa både i sentrum, rundt Ådlandsvatnet og ute i Landåsen. Berre blider fjes var å sjå frå tidleg morgon til seine kvelden. Dette var 17 mai og alt anna på ein gong. Vi gler oss alt til 9. mai da brakar det laus



med ny løpsfest i Leirvik sentrum. Vi tør spå opp mot 1200 løparar som stiller på startstreken med stor forventningar til å oppleve bruset gjennom Borggata.

Stord friidrett har på ny lagt bak seg ein ny travel sesong med mange arrangement. Parkløpe, Sentrumsstafett, Tinestafett, Bruløpet, Stord rett opp, Stordleikene, Stordløpet og Fossatrappo opp. Høgdepunkta kjem tett. Men det krev planlegging og gode rutinar for å få dette trygt og godt i land. Saman med styret og mange andre gode medhjelparar som stiller opp klarer vi å få dette gjennomført på ein god måte. Men vi er glade for å ha Tom Erling Kårbø i «ein liten stilling» som dagleg leiar for å kunne ta under presset når det er som travlast.

Dei siste åra har me involvert oss meir i integrering. På romjulsstemnet har me invitert Heiane mottaksenter til å delta og ha ein aktiv ettermiddag i jula. I tillegg sa me i år ja til å arrangera Friidrett Grand Prix under Stordleikane og seinast har me bestemt å leggja inn eigen Team Puls klasse for utviklingshemma under Sunnhordland Maraton.

Vi merker at vi har vind i segla og vi har tette og gode band mot våre samarbeidspartnarar som trufast gir oss økonomiske musklar til både å skape bredde og topp, og ikkje minst idrettsfest i lokalmiljøet for både unge og eldre. Idrett heile livet finn vi godt forankra i vår gruppe.

Vi gler oss til 2020 og er innstilt på å brette opp ermene og jobbe hardt for at idrettsåret blir innhaldsrikt for alle.

Runar Øvrebø
Styreleiar Stord-IL-friidrett



ÅRSMELDING 2019

STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

STYRET 2019

Leiar: Jon Eirik Kvalnes

Nestleiar: Alice Aasheim

Kasserar: Kjartan Grov

Medlem: Elin Fadnes Karlsen, Marte Eldøy Ottesen, John Bathgate, Lars Aasheim

Ungdomsrepresentant: Lars Mugaas Hegland

Vara:

Styret har hatt fem styremøte i 2019, i tillegg gjer styret mykje arbeid utan å ha egne møter.



STORD IL turngruppa

Idretts glede heile livet

INNLEIING

Stord IL turngruppa har i 2019 nær 450 aktive medlemmer i alle aldrar. Turnaktiviteten finn ein i både gymsalar på barneskulane og på Vikahaugane sportssenter. Turnhallen vår ber preg av mykje bruk, og me opplever at areal og godt brukt utstyr er ei utfordring som vil auke dersom turngruppa skal halde fram med aktivitet og vekst. Turngruppa har stadig flest medlemmer blant jentene, og me opplever at mange gutar og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn, både i breiddeparti og satsingsparti som troppsgymnastikk eller apparat-turn.

Idrettslaget sitt nye slagord «Idrettsglede heile livet» er heilt beskrivande for turngruppa sin aktivitet. Dei minste medlemmene våre er to år, medan dei eldste nærmar seg 90. Aktiviteten turngruppa legg opp til, har ein unik mogleik for individuell tilpassing og alle vil ha sjansen til å finna sin plass.

Det er eit viktig satsingsområde for turngruppa å ha god kvalitet i treningane. Med ei så stor auke i medlemstal, fordrar det også at me har fokus på å oppretthalda god kvalitet i det tilbodet me gir. Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er troppsgymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette er ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa. Stadig fleire får kompetanseheving, og me har ein praksis der trenarane får delta på det dei ønskjer av kurs. I tida framover er det ei målsetting å etablere ein kompetanseplan i turngruppa for trenarar, og det må vera mogleg for foreldre som ønskjer å vera med, slik at me kan få fleire vaksne tilstade på treningane. Alle trenarane våre har trenaravtalar og vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør.

I 2019 var Stord IL turngruppa vertskap for kretsturnstemnet i Hordaland for NGTF. Dette er eit arrangement me har hatt ansvaret for før, og turngruppa vil takka alle som bidrog til ei flott arrangement i mai. Dette var forøvrig det siste kretsturnstemnet i det gamle NGTF Hordaland, sidan me i slutten av 2019 vart slått saman med Sogn og Fjordane, og danna NGTF Vestland.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2019 **441** registrerte medlemmer. Me har i tillegg **52** personar på venteliste til dei ulike barnepartia. Dette er svært populære grupper, og grunna kapasitet på halltid og trenarar, har me ikkje klart å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det. Det kan og merkast at me i 2019 har **75** avmeldte utøvarar. Meir enn halvparten av desse er i alderen 10-16 år.

Medlemsoversikt Stord IL turngruppa						
Kjønn og alder	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Jenter 0 - 5	54	64	54	39	24	32
Jenter 6-12	133	143	163	127	93	82
Jenter 13-19	31	30	8	22	9	17
Jenter 20-25	1	1	1	1		
Jenter 26+	61	66	70	66	69	53
Gutar 0 - 5	42	53	57	42	26	32
Gutar 6-12	54	66	65	68	71	93
Gutar 13-19	7	10	8	27	16	16
Gutar 20-25	1	1	0	1	2	
Gutar 26+	57	55	50	54	49	60
Total	441	489	476	447	359	385

I 2019 vart det vedtatt av NGTF at mySoft som medlemsregister ikkje lenger skal nyttast. Turngruppa starta difor tidleg i 2019 overgangen til Klubbadmin, og frå sommaren 2019 har me berre nytta Klubbadmin som medlemssystem. Det var ein stor jobb, og førte med seg ei rydding i listene. Truleg forklarar det nedgangen i aktive medlemmer frå tidlegare år, og at medlemslistene no er meir korrekte. Me er avhengig av at folk melder frå når dei ikkje er med i turngruppa vidare. Like fullt har det vore ein suksess med ordninga der medlemsskapet går til det vert sagt opp, og at ein ikkje treng å melde seg som nytt medlem kvar haust.

TRENARSITUASJON

Turngruppa vil takka alle instruktørane våre for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre og foreldre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Turngruppa har stor utskifting i trenargruppa kvart år, då fleire av trenarane våre lyt takka for seg av ulike årsaker som utdanning, militær og jobb. Turngruppa har vurdert ulike løysingar for stabil trenarressurs, og med trenaravtalar, ordna system for løn og tilbod om kompetanseheving meiner me at det går rett vei. Turngruppa manglar ein kompetanseplan, og ønskjer å setja fokus på det komande år. Mot slutten av 2019 er me 29 instruktørar og hjelpetrenarar fordelt på 19 tilbod.

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.

I breiddepartia har me i stor grad nytta troppsgymnastar som hjelpetrenarar. Desse er veldig viktig for å halda ro og orden i partia, samt å bidra til inntrening av element. Hjelpetrenarane våre får tilbod om å delta på kurs, og me håpar at desse vert med som hovudtrenarar etter kvart som dei vert eldre.

Eldsjeler som stadig er å sjå i hallen, er framleis ein stor ressurs i turngruppa. Desse hjelper til der det trengs, dei har eigne barneparti og trør alltid til dersom det er behov for det ved opp- og nedrigging, rydding og anna. Me er svært takksame for det arbeidet dei gjer.

Apparat- og Troppsgymnastane våre har dei siste åra blitt delt inn i grupper i høve nivå, alder med meir. Dette har ført til meir effektive treningar, og me har fått plass til fleire gymnastar i gruppene. Dei syner ei flott utvikling og med dyktige trenarar har me tru på at desse kan få flotte år som konkurranseturnarar. Konkurransegruppene har fått med seg fleire foreldre på treningane, noko som gjer det mogleg med bidrag til auka kvaliteten i treningane.

Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.

AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

- Seriekonkurranse vart arrangert på Stord i mars
- Kretsturnstemnet til NGTF Hordaland vart i 2019 arrangert av turngruppa
- Turngruppa bidreg med dugnad til Handballfestivalen
- Vedlikehald i turnhallen har krevd mange dugnadstimar
- Juleoppvisninga på Vikahaugane vart arrangert 8.desember

HEIDERSTEIKN

I Stord IL turngruppa har me i 2019 hatt glede av to tildelte heidersmerker.

Bjørg Bjelland Grov vart tildelt heidersteikn i gull frå Stord Idrettslag på sin eigen 75-årsdag. Bjørg har gjennom svært mange år vore ein viktig instruktør og ei viktig drivkraft for mosjonsidretten og breiddepartia i turngruppa. Ho har, og er, eit flott førebilette for både instruktørar og gymnastar i gruppa vår og har vore ein viktig mentor og inspirator over fleire ti-år i turngruppa. Bjørg er framleis aktivt medlem i turngruppa og deltek saman med stemnedamene på arrangement i både inn- og utland.

Kjartan Grov vart tildelt Noregs turn- og gymnastikkforbund si kretsfortenestemedalje i sølv på juleoppvisninga til turngruppa 8.desember 2019. Kjartan har gjennom mange år vore ein viktig drivkraft for turngruppa sitt arbeid på Stord. Han har gjennom sitt engasjement i Stord, også vore interessert og bidrege positivt til kretsen sitt arbeid i Hordaland. I Stord turn har han hatt fleire roller dei siste 25 åra, blant anna som gruppeleiar, styremedlem og instruktør på foreldre/barn-grupper. I tillegg er han eit framifrå JA-menneske som alltid stiller opp på aktivitetar som turngruppa deltek i eller har ansvar for. Dei siste tre åra har han vore, og er fortsatt, kasserar i turngruppa. Han er eit drivjern som framleis yt mykje arbeid lokalt i Stord IL, og ikkje berre i turngruppa.

Styret i turngruppa ønskjer å gratulere nok ein gong med heidersteikna.

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



TRENINGSTILBOD OG TRENAROVERSIKT 2019/2020

Parti	Instruktører	Stad
Foreldre og barn 3-4 år	Malene Aasheim, Rebecca Hedin	Leirvik
Foreldre og barn 3-4 år	Marta Lindeflaten Dahl, Linda Lundås Skjelbred	Langeland skule
Foreldre og barn 3-4 år	Kjersti Otteraaen Ystad, Lina Danmo Hystad	Hystad skule
Foreldre og barn 4-5 år	Jon Eirik Kvalnes, Anders Langeland	Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Alice Aasheim	Leirvik skule
Turn jenter 1.-2. klasse	Kaja Skjønberg, Hedda Myklebust	Turnhallen
Turn jenter 3. klasse	Kaja Skjønberg, Hedda Myklebust, Tora Eik Breirem og Eline Røstbø Treeck	Turnhallen
Turn jenter 4. klasse	Marielle F Kvalnes, Beate Torkkelsen, Elena Valvatne og Linnea Nesbø	Turnhallen
Turn gutar 1.-2. klasse	Kristian Lunde, Lars Mugaas, Lars Mugaas Hegland, Paul Skjønberg og Henning Nielsen, Karl Grov	Turnhallen
Turn gutar 3.-4. klasse	Marielle F Kvalnes, Jostein Aadland, Beate Torkkelsen, Elena Valvatne og Linnea Nesbø	Turnhallen
Trampett/tumbling gutar/jenter 5.-10.klasse 4 parti fordelt etter alder	Thea Elise Paulsen, Linnea Nesbø, Karl Grov, Mari Hillestad.	Turnhallen
Vaksenparti		
Stemnedamene	Rullering	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås	Vikahaugane
Konkurranseparti		
Apparat turn, aspirant, rekrutt	Jan Roar Hovland, Andreas Aas, samt Paul Skjønberg og John Bathgate som vikar. I tillegg har Tobias Mortensen vore med som hjelpetrenar	Turnhallen

Troppsturn rekrutt <13 år	Lars Mugaas Hegland, Karoline Frederich, Eline Røstbø Treeck og Thea Elise Paulsen. I tillegg har Vidar Sagen-Roland vore med som hjelpetrenar.	Turnhallen
Troppsturn junior >13 år	Lars Mugaas Hegland, Karoline Frederich og Lars Aasheim. I tillegg har	Turnhallen

Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbodet til turngruppa har dei siste åra hatt noko ulikt tilbod. Dette tilbodet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2019 har me hatt tre 3-4-årsgrupper og to 5-årsgrupper. Dei har hatt treningane sine på Hystad, Leirvik og Langeland skule. I oppstarten var det ventelister, men etter oppretting av ei ekstra gruppe på Langeland har me klart å gi tilbod til dei fleste som ønskjer å drive med turnleik. Me har noko venteliste på dette tilbodet ved slutten av 2019.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder. Enkle øvingar som framlengs rulle, balanseøvingar og hopp på springbrett er på planen. Samstundes nyttar me mykje tid på å gjera ungane trygge i uvante posisjonar, ved til dømes å stå på hovudet, ta baklengs rulle med meir. Her får dei sjansen til å utvikla seg ut frå eige ønskjer og nivå. Nokre er allereie starta med hjul og flygerulle på brett.



Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.
(Langeland skule 3-4-årsgruppa)

Jenter turn 1.-4. klasse

Våre store grupper er blant jentene. Gruppene mellom 1. og 4.klasse er delt mellom jenter og gutar. Dette har vore gjort sidan gutane trenar i større grad grunnleggjande mot apparat-turn, medan jentene trenar meir mot troppsgymnastikk. Gruppene tel 25 gymnastar på det meste, og det er ventelister på alle jentegrupper. Jentene i 1. og 2. klasse trenar saman, medan 3. og 4.klasse har eigen treningstid.

På treninga er hovudøvingane på trampett, tumbling og frittstående-feltet. Treninga inneheld ei god blanding av turnleik, med innøving av enkle og grunnleggjande turnelement som framover og baklengs rulle, slå hjul, salto, flikklakk med meir. Gruppene våre mellom 1. og 4.klasse er den største rekrutteringa me har til konkurranse-gruppene våre.

Utfordringa til trenarane på alle gruppene er areal til å ha gode treningar. Difor har turngruppa leigd ekstra areal i løpebanen i nyehallen, og dette har frigjort noko rom til å ha oppvarming, airtrack og anna trening i arealet.

Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane frå 1.-4.klasse har vore delt inn i to grupper, slik som tidlegare. Ei gruppe med 1.-2.klasse og ei gruppe med 3.-4.klasse. Ved oppstart hausten 2019 var det 25 deltakarar som var påmelde. Det har vore noko fråfall og nye er kome inn i gruppa, og dei var om lag 20 gutar på juleoppvisninga.

1.-2.klasse gutar

Partiet er stadig populært. Me startar med dupleikstrening, og legg opp til enkle grunnøvingar som rulle framover og bakover, handstående, baning av flikkflakk, satstrening, hopp over bukk og kasse og førebunde satstrening til salto framover. Det er dels stor nivåskilnad på gutane, ikkje berre at det kan vera eitt års skilnad innad i gruppa, men nokre har det «med seg» når det gjeld stil og, og her må me setja saman noko som er enkelt og raskt å gjennomføra i høve til tida me får på golvet.

Heilt til skrivande stund, kjem det nye inn på partiet som no tel 22 gutar. Det vil alltid vera gutar som peikar seg ut som gode turnemne, der også foreldra viser stor interesse. Men me er usikre på om turngruppa har kapasitet til å ta i mot deira ønske, interessa deira er stor til å læra turn. Me har i år fleire som me må få til å gå vidare og få prøva seg i apparat. Me vil etter vinterferien starta med litt apparattrening.

3.-4.klasse gutar

Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement. Det har vore nokre utfordringar knytt til ro og orden i gruppa, men gjennom eit foreldremøte og trygging av trenarane, samt eit tettare samarbeid med apparat-gruppa, har gutegruppa fått eit godt treningsmiljø og høgare trivnad.

Nokre av gutane har fått tilbod om å trena med konkurransegruppene våre, både troppsgymnastikk og apparatturn.

Jenter/ gutar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

5.-10. klasse er delt i fire grupper etter klassetrinn. Fokus i treningane er tumbling og trampett. Alle gruppene er med jenter og gutar saman. Det har vore ei utfordring med veldig få gutar i forhold til jenter, og i 5.klassegruppa er det berre to gutar. Gutane seier sjølv og visar at dei trivst godt, sjølv med mange jenter! Det visar seg gjentatt i dei andre gruppene at det er få gutar som vel å melda seg på turn i denne alderen. Det gjorde at me hausten 2018 vedtok å ta inn alle gutane som var på venteliste og gi dei tilbod om trening. Ventelistene har difor ingen gutar i denne alderen.

I byrjinga i haust tok me ein runde og spurte alle gymnastane kva mål dei hadde for hausten. Me prøvar å leggja til rette slik at mange mål kan bli oppfylt! Dette inneberer teknikk, styrke og øving i elementet. Etter jul spurte me det same spørsmålet, og måla som går igjen hjå mange er flikklakk, stift og baklengssalto.

For å få variasjon i treninga plar me å ha forskjellige oppvarmingsmetodar, og så noko som gymnastane får lov til å velja sjølv. Ettersom me er 3-4 trenarar på gruppene, delar me gruppene inn og lagar 2 eller 3 stasjonar. I løpet av treninga får dei vore gjennom alle tre stasjonane. Tøying og styrke er også ein viktig del av treninga deira, både for å førebyggje skader og få betre flyt i turninga.

Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Desse trenar henholdsvis på Hystad skule og i gamlehallen på Vikahaugane sportssenter. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltakarar.

Partia har 2 treningskveldar i veka, og ligg på mellom 18 – 24 på kvar trening. Øvingsutvalet spenner seg frå oppvarming, balansetrening, styrke i ankel-, legg-, lår-, sete- mage- og ryggmuskulaturen i tillegg til bøye- og strekkmuskulaturen i armane. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsovingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjellettmuskulaturen.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp. Gruppene har stabil medlemsmasse, og tek gjerne imot fleire medlemmer. Her får du ei real økt, godt for både kropp og sjel.

Turngruppa oppmoder alle som ønskjer å utfordra seg sjølv på ei god treningsøkt om å vera med, dette er ordentlig god trim.

Aerobic, zumba og step

Kvar måndag og onsdag fyller om lag 60 damer frå 16 år og oppover gamlehallen med aerobic og step - styrketrening og kondisjon. Treningane er særskild populære, og gruppa er nokså stabil. Det er enno plass til fleire.



(Stemnedamene i aksjon på vaksenturnstemnet på Stord mai-19).

Stemnedamene

12 medlemmer av turngruppa til Stord Idrettslag trener saman kvar måndag klokka 20 – 21 i turnkassen. Det er liten golv plass der, men sidan me er så få går det greitt. Me driv med programtrening etter fast oppsett, og kvart år er det nye program som må lærast, alt etter kva stemne me skal delta på. I 2019 har me trena på program til turnstemnet på Stord i mai, samt til Gymnastrada i Dornbirn, Austerrike i juli.

Stemnedamene deltok i høve vaksenturnstemnet som turngruppa arrangerte på Stord i mai. Det vart ei vellukka helg, til trass for kort planleggingstid. Gruppa er også mykje delaktig i ulike dugnadar og arrangement der flittige hender trengs. I 2019 har dei delteke på serveringsdugnad på Kværner si 100-årsfeiring, billettsal ved juleoppvisninga til turngruppa med meir.

Gymnastrada i Austerrike vart ei stor oppleving for stemnedamene, og det er no åttende gymnastrada damene reiser til. Det er 28 år sidan første turen. Turen til Austerrike var sman med over 20 000 deltakarar. Arrangementet har oppvisningar, sightseeingar og felles samlingar.

Stemnedamene er ein positiv gjeng med høg alder og godt humør. Me ser lyst på det meste og er velvillige til å yte hjelp og delta på dugnader.

Konkurransetropp i troppsgymnastikk

For konkurranseforma troppsgymnastikk, har me i 2019 arbeidd vidare med trenarteamet Lars Mugaas Hegland, Lars Aasheim og Karoline Frederich. I tillegg har juniorgymnastane Eline Røstbø Treeck og Thea Elise Paulsen blitt meir involvert i trenarsida for rekruttane. Det vil vera særst viktig framover at me jobbar med kompetanseheving hjå eigne gymnastar som ønskjer å bidra som trenarar. Troppen har om lag 30 aktive gymnastar i klassane aspirant, rekrutt, junior og senior. I troppsgymnastikk vert det konkurrert i apparata trampett, tumbling og frittstående, og det har aldri tidlegare vore så mange aktive troppsgymnastar i turngruppa.

Trenarstaben har delt på oppgåvene på ein god måte, og med ei positiv haldning til nye utfordringar, er det mogleg for turngruppa å halde på tilbodet om troppsgymnastikk i åra framover.



(Lagbilete Stord troppsgymnastikk nov-2019)

I tumbling og trampett fortset troppen sin gode framgong. Grunnlaget ligg i gode mogleiker for kvalitetstreningar med riktig utstyr og god planlegging. I frittstående må gymnastane bli kjend med stadig nye omgrep innan vansker, musikalsk tilnærming og posisjoner. Gymnastane har synt at dei tek utfordringane svært godt.

I 2019 gjennomførte turngruppa eit organisert uttak til troppsgymnastikk. Det vart lagt opp til påmelding via trenarane sine på breiddegrupper, og me hadde ei samling i turnhallen der alle fekk prøvd seg i apparata. Det gjorde at me fekk fleire gutar og jenter med i frittstående, tumbling og trampett. Dei nye gymnastane har teke utfordringar på strak arm, og syner mykje

flott framgang. Troppen har også eit godt sosialt miljø, og nye gymnastar vert tatt imot på ein god måte frå dag 1.

For å få til gode treningar, er ein heilt avhengig av gymnastar som ønskjer å utvikla seg. Under trening vert det forventa at gymnastane stiller førebudd, har korrekte klede og gir beskjed dersom dei vert fråværande. Brot på reglement og fråvær kan føre til at gymnastane ikkje kan stilla i konkurransar. Difor har alle gymnastane fått samtale med trenarane der ein snakkar om forventningar, målsettingar og kva som må liggja til grunn for å fortsetja satsinga med konkurranseturn.



Gymnastane jobbar med ulike vanskar og element, ut frå sine føresettingar.

Nokre har gjort store framskritt siste året, og turngruppa kjenner seg trygg på at troppen går ei kjekk tid i møte. Det vert jobba mykje med mental trening og korleis eit lag fungerer som eit team. Juniortroppen har slitt med sperrer, nervøsitet, angst for å feile og frykt for å falle i lang tid.

Refleksjonsskjemaer, anerkjennelse av følelser, lagarbeid og jevnlig samtaler er difor ei svært sentral del av treningen. Kvart semester skal frittstående oppvarmingane vera innøvd i løpet av dei to første aktive vekene. Det vert krevd av gymnastane

at dei møter på trening, reflekterer over tidlegare økter og øver på dei fire oppvarmingane som skal nyttast i komande semester. Oppvarmingane blir filma, og det vert venta at gymnasten tar seg tid til å fordjupa seg i semesterets tema. Alle gymnastar blir nøye informert om dette ved semesterstart og velgjer sjølv om dei vil vera med eller ikkje.

Troppen jobbar målretta vidare og har etablerte målsettingar som lag og enkeltgymnastar.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Troppen har delteke på desse konkurransane/aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Gymfest i Vest for barn	Sotra Arena	Mai
Gymfest i Vest for ungdom	Sandsli	Juni
Kretskonkurranse 1-2019		Februar
Kretskonkurranse 2-2019	Åsanehallen	April
Kretskonkurranse 3-2019		September
Kretsmeisterskap Hordaland		November
NM Kvalik Stavern	Stavernhallen	Februar

Gymnastene har også vore på ulike troppsgymnastikk-samlingar for rekrutt, junior og senior i kretsen. Junior tropp var på NM kvalik i februar 2019 og fekk kjenna på nervene korleis det er å stå i konkurranse på nasjonalt nivå. Det gjekk ikkje vegen for Stord, men vart ein flott erfaring å ta med seg vidare.

I konkurransar har Stord troppsgymnastikk følgjande plasseringar i 2019:

Konkurranse /Aktivitet	Apparat	Plassering (poeng)
Junior/senior		
NM Kvalik Stavern	Mix frittstående	Ikkje kvalifisert for NM
Kretskonkurranse 2-2019	Mix frittstående	1.plass
	Mix tumbling	3.plass
	Mix trampett	3.plass
Kretskonkurranse 3-2019	Kvinner frittstående	2.plass (13,650)
	Mix tumbling	3.plass (8,100)
	Mix trampett	3.plass (5,850)
Kretsmeisterskap Hordaland	Kvinner frittstående	1.plass (13,300)
	Mix tumbling	2.plass (11,400)
	Mix trampett	2.plass (10,750)
	Senior teamgym*	1.plass (26,100)
Rekrutt		
Kretskonkurranse 1-2019	Frittstående	3.plass
	Tumbling	4.plass
	Trampett	
Kretskonkurranse 2-2019	Frittstående	2.plass (13,050)
Kretskonkurranse 3-2019	Frittstående	2.plass (12,200)
	Tumbling	8.plass (10,950)
	Trampett	13.plass (8,000)
Kretsmeisterskap Hordaland	Frittstående	6.plass (11,900)
	Tumbling	10.plass (10,400)
	Trampett	15.plass (9,000)

* Teamgym er ei konkurranseform der ein slår saman resultat i frittstående, tumbling og trampett.

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransesgruppa i troppsgymnastikk har i 2019 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Mia	Endal	2010	Aspirant
Erle	Birkeland	2010	Aspirant
Pia	Vaula	2008	Rekrutt
Brita Sjo	Holm	2008	Rekrutt
Oline Koppang	Skartland	2008	Rekrutt
Melissa Tufteland	Haga	2008	Rekrutt
Amalie Skumsnes	Skålevik	2008	Rekrutt
Ingrid	Sagen-Roland	2008	Rekrutt
Jakob	Dalland	2008	Rekrutt
Ida Synnøve Flatås	Kvalnes	2007	Rekrutt
Pia Mathea	Lilledal	2007	Rekrutt
Hedda	Myklebust	2007	Rekrutt
Seline Molde *	Ottesen	2007	Rekrutt
Felicia Johansen	Skaar	2007	Rekrutt
Carina	Bøe	2007	Rekrutt
Hanna Lovise	Vestbøstad	2006	Rekrutt/junior
Mathilde *	Nordtveit	2006	Rekrutt/junior
Camilla *	Silden	2006	Rekrutt/junior
Mia Laukhamar	Hauge	2006	Rekrutt/junior
Haldis Evensen	Espeland	2005	Junior
Karl	Grov	2005	Junior
Tuva	Grimen	2005	Junior
Elena	Valvatne	2005	Junior
Alexander	Furuhovde	2005	Junior
Torbjørn Ottesen	Horneland	2004	Junior
Tora Eik	Breirem	2004	Junior
Marielle Flatås	Kvalnes	2004	Junior
Linnea Olsen	Nesbø	2004	Junior
Thea Elise	Paulsen	2003	Junior
Eline Røstbø	Treeck	2003	Junior
Carina *	Stautland	2003	Junior
Tiril *	Simonsen	2002	Junior
Miriam	Matre	2001	Senior
Beate Sørvik	Torkelsen	2001	Senior

Dei som er merka med * er registrert som slutta ved utgangen av 2019.

Konkurranseturn - Apparatturn

Apparatturn har fortsatt ei fin og framgangsrik aktivitet i 2019 både for satsing- og nybyrjarparti. Me har fått etablert eit godt nybyrjarparti med ivrige utøvarar som no trenar med god kvalitet. Apparatturn rekrutterer aspirantar frå gutepartia i 1.-4.klasse.

Me har i 2019 jobba for vidare utvikling av den «nye» apparatgruppa, og står fortsatt i eit generasjonsskifte, både innan trenarkrefter og utøvarar frå 2017. Dette arbeidet byrja no å visa igjen, og me ser på aktiviteten i 2019 at det byrjar å gi resultat.

Me nyttar oss og av eksterne trenarressursar. Dette arbeidet er me heilt avhengig av at må fortsetta og vidareførast framover.

To av gymnastane i satsingspartiet, Noah Hovland og Jonathan Bathgate, kan syne til gode resultat i trening og konkurranse, og var på uttakssamling for gutegruppa i haust 2019. Dei vart ikkje tatt opp i gutegruppa denne gongen, men fekk med seg verdfull erfaring og gode råd på vegen. Turngruppa legg til rette for at dei kan få nye forsøk når det er mogleg.

Me oppretta og eit mellomparti i starten av 2018. Mellompartiet er eit tilbod for dei som vil trena apparatturn på eit lettare nivå for dei som ligg mellom nybegynnerparti og satsingsparti. Partiet har veldig stort potensiale til å bli eit utfyllande stabilt og viktig parti, men i desember 2018 såg me oss nødt til å midlertidig fordela utøvarane på nybegynner og satsingsparti pga. mangel på trenar for mellompartiet. Dette må me prøva å jobba vidare med, saman med organisering av god kvalitativ hall-tid for alle parti som no til tider er ei større utfordring.

Desse gruppene vil totalt kunna betjena ca 20 utøvarar på ein god måte. Ved utgang av 2019 er me 7 utøvarar fordelt på nybegynnerparti og satsingsparti.

Det er blitt laga eit treningsprogram og treningsplan, saman med video, som lagar eit enklare grunnlag for trenarar i startfasen. På denne måten er mål at det skal bli enklare å ta i bruk grunntrening av høg kvalitet med mindre erfarne trenarar/foreldre. Saman med god tildelt treningstid i hall er mål med dette å skapa eit godt grunnlag og miljø for auka aktivitet på høgt nivå, samt å ivareta det sosiale behovet i framtida.

Bildet til høgre:

3. Seriekonkurranse i Bergen.

F.v Aspiranter Jonathan, Noah og Kristian har vist veldig gode resultater i 2019. Trenar Jan Roar Hovland bak.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransesgruppa Apparatturn har i 2019 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Kristian	Semasko	2010	Aspirant
Jonathan	Bathgate	2009	Aspirant
Noah	Hovland	2008	Aspirant
Samuel *	Evensen	2006	Rekrutt/Junior
Olav	Andresen	2011	Miniaspirant
Peter	Vedøy	2010	Aspirant
Phillip	Koppang	2010	Aspirant
Kasper	Jæger	2010	Aspirant
David *	Kallevåg-Bjerke	2010	Aspirant
Kristian Andre *	Løvland	2011	Miniaspirant
Martin *	Strauss	2012	Miniaspirant
Michael *	Anthun	2012	Miniaspirant
Jonas Angel *	Langli	2006	Rekrutt

* Er ikkje lengre aktive gymnastar ved utgangen av 2019



På bildet over ser me gymnastane i satsingsparti ved oppstilling før seriekonkurransen på Stord i mars.

Me har hatt deltakarar på desse konkurransane / Aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Seriekonkurranse Nr 1	Stord	
Regionsamling nr 1	Sandnes	15.-17.mars
Seriekonkurranse Nr 3	Bergen	
Regionsamling Nr. 2	Bergen	14.-16.juni
Regionsamling Nr. 3	Stavenger	5.-7.august

I tillegg til konkurransane over, har me prøvd å vidareføra interne treningssamlingar for apparatturn og tropp frå tidlegare år. Dette har ikkje latt seg gjennomføre i 2019, men me håpar at det kan vidareførast i åra framover.



(Trenar Jan Roar Hovland med gymnast Kristian Semasko)

Apparatgruppa er svært avhengig av trenarane som stiller opp. Turngruppa må i tida framover ta stilling til korleis gruppa skal organisere tilbodet om apparatturn. Partiet har høgt fråfall, og vert hindra i vidare vekst på grunn av manglande trenarressursar. Det vil vera ei satsing frå turngruppa si side å få til ei stabil trenargruppe som på sikt kan gi eit tilbod både til nybyrjarar, mellomparti og satsingsgruppe. Det er også eit ønskje at ein jobbar for oppretting av jenteparti innan apparatturn.

ØKONOMI

Økonomien i turngruppa er god, og gruppa leverer eit positivt årsresultat på 58 000 kroner. I 2019 har dei store utgiftene vore lønsutgifter, oppgradering av utstyr i turnhallen og kompetanseheving hjå trenarar. Særskild naudsynt oppgradering av skumgropa har krevd mykje dugnadsinnsats og innkjøp av nytt skum. I tillegg nyttar me midlar på deltaking i konkurransar og diverse sosiale aktivitetar. Turngruppa sin gode økonomi gjer det mogleg å fortsetja med kompetanseheving for trenarane og gymnastane våre med både interne og eksterne trenarar.

Det var ei målsetting i 2019 at turngruppa får utstyrt gymsalane der me har foreldre/barn-treningar slik at gruppene får mest mogleg likt grunnlag. Dette fekk me realisert i samarbeid med Sparebank1 SR-stiftinga, og turngruppa mottok 45 000 kroner i tilskot til oppgradering av utstyret samt innkjøp av hjartestartar til gymsalen på Hystad skule. Det vil vera særskild viktig for turngruppa å få til ein god samarbeidsavtale med dei som nyttar utstyret vårt utanom vår eigen treningstid, då me ser at det er stadige utfordringar kring øydelagt utstyr.

I 2017 gjorde årsmøtet eit vedtak om endring i treningsavgift. Endringa innebar ei auke i treningsavgifta, og den vart fastsett til å vera 1000 kroner per treningstime i veka, per år. Det er også bestemt ein makspris på 4000 kroner per år for junior/senior og 3000 kroner for rekruttar. Styret ser ingen grunn til å justere denne.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2019.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2019.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

VALKOMITE

Valkomite etter førre årsmøte, har bestått av André Skjønberg og Jan Roar Hovland.

Stord, dato 4.mars 2020

Stord IL, turngruppa

Jon Eirik Kvalnes
Leiar



Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2019

Sportsleg aktivitet.

- Eigne arrangement:

Rulleskirenn/kretssamling.

Kretssamling og terminfesta rulleskirenn vart arrangert for 5. gong i september 2019 i regi av skigruppa, etter avlysing i 2018 grunna kollisjon med arrangement i regi av Vossalångrenn.

I overkant av 40 spreke ungdommar - 13 til 16 år - fekk instruksjon, trening, sosial samling og inspirasjon av dyktige trenarar og leiarar. Trenarteamet var dels lokale og dels frå kretsen.

Samlinga starta som tidlegare fredag ettermiddagen med styrke-/sirkeltrening. Høgdepunktet laurdagen var rulleskitur til fjells med avslutning på joggesko opp trappene i Fossabrekko. I dei andre øktene var fokus teknikk. Kretsrennet i fristill - ope for alle klassar - avslutta samlinga sundag.

Kretssamlinga er fast inne på terminlista til Hordaland skikrets, og utgjør eit viktig bidrag til rekruttering og oppfølging av satsande skiungdom lokalt og regionalt. Svært gledeleg denne gongen at fleirtalet av deltakarane var jenter.

Tysdagstrimmen:

10 trimmekvelder frå oktober til desember vart gjennomført frå Vabakkjen i samsvar med lang tradisjon.

Siste runde i TYSDAGSTRIMMEN 2019 (34. sesong) gjekk 10. desember kl. 19.00, og vart avslutta med premieutdeling.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane Per Steinar Lunde og Audvald Kvamme. Alle namn og tider har vore på trykk i Sunnhordland.

Treningar:

Barne- og ungdomsgruppa har hatt faste treningar kvar veke med oppstart sesongen 2018/2019 etter 17. mai. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med stavar og spenst) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiing av Kjell-Inge Engvik og Øyvind Gaute Berg.

I perioden frå slutten av januar og ut februar 2019 var det gode snøforhold i lysløypa, og det vart gjennomført treningar på ski kvar veke i denne perioden.

I tillegg til barne- og ungdomsgruppa sitt breddetilbod, har Stord Ski hatt tre aktive ungdommar (ungdom/junior) som driv konkurranseidrett på ski i sesongen 2018/2019. Desse er Håkon Størkson Berg (2004), Simen Engevik (2002) og Jonas Engevik (2001). Jonas er 3. året på Voss Gymnas (toppidrett ski) og Simen er tilknytt NTG Geilo på andre året.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

Det har ikkje vore faste treningar for veteran-gruppa i sesongen 2018/2019. Det er likevel fleire som trener saman etter nærare avtale, og deltek i konkurransar sommar og vinter.

- Lokale renn på Stord:

Det vart avvikla to renn i lysløypa 2019, både barneskirenn og rankingrenn. Størst deltaking var det 31. januar (onsdag) med heile 170 startande. Den 2. februar stilte 79 små og store til start.

- Deltaking på arrangement utanfor Stord:

KM

Dei fleste av Hordaland skikrets sine krinsrenn føregår i Herresåsen på Voss og elles rundt i Voss- og Hardangertraktene. Ungdomsgjengen var hyppig representerte, og gjorde det godt i mange av renna.

Lokalt må det framhevast at Simen Engevik vart krinsmeister i M17 i klassisk stil. Rennet vart avvikla i Kvam, Sjusete, under gode vinterforhold. I seniorklassen stilte Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik, som plasserte seg høvesvis som nr. 6 og nr. 16.

Simen Engevik vart også krinsmeister i sprint, fristil. Jonas Engevik deltok også her, med gode resultat.

Norgescup junior

Jonas Engevik og Simen Engevik har delteke i Norgescup, som samlar alle dei aktivt satsande juniorane i Norge (Jonas 6 startar og Simen 8 startar). Jonas har sitt beste resultat frå sprint, medan Simen toppa sesongavslutninga med ein sterk 2. plass på 15 km i klassisk fellesstart under finalen i Norgescupen på Lygna den 31. mars 2019. Simen viste med dette at han har etablert seg på toppnivå i Norge. Både Simen og Jonas er fine ambassadørar for skisporten på Stord gjennom deltaking nasjonalt på høgaste nivå.

Andre skirenn

Skiløparar frå Stord har delteke i dei fleste terminfesta turrenna i kretsen og elles i enkeltrenn i andre kretsar (Hordaland og Rogaland). Her kan nemnast Herresåsen rundt, Haukelirennnet m. fl. Det har også vore deltaking i Birkebeinerrennet, Helterennet og Hovden tour mv.. blant veteranane. Fleire av veteranane har Birkebeinerrennet som årleg mål og Stordski var også i 2019 godt representert. Merketakarar denne gongen var Kjell-Inge Engevik, Øyvind Gaute Berg, Kjell Magnar Helland og Åsmund Hellesøy.

Breiddearrangementet Haukelirennnet samlar også mange frå Stord, både aktive skiløparar og turgåarar.

Frå alpingruppa har Erling Tyse delteke på ei veteransamling på Geilo vinteren 2019.

Andre arrangement

Hausten 2019 vart det gjennomført eit grunnkurs i bruk av rulleski på uteområdet ved Heiane mottak. To av våre ungdommar stilte velvillig opp og var sentrale i gjennomføringa. Det var godt oppmøte blant bebuarane ved mottaket, og tilbakemeldingane etter kurset var gode.

Andre saker

-Anlegg og dugnad

Prestagardsskogen: Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Engevik Byggsenter har velvillig stilt med utstyr for kosting av rulleskiløypa.

Lysløypa og Heio: Årleg dugnad vart utført seinhaustes i løysløypa (to laurdagar), med rydding av traséane for greiner, røter, steinar og anna rusk.

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyring gjennom vintersesongen, særleg Magnar Hillesdal og Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løypenettet i fjellet. Vinteren 2019 vart det køyrd løyper jamleg, både lysløypa og på Heio, i perioden frå medio januar til slutten av februar.

Prosjekt betre tilkome Heio

Årsmøte 2019 vedtok at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe med følgjande medlemmer:

- Bernt Øyvind Vad
- Magnar Hillesdal
- Stian Engevik
- Hallgeir Matre
- Odd S. Rommetveit (sekretær)

Mandatet til arbeidsgruppa skal vera greia ut om føretrekt traseval og løysing, inklusiv parkering, for betre tilkomst til Heio.

Utvalet frå årsmøtet i -19 har gjennomført både synfaringar og møte. Arbeidsgruppa konkluderte med at traseen opp gjennom Hestafossjuvet er det mest realistiske alternativet. Dette er blitt vidareført i alle møte med kommunen og dei øvrige interessentane. Ein forprosjektrapport vart ferdig frå kommunen si side i desember 2019, og skal handsamast politisk tidleg i 2020. Då trengs det nytt vedtak og ny politisk bestilling for å oppretthalda og få ny framdrift i prosjektet. Skigruppa er aktivt med vidare.

-Ymse

Heimesida: stordski.no Facebook og Skinytt

stordski.no: Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

I tillegg 2014 oppretta ei open facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til www.stordski.no og nådde eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

Skinytt: Leiar i skigruppa, Odd S. Rommetveit har sidan 2014 utarbeidd eit kortfatta informasjonsskriv til medlemmer og andre med interesse for skiidretten på Stord. I 2019 er det sendt ut løpande informasjon om arrangement som skirenn, kurs mv. til medlemmene i skigruppa frå leiar, Odd Stuve Rommetveit.

Mål- og aktivitetsplan: Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

Medlemmer: Skigruppa har i 2019 fått treningsavgift innbetalt frå i alt 31 personar.

Økonomi: Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2019.

Gruppeleiing: Etter valet på årsmøtet 18.2.2019 var styret samansett slik:

Leiar: Odd Stuve Rommetveit, valt i 2019 for 1 år.
Styremedlemmer: Bernt Øyvind Vad, valt i 2019 for 2 år. Kjell-Inge Engevik, valt i 2019 for 2 år. Jarle Haugland, valt i 2019 for to år. Kasserar, Odd Stuve Rommetveit, valt i 2019 for to år.

Øyvind Gaute Berg, Erling Tyse, Åsmund Hellesøy, Magnar Hillesdal og Odd Stuve Rommetveit (kasserar) stod ikkje på val i 2019.

Trenarar og oppmenn: Øyvind Gaute Berg, Kjell-Inge Engevik, Sigurd Sandvold og Stian Engevik.

Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2019. Styret takkar også til alle våre velvillige sponsorar:

Engevik Byggsenter AS, Kværner, ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Borgen Advokatar AS, Engelsen Entreprenør AS, Blink Hus Valvatne, SKL AS, Haugaland Kraft AS, RHS AS, Byrået AS, Sunnhordland Bil AS og Leirvik AS.

Stord, 18.2.2020

Odd Stuve Rommetveit
Leiar og kasserar

Bernt Øyvind Vad
styremedlem

Øyvind G. Berg
styremedlem

Erling Tyse
styremedlem

Kjell-Inge Engevik
styremedlem

Åsmund Hellesøy
styremedlem

Jane Haugland
styremedlem

Magnar Hillesdal
varamedlem

Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa 2019



Styret 2019

Leiar	Henning Nordfonn
Nestleiar	Håvard Kvarme
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Terje Almås
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

Andre funksjonar:

Ispreparering:	Jan Henriksen og Henning Nordfonn
Kjoskstyrar:	Frank Einar Pedersen
Stemneansvarlig:	Bjørn Dalen
Trenarar :	Terje Almås(elitegruppa)
	Kjell Storelid(talentgruppa)
	John Kvarme(juniorgruppa)
	Lene Onarheim Waage(rekruttgruppa)

Økonomigruppa:

Bjørn Dalen
Henning Nordfonn
Onar Westerheim

Medlemer:

Skeisegruppa har 43 medlemmer pr 31.12.2019

Styremøter:

Det vart avvikla 3 styremøter og eit utvida styremøte/medlemsmøte i 2019

Aktivitetar/arrangement

Årsmøtet vart avvikla 4.03.2019

Årsfesten for gruppa vart arrangert 8.05.2019

Gruppa arrangerte 2 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2019.

Skeisegruppa har i løpet av året arrangert skeiseskule kvar tirsdag for barn og unge. Det har vert mellom 15 og 30 deltakarar på skeiseskulen kvar tirsdag.



Gruppa har hatt følgjande dugnader: Parkeringsvakt Aker Stord, Vakt handballfestivalen, vedlikehald på skeisebanen

Driftsoppgåver knytta til skeisebanen

Skeisegruppa har også i år hatt ansvaret for preparering av is, snørydding i helgar og ettermiddag/ kveldstid i vårsesongen. I haustsesongen har gruppa og selskapet VIDRIV A/S hatt heile drifta av anlegget

Drift av kiosk/skeiseutleige

Gruppa har hatt kioskdrifta i publikumstida samt vakt på banen mandag, onsdag, fredag og i helgane .

Status skeisehall

Stord IL og skeisegruppa jobbar iherdig med å realisera overbygget over skeisebanen.

Idrettslaget har utført ein arealanalyse over Vikahaugane for å kunne kvalitetssikra korleis ein best kan utnytta det arealet som er der for framtidige utbyggingar. Der blir det også visualisert gjennom ein flott animasjon/film der skeisehallen er eit av dei sentrale anlegga.

Det blir jobba kontinuerleg med finansieringa av prosjektet.

Drift av skeisebanen

Vårsesongen 2019 vart særskild krevjande for skeisegruppa. I midten av februar forsvann isen etter ein mildværsperiode. Fryseanlegget var i ein slik forfatning at det ikkje greide å halda isen. Etter ei totalvurdering valgte skeisegruppa å anbefala kommunen å stengja ned anlegget for sesongen for ikkje å sløsa vekk meir energi på «nesten å ha is». Synd for den sportslege satsinga og ikkje minst for publikum.

Til Stord IL's store forskrekkelse valgte Stord kommune å leggja ned skeisebanen. Dette for å spara pengar. Det er mykje me kunne sagt om dette, men velgjer å ta dette på eit anna tidspunkt.

Etter mange møter/ide' dugnader blei Stord IL og skeisegruppa einige om å etablere eit driftsselskap.

Dette blei etablert seint hausten 2019

Selskapet fekk namnet VIDRIV a/s (Vikahaugane Drift og Vedlikehold) og har som føremål å drifta og vedlikehalda skeisebanen og i neste omgang planleggja og gjennomføra bygging av skeisehall.

26.11.2019 underteikna VIDRIV a/s og Stord kommune driftsavtalen.

I neste omgang skal me forhandla avtale som omhandlar salg av overskotsenergi frå skeisebanen sitt kuldeanlegg. Det er her heile det økonomiske grunnlaget for drift av kunstisbanen ligg.

Kundar her er Stord kommune og Hordaland fylkeskommune.

Driftsselskapet har i haust utført omfattande reparasjonar og vedlikehald av det tekniske anlegget.

Manglande vedlikehald over tid har ført til eit lite effektivt fryseanlegg og særskild korte is-sesongar.

Me føler me no har fått kontroll på anlegget og ser fram til ei normal drift framover.

Etter oppstarten 26.11.2019 har det meste fungert slik me ønskjer, med kontinuerleg is på banen og god aktivitet. Været derimot har vart særskild krevjande, men utruleg god is. (ref. brukarane)

Styret i VIDRIV:	- Styreleiar	Roy Sverre Amundsen
	- Dagleg leiar	Henning Nordfonn
	- Styremedl.	Asbjørn Tverdal, Terje Stokken

Veterangruppa år 2019



Veterangruppa kan sjå tilbake på nok eit aktivt år med mange gode resultat.

I gruppa er det i alt 6- 7 veteranar. 5 av desse har delteke på fylgjande løp:

Kretsløp : 5 deltakarar.

OC-løp i Stavanger : 5 deltakarar

NM for veteranar på Vikingskipet : 4 deltakarar

VM Sprint for veteranar i Leeuwarden : 2 deltakarar

VM Allround for veteranar i Bjugn : 4 deltakarar

NM i Vikingskipet :

Her vart det oppnådd fylgjande plasseringar

(4 distanser + samanlagt)

Onar Westerheim M70 : 5 gull

Harald Westerheim M70 :

Jan Henriksen M75 : 3 sølv 1 bronse

Kjell Håvard Belsvik M50 : 1 bronse

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



VM Allround Veteran i Bjugn :

Onar Westerheim M 70 VM-meister (16 delt)

Harald Westerheim M 70 7.plass (16 delt)

Jan Henriksen M 75 5.plass (9 delt)

Kjell Håvard Belsvik M50 : 6.plass (13 delt)

VM Sprint Veteran i Leeuwarden:

Onar Westerheim H70 sølv (18 delt)

Jan Henriksen H75 sølv (11 delt)

KM Allround på Slåtthaug:

Onar Westerheim H 70 gull

Harald Westerheim H 70 bronse

Frank-einar Pedersen H 70 4. pl

Jan Henriksen M 75 gull

Klubben held fylgjande noregs- og verdensrekordar pr. 31.01. 2019

Verdensrekordar :

Onar M65 Sprint firkamp 173,390

Onar M65 Stor firkamp 186,732

Noregsrekordar :

Onar M65 5000m 8,02.09 Hamar

Onar M65 10000m 16,34,60 Stavanger

Onar M70 1000m 1,30,36 Inzell

Harald M70 5000m 8.33.23 Stavanger

Harald M70 10000m 17.47.43 Stavanger

Årsbeste 2019

	500m	1000m	1500m	3000m	5000m	10000m
M50						
Kjell Håvard Belsvik	42,67	1.23,29	2.11,13	4,33,26	8.00.88	16.41.87
M70						
Onar Westerheim	46.23	1.33.20	2.20.97	4.59.11	8.51.96	
M70						
Harald Westerheim	50.63	1.39.31	2.30.03	5.08.78		
M70						
Frank-Einar Pedersen	54,33	1.50,26	2.48.53	6.00.58	10.36.39	23.25.23
M75						
Jan Henriksen	48.73	1.40.78		2.38.32	6.02.58	10.33.00 22.06.89

Elitegruppa

Elitegruppa har denne sesongen vert i stor endring. Magne Notland og Espen Brask Nordfonn la skeisene på hylla etter 2018-2019 sesongen. Elitegruppa har vert på treningssamling på Hamar i sommar og mange turar til Stavanger i haust. Dei har deltatt på løp på Stord, Bergen, Stavanger, Hamar, Calgary, Asker, Heerenveen, Tønsberg, Groningen, Oslo og Trondheim

Magne Notland

Magne har satset skøyter for Stord IL Skeiser fra Stord, Oslo og Calgary de siste årene. Han har gått løp i NM, Norges Cup, Internasjonale løp i Inzell, Calgary og andre steder. Magne valgte å legge opp som skøyteløper våren 2019

Personlige rekorder:

500m	36,60
1000m	1.11,04
1500m	1.48,24
3000m	3.53,23
5000m	6.41,93
10000m	15.44,20

Magnus Brask Nordfonn

Magnus har det siste året satset med privat laget «Team Sprint» og deltatt på mange samlinger på Hamar og Stavanger. Han har slitt mye med sykdom dette året. Magnus har satt personlig rekord på 500 meter og 1000 meter denne sesongen.

Personlige rekorder:

500m	37,06
1000m	1.13,56
1500m	1.59,49
3000m	4.18,78
5000m	8.00,80





Espen Brask Nordfonn

Espen har de siste årene satset skøyter i Canada og Norge og representert Stord IL Skeiser i NM, Norges Cup og Internasjonale løp i Inzell og Calgary i Canada. Espen valgte å legge opp som skøyteløper våren 2019.

Personlige Rekorder:

500m	36,76
1000m	1.12,85
1500m	1.51,97
3000m	4.10,86
5000m	7.36,88
10000m	18.21,70

Olav Nylund

Olav har nå startet på studier i Stavanger og har redusert sin satsning noe. Han har gått noen løp i Stavanger. Han har satt personlig rekord på 1000 meter denne sesongen.

Personlige rekorder:

500m	39,09
1000m	1.18,83
1500m	2.02,45
3000m	4.30,51
5000m	7.55,37
10000m	16.36,04

Marcus Kvarme:

Marcus er kretsmeister i allround for Hordaland for året i junior B. Han har satt personlig rekord på alle distanser. Han ble nr 8 i NM allround for junior på Hamar.

Personlige rekorder:

500m	38,60
1000m	1.15,18
1500m	1.55,19
3000m	4.01,24
5000m	7.00,67
10000m	17.21,77



Erlend Belsvik:

Erlend går også dette året på vidaregåande skule i Stavanger og er med i Team Sørmarka med base i Stavanger. Erlend har satt personlig rekord på alle distanser dette året. Han ble tatt ut til NM allround Junior i 2019. Ble nummer 5 på fellesstart i LM.

Personlige rekorder:

500m	39,36
1000m	1.18,17
1500m	1.57,73
3000m	4.10.21
5000m	7.26,11
10000m	14.54,03



John Granli

John Granli har satt personlig rekord på alle distanser denne sesongen. Han ble nummer 6 i NM Allround Junior på Hamar. Han vart også kretsmeister i junior B

Personlige rekorder:

500m	38,52
1000m	1.14,13
1500m	1.54,75
3000m	4.05,52
5000m	6.59,30



Thomas Haraldsen:

Thomas har trent godt deltatt på mange løp på Stord, Bergen og i Stavanger. Han fekk sølv i KM senior

Personlige rekorder:

500m	50,43
1000m	1.42,25
1500m	2.36,33
3000m	5.48,15
5000m	11.15,11



Dina Storelid

Dina har i løpet av året satt personlig rekord på alle distanser. Ho har representert Norge i Viking Race i Heerenveen og landskamp på Hamar. I landsmesterskapet vant ho sølv på fellesstart, sølv på 1500 meter og bronse på 1000 meter.

Personlige Rekorder

500m	44,82
1000m	1.27,59
1500m	2.13,72
3000m	4.48,31



Simen Storelid

Simen fortsetter sin framgang. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året. Han vant sølv på 3000 meter KM allround.

Personlige Rekorder

500m	45,44
1000m	1.30,94
1500m	2.17,22
3000m	4.42,92
5000m	8.23,81



Samuel Waage

Samuel har satt personlig rekord på alle distanser dette året. Samuel ble nummer 5 på fellesstarten i landsmeisterskapet dette året.

Personlige Rekorder

300m	30,23
500m	46,06
1000m	1.31,12
1500m	2.22,85

Årsmelding 2019 – Stord Volleyball



Nokre glimt frå 2019.

STYRET

Svein Andersland – leiar

Bendik Sierra - nestleiar

Kjetil Djuve - trenaransvarleg

Katarzyna Kaczorowska – arrangement-/kioskansvarleg

Jannike Maraas - økonomiansvarleg

Åshild Giving – skrivar

Bente Lunde - styremedlem

Ingrid Synnøve Ladehaug (til juni)/Adrian Sørdal Misini - ungdomsrepresentant

Marie Aadland Djuve - ungdomsrepresentant

MEDLEMAR

Det var registrert om lag 70 medlemer i sesongen 2019/20.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

LAG OG TURNERINGAR

Det er etablert ein eigen **sportsplan** som eit rammeverk for all sportsleg aktivitet i volleyballgruppa. Sportsplanen er vedlagt årsmeldinga.

Lag deltatt i seriespel

- J17. Trenar Endre Bjørn Ladehaug. Hjelpetrenarar Aud Jorunn Vedøy og Kjetil Djuve
- Dame 3. div. Trenar Endre Bjørn Ladehaug. Hjelpetrenar Aud Jorunn Vedøy
- Dame 2. div. Trenarar Turid Verdal og Ane Myhre Storebø
- Herre 2. div. Trenar Øyvind L. Storebø. Hjelpetrenarar Bendik Sierra og Håvard Utbjoe Andersland
- Herre 3. div. Trenar Øyvind L. Storebø. Hjelpetrenarar Bendik Sierra og Håvard Utbjoe Andersland

I tillegg har det vore treningar for:

- U15 gutar og jenter, ei trening i veka. Trenar Adrian SørDAL Misini. Hjelpetrenarar Lovise Nordtveit og Marie Aadland Djuve
- G17. Starta opp haust med egen treningstid, men få folk på trening kombinert med manglande fast trenar, så blei denne treninga slått saman med herrar trim, 1 gong i veka (torsdager).
- Teknikktrening, 1 gong i veka. Open for alle. Trenar Håvard Utbjoe Andersland
- Open dame- og herretrening, mandager. Ansvarleg (og trenar) Bendik Sierra, Åshild Giving
- Open dametrening, onsdager (igangsatt heilt på slutten av 2019). Ansvarleg Elisabeth Nonås Fylkesnes
- Open herretrening, torsdager. Ansvarleg (og trenar) Kjetil Djuve

Nedanfor er det meir utfyllande rapportar frå treningsgruppene.

Dame senior 2. og 3. divisjon

Sesongen 2018/19 enda med 7. plass i 2. divisjon. Det var mange jamne kampar der ein akkurat missa setta eller sigeren – laget vann 4 av 14 seriekampar og fekk 6. plass i rankingturneringa. Laget har bestått av ein mix av senior og juniorar. Ein har sett ein fantastisk progresjon og stabilitet hos juniorane, noko som har vore kjekt å følge. Spelende trenarar har vore Ane Myhre Storebø og Turid Verdal. Laget fekk tilbod om plass i 2.divisjon sesongen 2019/2020, men valte heller å stille lag i 3. divisjon. Dette grunna at fleire seniorar har valt å takke for seg etter mange år på damelaget. Nokre av J17-spelarane har flytta vekk på skule og dermed vart spelarstall for tynn i ein divisjon som krev mykje tid og ein stabil spelarstall.

Ein må spesielt nemne Gry Tuset som har vore ein ressursperson i gruppa både som trenar, spelar, styremedlem - ho har vore med ca. 23 år. Andre som har ein del av laget i lang tid, mellom 7-12 år, er Turid Verdal, Marianne Velure, Ane M Storebø og Ruth Løvø Steinsvåg. Siw Haaland og Katarzyna Kaczorowska har delvis vore med på 3. divisjonlaget hausten 2019.

3. divisjonslaget sesongen 2019/20 er i hovudsak J17-spelarar.



Frå seriekampen 3. divisjon mot Bryggen 27. oktober 2019.

Herre senior 3. divisjon 2018/19 og 2. divisjon 2019/20

Stordherrene vart suverent seiremeister i 3. divisjon. I siste serierunde i Norheimsund vann Stord alle fire kampane inkludert finalen 2-0, og tok heim ein klar førsteplass i serien med opprykk til 2. divisjon. Laget er ei god blanding av yngre og eldre spelarar.

I sesongen 2019/20 har laget møtt betre motstand ein divisjon høgare, men har lenge kjempa om medaljeplassering. Det er godt oppmøte på treningane, mellom anna er det rekruttert fleire frå nyskipinga open herretrening. Laget tok sølv i H3-klassen i Vestcup i Stavanger. Hovudtrenar er Øyvind L. Storebø, med god assistanse frå Bendik Sierra og Håvard Utbjøe Andersland.



Dei glade serievinnarane sesongen 2018/19. Bak frå venstre: Jan Magnus Kleppe, Håvard Utbjøe Andersland, Adrian Sørdal Misini, Adrian Holm Nes, Vegard Vatna Selvåg, Anders Kalleklev Voreland, Bendik Sierra. Foran frå venstre: Øyvind L. Storebø, Erik Nilsen Onarheim, Anders Engevik Haga, Tor Våge.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

Jenter U17

Våren 2019 haldt fram der hausten 2018 slapp: To lag stiller på alle turneringar. Klubben arrangerte Serierunde#3 tidleg i januar, det er kjekt å spele på heimebane.

Regionsmeisterskapet vart arrangert seinare i januar av Gneist, men denne gongen var andre lag for sterke slik at dei ikkje vart kvalifisert til NM. Det var ei kjekk oppleving for alle som var med å overnatte på hotellet på Sandsli. Enkelte spelarar hospiterte også på damelaget. Hausten 2019 baud på endringar. Fleire spelarar flytta til andre skular utanfor øya og var ikkje ein del av dei jamne treningane. Til seriehelger derimot har fleire delteke i Stord-drakta. Der førre sesong hadde to relativt segregerte lag og treningsgrupper har sesongen 2019/2020 viska desse skiljene bort. Treningsgruppa er blitt ein mykje meir homogen ungdomsflokk. Spel i 3.div senior har bidrege sterkt til dette. Dessutan er spelarane i sportsleg utvikling slik at lagsamansettinga ikkje er like fast som andre sesongar.

Trenar har vore hovudsakleg Endre Bjørn Ladehaug, godt hjulpen av Aud Jorunn Vedøy, særleg kring kamphelgene. Geir Mosaker har vore uvurderleg oppmann.

V2019: ca 22 spelarar jamnleg innom treningane

H2019: ca 14 spelarar jamnleg innom treningane

U13 og U15

Denne sesongen har det vore mange nye spelarar, og me har vore 6 – 12 stk. på treningane. Det var vore kjekke treningar, men har ikkje deltatt i seriespel. Me trener ein gong i veka på måndagar. Hovudtrenar denne sesongen har vore Adrian SørDAL Misini, og hjelpetrenarar Lovise Nordtveit og Marie Aadland Djuve.

G17/Herre trim

Det har vore få gutar U17 hausten 2019. Torsdagstreninga har difor blitt slått saman med herre trim, med god blanding av tidlegare volleyballspelarar og yngre spelarar. Kjetil Djuve har vore ansvarleg og trenar for gruppa.

Open dame- og herretrening

Hausten 2019 vart det satt i gang tilbod om opne dame- og herretreningar, med mål om låg terskel for deltaking og treningsavgift. Treningane har i hovudsak vore på måndagar, med høve for trening på onsdagar. Utan særleg marknadsføring har dette tilbodet blitt svært populært, og det har vore opptil 30 stk på måndagstreninga. Rekrutteringa her har styrka herrelaget med fleire spelarar. I tillegg har ei damegruppe fått lagt inn ei ekstra trening med tanke på å kunne delta i seriespel. Hovudtrenarar har vore Åshild Giving og Bendik Sierra.

Smash-Off 31. aug – 1. sept 2019 i Øystese

Smash-off markerer sesongstart og første høve for å kvalifisere seg til regionslaget U16.

Gledeleg nok var det fleire deltakarar frå Stord. Desse var Tuva Giving Iversen, Sander Giving Iversen, Marte Halwe, Nanett Halwe.

Åpningsturneringen i Bergen 22. september 2019

U17-jentene våre tok bronsemedalje i U19-klassen i tradisjonsrike Åpningsturneringen i Bergen. Laget vart nummer 2 i puljespelet, og vann bronsefinalen 2-0 mot Blindheim 1. I U17-klassen på laurdagen hamna laget på 8. plass.



Glade jenter som med flotte bronsemedaljar. Bak frå venstre: Tuva Giving Iversen, Juste Ivanuskaite, Ingrid Synnøve Ladehaug, Marie Aadland Djuve, Lovise Nordtveit, Marie Remine Theisen Kristensen. Foran frå venstre: Margrete Mosaker, Nanett Halwe, Malene Sørli.

Vestcup i Stavanger, 15. september

Herrelaget slo til med med sølv i H3-klassen i Vestcup. Ei god blanding av junior- og seniorspelarar vann alle kampane fram til finalen mot Finnøy. Her vart det knepent tap i to sett.



Herrelaget med sølv i VestCup. Bak frå venstre: Eirik Nilsen Onarheim, Øyvind L. Storebø, Bent Bratthammer, Håvard Utbjøe Andersland, Bendik Sierra, Endre Engen. Foran frå venstre: Adrian Sørdal Misini, Tobias Meland, Ronny Haugland Hermansen, Tor Våge, Sander Giving Iversen.

Regionslag U16, Oslo 11.-13. januar 2019

NM U16 for regionlag gjekk av stabelen i Oslo i januar. Stord var representert på Hordaland sitt jente- og gutelag med Nanett Halwe, Juste Ivanauskaite og Adrian Sørdal Misini. Alle tre leverte gode bidrag til sine lag. Jentelaget til Hordaland klarte til slutt bronsemedaljar med 2-0 i bronsefinalen mot Trøndelag. Gutelaget hadde litt meir stang ut og endte til slutt på 6. plass. Det relativt unge laget leverte likevel tidvis god volleyball. Me gratulerer alle tre med flott innsats og gode resultat. Det er til god inspirasjon for arbeidet som blir lagt ned i Stord Volleyball.



Adrian Sørdal Misini, Nanett Halwe og Juste Ivanauskaite med flott innsats i NM for regionslag U16.

ARRANGEMENT

Kværner HobbyVolley vart arrangert 30. mars (nr 38) og 16. november (nr 39). Vårturneringa trakk 44 lag, medan haustturneringa hadde rekordpåmelding med 51 lag. Turneringa er eit felles løft for volleyballgruppa og involverer stort sett alle laga i gruppa.

Yngre serierunde U17 nr 3 for sesongen vart arrangert 5. januar 2019 med Stord Volleyball som teknisk arrangør. Stord stilte med to jenter U17-lag i denne serierunden og endte på 4. og 8. plass. Serierunden vart delt med Sveio som arrangerte for gutar U17.

SkuleVolley 4. november 2019

SkuleVolley er ei nyskaping for Stord Volleyball, og eit direkte resultat av klubbutviklingskvelden som vart arrangert 4. september. Initiativtakarar og pådrivarar har vore våre yngre spelarar Marie Aadland Djuve, Lovise Nordtveit, Margrete Mosaker og Adrian Sørdal Misini, med god bistand frå Bendik Sierra. Skuleungdom født 2002-2004 vart invitert og måndag 4. november stilte seks lag frå Rimbareid ungdomsskule, Nordbygdo ungdomsskule, Stord ungdomsskule og Stord vidaregåande skule til turnering og mykje moro i Gamlehallen. Arrangørane melder om god innsats og fornøgde ungdomar som fekk med seg mange kampar, godt utval i kiosken og ein aktiv måndag ettermiddag/kveld.

Jule- og sommaravslutning

Sosiale arrangement er viktig for volleyballgruppa og tradisjonen tru vert det arrangert felles avslutning til sommar og jul. Dette samlar særleg dei yngre laga med felles aktivitet med turneringsspel i Gamlehallen før ein god matbit etterpå. Ungdomsrepresentantane Marie og Adrian i styret organiserer og arrangerer.

Aktivitetskveld for bebuarar på Heiane Mottak (inkluderingsmidlar)

Stord Volleyball fekk frå hovudlaget tildelt inkluderingsmidlar til bruk for lokale asylsøkjjarar. Inkluderingsmidlane kjem frå NIF Flykningefond. Bebuarar vart invitert til to treningsøkter i november/desember. Det deltok seks personar første økta, medan ingen møtte andre kvelden. Det var likevel positive tilbakemeldingar på arrangementet.



Frå juleavslutninga 16. desember 2019. Tradisjonell juleturnering med blanda lag. Pizza og premieutdeling som avslutning etterpå.

KURS

Trenarkurs gjennomført i 2019

- Endre Bjørn Ladehaug - Trenar 2
- Anders Kalleklev Voreland - Trenar 1
- Adrian Holm Nes - Trenar 1
- Kjetil Djuve - Trenar 1

Dommarkurs gjennomført i 2019

Dommer 1, 8-10. februar 2019, Bergen

- Endre Bjørn Ladehaug
- Ingrid Ladehaug
- Malene Sørli
- Marie Aadland Djuve
- Roger Haugland Hermansen
- Tobias Meland
- Tor Brakedal Våge
- Tuva Giving Iversen

Klubbdommarkurs 25.03.2019

Heile 45 deltakarar var med på klubbdommarkurset som me fekk i stand i samarbeid med Hordaland Volleyballregion. Svein Gunnar Bolstad var kurshaldar og hadde ein grunnleggjande gjennomgang av dommaroppgåver med teori og litt praksis. Kjetil Djuve organiserte kurset frå volleyballgruppa si side.



Klubbdommarkurs med miks av teorigjennomgang og praktisk dømming i Gamlehallen.

Klubbutviklingskurs

4. september vart det arrangert klubbutviklingskveld med opplegg av Kate Sønstebø frå Norges Volleyballforbund. Kvelden vart styrt av eit systematisk opplegg der gruppa fekk høve til å kome med innspel til korleis status er i dag, og kva volleyballgruppa kan jobbe med vidare. Mange gode innspel som gruppa og styret tar med seg vidare.

Startmøte 04.09.2019: 23 deltakarar. Oppfølgingsmøte 18.02.2020: 11 deltakarar



Frå klubbutviklingskvelden 4. september. Gruppearbeid med gode innspel. Godt leia av alltid engasjerte Kate Sønstebø frå Norges Volleyballforbund.

SANDVOLLEYBALL

Det var igjen ein aktiv sommar 2019 for fleire stordspelarar med deltaking i Norges Tour-turneringar, regionsmeisterskap og junior-NM U17 og U19.

Regionmeisterskapen i Strandvik 26. mai 2019

Stord Volleyball var representert med to JU17-lag i regionsmeisterskapet i sandvolleyball i Strandvik 26. mai. Nanett Halwe og Ingrid Ladehaug gjekk heilt til topps, etter å ha gått gjennom puljespel, kvartfinale og semifinale utan å tape sett. Finalen vart ein spennande og til dels tett kamp mot lokale strandvikjenter, der jentene tok sigeren 2-1. Margrete Mosaker og Malene Tveit Grov spelte også gode kampar og tok ein flott 14. plass.



Flott innsats i RM av stordjentene. Frå venstre: Margrete Mosaker, Malene Tveit Grov, Nanett Halwe og Ingrid Synnøve Ladehaug.

Norges Tour

Ivar Utbjøe Andersland (med ulike makkarar) deltok på Norges Tour i Strandvik, Rjukan, Stavanger, Krisiansand og Oslo.

NM U19 i Oslo 30. juli-4. august 2019

Det vart gode resultat for stordspelarar i årets junior-NM i Oslo, første veka/helga i august. Ingrid Synnøve Ladehaug og Nanett Halwe debuterte i JU17-klassen. Dei var rangert som nr 6 og endte til slutt på ein flott 6. plass. Heile 36 lag deltok i JU17 i år. Jentene vann si pulje klart, og spelte seg gjennom 1/16 og 1/8-delsfinalane. I kvartfinalen vart det tap 0-2 mot god motstand. Ingrid og Nanett vart med sin 6. plass beste hordalandslag.



Ingrid Synnøve Ladehaug og Nanett Halwe i aksjon i junior-NM i Oslo. Her på Voldsløkka.

I GU19 spilte Ivar Utbjøe Andersland med makker Eirik Åsmul frå Eikelandsosen. Gutane vart nr 2 i puljespelet og vann 1/8-delsfinalen greitt 2-0. Så vart det stopp i kvartfinalen 1-2, der tredjesettet endte 18-20. Svært nære både semifinale og finale. I plasseringsspelet endte Ivar/Eirik til slutt på 5. plass, noko som er ei god plassering.



Ivar (1) og Eirik (2) endte på 5. plass i U19-klassen.

Tidlegare stordspelarar representerer på toppnivå

Oda Løvø Steinsvåg vart hausten 2019 profesjonell spelar i Tyskland. Etter avslutta tre års skulegang på ToppVolley Norge i Sand skreiv ho kontrakt med den tyske proffklubben Nawaro Straubing. Bømlingen Oda viste tidleg talent for volleyball, og med sine 187 cm har ho stor rekkevidde og potensiale som midtspelar. Oda starta sin volleyballkarriere i Stord Volleyball før ho flytta til Sand og ToppVolley Norge. For Stord har Oda spelt for yngre lag, i tillegg til damelaget, før ho meldte overgang til Sandnes. Som midtblokkar har ho vore tatt ut med mykje speletid på både junior- og seniorlandslag. Me gratulerer Oda med proffkontrakten, og ønskjer lukke til vidare med volleyballen i Tyskland.



Oda Løvø Steinsvåg i landslagsdrakt med proffkontrakt i Tyskland.

Ivar Uthjoe Andersland har sesongen 2019/20 spelt i eliteserien for Randaberg Volleyballklubb. Ivar avslutta, som Oda, tre år på TVN våren 2019, og vart tatt opp i stallen til Randaberg. Ivar er den første herrespelar på mange år som med utgangspunkt i Stord Volleyball har spelt på eit elitelag i norsk volleyball.

ØKONOMI

Volleyballgruppa har hatt eit godt økonomisk år i 2019, og har likvide midlar til å betale kostnader gjennom året. Drifta og budsjettet har vakse dei siste åra, og ein satsar på å dekke kostnader gjennom sponing, treningsavgift og sportslege arrangement. I året 2019 har ein gjennomført fleire gode arrangement og motteke sponsormidlar. Utgiftene er knytt til kampavvikling, trenarhonorar, kostnader til hovudlaget, revisjon, utstyr, regionsamling og andre utgifter som omfattar annonser, interne arrangement med meir. Økonomien i gruppa er god med reservar til bruk om det må gjerast investeringar, eller auka behov til drift utover det som ligg i budsjettet. Syner elles til rekneskap for 2019.

Gruppa har generelt ein sunn økonomi og fornuftig pengebruk. Inntektene kjem frå arrangement, treningsavgift og støtte/sponsor/dugnad. Me har i år som i fjor også motteke midlar frå Sparebanken Vest som er øymerka opprusting av sandvolleyballbanen ved Nordbygdo ungdomsskule. I tillegg har vi motteke støtte for gjennomføring av arrangement frå Hordaland Volleyballregion.

Gåvefest Sparebanken Vest 22. oktober

Stord Volleyball fekk tildelt kr 20.000,-, pengar som er øymerka oppgradering av sandvolleyballbanene ved Nordbygdo ungdomsskule. Takk til Sparebanken Vest som syner eit solid engasjement for lag og foreiningar i lokalmiljøet.



Svein Andersland og Katarzyna Kaczorowska mottok årets gåve frå banksjef Arve Havnerås.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

Stord, 4. mars 2020

Svein Andersland

Svein Andersland
Leiar

Jannike Maraas

Jannike Maraas

Kjetil Djuve

Kjetil Djuve

Katarzyna Kaczorowska

Katarzyna Kaczorowska

Åshild Giving

Åshild Giving

Bendik Sierra

Bendik Sierra

Bente Lunde

Bente Lunde

Marie Aadland Djuve

Marie Aadland Djuve

Adrian Sørdal Misini

Adrian Sørdal Misini



ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2019

Utvalet har hatt 2 møter med planlegging av dagar og der tider for prøvane vart bestemt.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor deltakarane har kunne avlagt prøvane.

41 har tatt Idrettsmerke i år. Ein liten nedgang fra 2018. Elles så vil vi fremdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Og det er øvelsar for alle.

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Desse har vore i utvalet i 2019: Gisle Tjong, Per Lunde, Sigurd Riise, Nils Søvold, Johannes Belsvik og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk gjeng som er med her.

Kjekke å jobba saman med. Håpar å sjå deg på stadion i mai eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks Leiar Idrettsmerkegruppa

Etternavn/fornavn	Født dato/år	Adresse	Lag/skole/annet	Antal ganger	Merke/utmerkelse
AGDESTEIN, TOVE VIKANES	64	Ås 18, 5417 STORD	Stord Idr. Lag.	20	KRUS
ALMÅS, ASLAUG GROV	72	Sjoarbakken 20, 5411 STORD	----«----	27	
ALMÅS, MALENE GROV	97	Sjoarbakken 20, 5411 STORD	---«----	6	
BELSVIK, JOHANNES	35	Heio 12, 5411 STORD	----«----	50	NIFs 50-års merke m/dipl
BJØRKÅS, ØYVIND	49	Rustungveien 50, 5416 STORD	----«----	52	
BØE, JAN	40	Sandbrekko 10, 5411 STORD	----«----	55	
CRUICKSHANKS, MARIT SÆTRE	51	Sponevikvn. 2, 5411 STORD	----«----	9	GULL merke
DAHL, HELGE	53	Lauvdalen 93, 5412 STORD	----«----	33	Veteranskjold i Bronse
GROV, LEIF ARVID	51	Grov, 5414 STORD	----«----	8	
GROV, GUNNAR	50	Grovavagen 133	----«----	4	



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.1.7 ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2019

HANDELAND, MALVIN	44	Hystadveien 127, 5416 STORD	----«----	33	Veteranskjold i Bronze
HAGA, MARINA	90	Ådlandslø 8, 5416 STORD	----"----	2	
HAUGEN, HARALD	39	Tyselø 18, 5416 STORD	----«----	57	
HENRIKSEN, JAN	46	Brendehaugen 54, 5416 STORD	----"----	13	
KVÅLSVOLD, ODDBJØRN	40	Kringsjø 48, 5417 STORD	----«----	12	
KVARME, JOHN	56	Håvåsen 69B, 5411 STORD	----«----	6	
LIEN, KRISTOFFER	38	Lyhaugen 17, 5417 STORD	----«----	11	
LUND, GURO	76	Valevegen 56, 5416 STORD	----"----	14	
LUNDE, KRISTIAN	36	ÅS 12, 5417 STORD	----«----	62	
LUNDE, PER	46	Øvre Dalen 18, 5416 STORD	----«----	42	
LUNDE, INGA HELLAND	56	Sveene 32, 5416 STORD	----"----	2	
MATRE, HALLGEIR	53	Sjonarveien 22, 5416 STORD	----«---	36	Vet.skjold Sølv
NILSEN, ANDERS GROV	74	Valevegen 56, 5416 STORD	----«----	27	
NILSEN, ØYSTEIN GROV	88	Nesjaberget 31, 5417 STORD	----«----	12	
NORDHUS, STEINAR	48	Langelandsåsen 9, 5412 STORD	----«----	35	
OTTESEN, ARNE	73	Rusti 8, 5416 STORD	----«----	21	
OTTESEN, INGVID HIBERG	-02	Høgestølen 7, 5412 STORD	----"----	3	
OTTESEN, HENRIK	70	Høgestølken 7, 5412 STORD	----«----	12	
OLSEN, ØYVIND	56	Grov, 5416 STORD	----«----	8	
PEDERSEN, FRANK E.	46	Stølshaugen 5, 5414 stord	----«----	19	
ROALKVAM, KÅRE	31	Roleghaugen 1, 5416 STORD	----«----	58	
RIISE, SIGURD	47	Nesjaberget 14, 5417 STORD	----«----	39	Veteranskjold i Gull
SAUE, HANS ERIK	59	Trodlahaugen 144, STORD	----«----	11	
SAKSEID, MAGNE	50	Hjortåsen 90, 5412 STORD	----«----	42	
TVERDERØY, HARRIET	47	Kappelen 2, 5410 SAGVÅG	----«----	42	
VESTBØSTAD, HÅKON	61	Sponavikvn. 32, 5411 STORD	----«----	42	
VESTBØSTAD, NINA	99	-----«-----	----«----	5	SØLV
ØEN, GERDA MALENE	52	Borggt. 63, 5417 STORD	----«----	33	Veteranskjold i Bronze
ØEN, JAN OVE	49	-----«-----	----«----	41	
AASHEIM, MARIE	46	Haugen 3, 5412 STORD	----«----	47	
ÅSE, WENKE	65	Apalvegen 60	----«---	4	

Årsmelding allianse- idrettslag



Idretts glede heile livet



STORD FOTBALL
1918 - 2019

ÅRSMELDING 2019

ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2019

Innleiing

2019 har vore eit godt sportsleg år for Stord Fotball. Herrelaget tok ein respektabel 6. plass i 3. divisjon. Damelaget som hadde sin første sesong i 2. divisjon klarte ein sterk 4. plass. Damer rekrutt vann si pulje i 5. divisjon klart, vart kretsmeistrar, og er klar for 4. divisjon i 2020. I dei yngre årsklassane gror det godt. Jenter 13 har hatt eit serdeles godt år med seier i Lerøy Cup, Sør Cup og Adidas cup, Gutar 14 vart krona med krinsmeister-tittel, og klubben har hatt mange spelarar frå ulike alderstrinn på krins- og sonelag i løpet av sesongen.

På lokalfotballgallaen for Hordalandsfotballen var Stord Fotball nominert i følgjande kategoriar:

Årets spelar 3. Divisjon menn: Viktor Smari Segatta (Kåra til årets spelar)

Årets spelar i 2. Divisjon Damer, her hadde Stord 2 av 4 nominerte, Synne Eide Bjørnebøle og Christine Lygre (Kåra til årets spelar)

Årets trenar Damefotball: Øyvind Mellemstrand (Kåra til årets Trenar)

Årets klubb: Her stakk Nymark av med sigaren

Å bli nominert av andre eksterne er i seg sjølv ein verdsetjing av at det vert gjort mykje godt arbeid i klubben.

Det jobbast og godt i breidde fotballen i klubben og styret vil takka alle trenarar og lagleiarar som brukar store delar av fritida si for at born og unge i klubben skal ha eit godt tilbod.

Gjennom året har me jobba med sertifisering av Stord Fotball som Kvalitetsklubb etter normer frå Fotball forbundet. Vi er ikkje heilt i mål her, men reknar med å innføre kvalitetsklubb prinsippa i klubben i løpet av 2020.

Økonomien for 2019 er tilfredsstillande, noko som er basis for drifta av klubben



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Organisasjon og tilsette

Stord Fotball har i 2019 hatt det tiande året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9. desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige sær-idrettslag i allianse med Stord IL.

Samla har det vore 53 lag i Stord Fotball i 2019, medrekna 10 trear-lag. Dette er om lag like mange lag som i 2018.

Det var registrert ca. 500 medlemmer i 2019. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 120 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2019. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa. Espen Haugland har hatt ei viktig rolle i drifta av Akademiet. Viktor Smari Segatta har i 2019 vore tilsett i prosjekta på deltid.

Frå 01.01.2017 vart Jon Pall Pallmason tilsett som hovudtrenar for senior herrer med delansvar for Akademiet og Talentskulen. Avtalen med Jon Pall Pallmason gjaldt for 2 år, 2017 og 2018, men opsjon på forlenging. Hausten 2018 vart det inngått ny avtale for ytterlegare 2 år.

Både Jon Pall Palmason og Viktor Smari Segatta slutta i Stord Fotball 31. oktober 2019.

2019 har vore eit litt meir utfordrande år p.g.a meir sjukemeldingar enn normalt og lovpålagte permisjonar.

Visjon og målsetting Oppdatert

Stord Idrettslag vart stifta i 1914 med turn, friidrett og bryting som idrettsgreiner frå starten. Då Åsbanen vart bygd i 1916 og 1917 lå det til rette for oppstart med fotball, frå 1918.

Vår visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball har ambisjonar om å være ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Stord kommune kor venskap, identitet, inkludering, nærleik, kvalitet og utvikling skal vere førande for vår aktivitet.

Stord Fotball har som mål å gi eit tilbod til alle som ønskjer å spela fotball, og medverke til at barn og ungdom utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

I barnefotballen ynskjer me å gi barna ei positiv oppleving av meistring saman med vener i eit trygt og kjent miljø. For ungdomsfotballen ynskjer me å gi eit variert tilbod til alle, med mål om at fotballen vil vere ein arena kor både det sosiale og sportslege er motivasjon for å drive fysisk aktivitet. Ein kombinasjon av lagspel og individuell utvikling kor god helse og fysiske ferdigheiter i sunn konkurranse med jamnaldrande er bærekrafta.

Stord Fotball har i tillegg eit mål om gi eit tilpassa tilbod til dei som har lyst til å trene meir. Dette gjer me gjennom betre opplæring av trenarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmer. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for barn og ungdom i ”Talentskulen”, ”Jenteløftet” og ”Teknikkskulen”, samt ”Akademiet” (Fotball SFO) for dei yngste, ynskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

I tillegg vil dei aller beste gjerne få tilbod om opptak i FK Haugesund sitt akademi, der dei får trening og kamptilbod mot dei beste i landet i eigen alder, samstundes som dei og tilhøyrer eige lag i Stord.

Stord Fotball har i 2018 og 2019 lagt ein bevisst framtidig strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen. Dette ser vi no resultat av, og både på senior dame og herrelag har vi ei veldig god samling av ivrige spelarar frå regionen.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Senior damer 1

Årsrapport Damelag sesongen 2019

Damelaget har i sesongen spelt i 2. divisjon avd 04

Spelartropp: Hanna Mehammer, Ida Waage, Vilde Folgerø, Ida Holm Neset, Guro Hinderaker Pedersen, Trishia Abrahamsen (vårsesongen), Johanna Litlabø Eikenes, Thea Notland, Sanne Bolette Dale Lekven, Martine Mellemstrand, Hannah Stenersen, Emma Jønsson, Synne Eide Bjørnebøle, Marie Kalve Lindgård, Nina Vestbøstad, Synne Leitet, Sofie Tilrem (vårsesongen),

Trenare: Øyvind Mellemstrand (Hovudtrenar), Atle Ersland, Håkon Vestbøstad.

Oppmann: Rune K Pedersen, Anders Ekse

Kasserer: Ase Eide

Me kom på 4. plass i divisjonen, berre slått av eit Hordalandslag, dvs at til neste sesong får me vere med i NM cupen for damer.

Stord damer er med dette det **5 beste damelaget i Hordaland**, etter Arna Bjørnar (Toppserien), Sandviken (Toppserien), Åsane (1. div) og Fyllingsdalen (2. div.)

J19 kom til kvartfinalen i NM Telenor Cup, men blei slått ut av Vålerenga som gjekk heilt til finalen.

J19 laget deltok og på Dana Cup.

Damelaget hadde trenings samling i Stavanger helga før sesongstart.

Arrangement

Me har arrangert 11 heimekampar for 2. div laget og 2 heimekampar for J19. I gjennomsnitt har det vore 133 tilskodarar på kvar kamp. Kampen med mest tilskodarar var NM J19 kvartfinale med 480 tilskodarar.

Me har ikkje tatt inngangspengar, men me har hatt kiosk på samtlege kampar.

På samtlege kampar har det vore speaker, med annonsering på Facebook og i bladet Sunnhordland. I byrjinga av sesongen hadde me nokre mindre rubrikk-annonser som vart betalt av damelaget sine sponsorar, utover i sesongen fekk me felles heilsides annonser saman med herre laget, noko som profilerte damelaget mykje betre, på lik linje med herrelaget.

Damelaget har hatt 3 trenarar og 2 oppmenn som har vore med på stort sett samtlege treningar og heime/bortekampar, samt kasserar. Totalt utgjer dette ca. **2 000 dugnadstimar (vel eit årsverk).**

Damelaget har og hatt inntekts bringande dugnader der me har fått inn **totalt kr 170 000,-**.

Årets Spelar for Stord Damer 1, 2019 Kristine Lygre

Årets mest framgangsrike: Ida Holm Neset

Årets Toppscorar: Sanne B. Dahle Lekven

Damer 2/Rekrutt

Stord Damer 2 starta sesongen fyrste veka i januar med 17 spelarar.

Det vart i slutten av 2018 vedteke at me skulle spela i 5 Divisjon Damer avd 2 Hordaland.

Me får 3 stk. nye spelarar frå Halsnøy innmeldt til klubben i januar.

Hanna Mehammer, Emma V Matre og Eline Hvidevold. (Eline gir seg i februar mnd.)



Me meldte oss på i Vinterserien J19 i Rogaland (nord-fylke) og møtte lag me spelte mot i J19 serien Rogaland nord.

Det viste seg at vinterserien gjekk litt opp og ned for alle lag, men me havna på andre plass og vart satt opp til finale i Vinterserien mot Stegaberget/ Skjold/ Falkeid.

Der det etter full tid står 4-4 og kampen så skal avgjerast på straffespark. Me stikk av med seieren og blir vinnar av vinterserien Rogaland Nord J19.

Vårsesongen :

Laurdag 6. april er det satt opp første heimakamp i 5. divisjon mot Eidsvåg, men dei får ikkje til og stille lag. Vårsesongen går bra og me vinner kampene mot Baune, Sund\skogsvåg og Eidsvåg. Siste heimekampen denne vårsesongen mot Loddefjord blir igjen avlyst og me får poenga. Ser vel at det for enkelte Bergens lag (Ikkje alle) at det av og til er veldig langt og reise til Stord.

Haust sesongen:

Haustkampene går nokolunde greit.

6. oktober i kampen mot Skjergard/ Nordre fjell er det klart at me er sikra opprykk til 4. Divisjon Damer Hordaland.

Med 53 poeng, 63 mål i pluss, 1 tap, 2 uavgjort og 17 stk kampar vunnet så er me nøgde.

Kretsfinale 5. Divisjon Damer 2019:

Me jobbar / pressar litt på Kretsen til at det skal gjennomføres ein kretsfinale mot vinner av 5 Divisjon avd 1 der Sotra vart vinnar. Kampen vart satt opp 24. november i Sotra Hallen.

Det vart ein kjempespennande kamp der me til slutt vinn 2-3 og er Kretsmeistrar 5 Divisjon Hordaland.

Laget har hatt ein strålende sesong resultatmessig.

Årets Spelar for Stord Damer 2, 2019 Emma Matre

Årets mest framgangsrike: Helle Bjelland Vik

Årets Toppscorar Mathilde Rafdal

Spelar situasjonen sommer / haust:

Lån av spelarar frå Dame 1 laget til Dame 2:

Har hatt eit veldig godt samarbeid med Øyvind og Dame 1 laget på og få låne spelarar til kampar. Må der spesielt trekke fram Synne Leitet og Hanna Mehammer som har vore veldig positive til å stille opp til Dame 2 kampar. (Er også andre Dame 1 spelarar som har vore kjempe positive og stilt opp for Dame 2).

Utlån av spelarar frå Dame 2:

Dame 2 har stilt opp med spelarar til Lerøy Cup J17, seriekamper vår med J17, NM J17 og J19. Det stilte også opp spelarar for J16 / J17 i Dana Cup (Emma, Helle, Kristin og Nora). Leide også ut Emma Matre til Bremnes og Norway Cup der ho var med og bidrog til Sølv i J16. Spelarar har og vore med å hospitera på Dame 1 treningar.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

J17 og 2003 jentene:

J17 laget sleit ein del gjennom vårsesongen med å stille lag, det ble mykje logistikk arbeid før kamp. Det vart teke mange runder rundt dette tema før ein tok ein beslutning om å trekka J17 laget frå sin Hodalands serie, for så at disse jentene vart overført til Dame Rekrutt laget.

Dugnader:

Har delteke på Stord fotball sine dugnader både på Vikahaugane og Langelands banen denne sesongen. Laget har og hatt avtale med Stord Fotball om reinhald og vedlikehald av garderobebygget på Langelandsbanen for ein fast sum, som har gått til drifta av laget.

Open dag på Kværner dugnad stilte me med ein stor gjeng av både spelarar og foreldre, som ga oss god inntekt til drift av laget. (Kværner Fest på torget dugnad) (Servering Kværner fest dugnad). Hadde og saman med Damelaget dugnad med og drifte Stord vidaregående skule under Handballfestivalen. (Puttefestivalen).

Desse midlane vart bestemt brukt til en sosial/sportsleg tur/teambuilding der ein fikk allokert egenandel for spelaren ut i frå utførte timar.

Trenarar gjennom sesongen har vore Arve Havnerås og Thomas Steensohn. Oppmann har vore Hans Jakob Skard.

Vil og trekke fram Siri B Vik med kiosk drift og klestrykking og Frode Skorpen som har hjulpe til med trykking. Takk også til Siv Randi T Skard som har hatt regnskap/økonomi i tillegg til dugnad og organisering.

Senior menn

Etter to sesongar der herrelaget stort sett har hatt tabellposisjon under nedrykkstreken skulle 2019 bli eit år der ein såg oppover og ikkje nedover. Før sesongen vedtok Sportsleg utval ei målsetting om at Stord skal etablere seg som eit topplag i 3. div dei neste åra. 2019 var eit stort steg i den retning. Dei siste åra har sesongoppkjøringa vore prega av få spelarar på trening. Vinteren 2019 var treningsgruppa stabil på mellom 15 og 20 spelarar, og med god trøkk.

I spelarstallen mista me Rune Mo til Os. Viktor Segatta og Tore Kannelønning var med frå start. Frå Bremnes henta me dei to lovande ungdommane Lennart Andal og Ole Kallevåg. Frå Trott kom Emil Johnsen med rutine. Frå Solid kom tidligare Stordgut Magnus Skulstad tilbake og tok og med seg ein ung og lovande Mads Valvatne. Viktor 2 og Vignir kom frå Island, der Vignir reiste tilbake før seriestart, mens Viktor 2 fekk nokre kampar før han vart skadd. Frå eigen juniorstall kom Markus Tislevoll, Patric Fjelland og Håvard Handeland opp. Ut over i sesongen melde også Torstein Hildal og Sander Vik seg på frå junior, der sistnemde også fekk vist seg svært godt fram i kamp. Deadline day (10. september) vart hektisk, men gav oss Andreas Brakedal Eide frå Trott og Erlend Meling Nesse fra Bremnes. Dette bekrefta at strategien om å være Sunnhordlands leiane lag for spelarar som ønskjer utfordringar blir fulgt.

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Treningskampane var positive og gav håp om ein sesong med anna fokus enn nedrykkstreik. 3-1 seier mot nyopprykkka Djerv 1919 var kanskje ikkje noko å heva korkje bryn eller champagneglas for. Lite ante me då at Djerv 1919 skulle bli fotballnorges store overraskelse, og henge med i opprykkstriden til siste slutt.

NM opna med ein smell. Segatta plasserte seg i nasjonal presse etter å ha lagt 7 baller i nettet i 9-1 seieren mot Tertnes. Sportsleg utval satte opp ekstra telefonlinjer og starta å ta imot telefoner frå klubber på umiddelbar spissjakt.

Desverre kom me kraftig ned på jorda etter ein heseblesande knokkelkamp mot Åkra. 2-1 tap og gule og røde kort til fleirtalet på laget hindra eit cupeventyr mot FK Haugesund, og fleire suspensjonar i seriestart.

Første seriekamp gav peikepinn på ein god sesong, i ein vanskelig bortekamp mot Os. Rune Mo og Roger Ekeland såg nok muligheitene for ein god start mot gamle lagkameratar, men Stord spelte ein disiplinert og sterk kamp og vann 1-0. Ole Kallevåg presenterte seg som målscorar, noko som ikkje skulle vera tilfeldig.

Første heimekamp mot eit sterkt Sogndal II skulle bli ein liknande og jamn kamp. I tillegg fekk me Grov familiduell i beste sendetid.

Når Malvin set knottane i ein Sogndalspelar i det 86 minutt og får det raude kortet såg det ut som ein kamp eit slitent Stordlag måtte kjempe for 0-0. Då er det greit å ha litt X-faktor.

Denne gongen ved Jonas Tungeland som sikra 1-0 seier i 92. minutt. Den var deilig.

Djerv 1919 i runde 3 gav peikepinn om korleis sesongen skulle bli. Poeng mot nedre halvdel, og tap mot dei beste laga. Djerv sprang og kriga inn 3-1

Valdres 8-1. Valdres skulle vise seg å bli fotballsnakkis i Norge då dei etterkvart spela med eit middels svakt 2.div juniorlag.

Våren fortsatte med sterke seirar mot andrelaga til Brann og Strømsgodset, grei seier mot Bergen Nord og festfotball med 12-1 mot Fjora.

Mot Lysekloster og Fyllingsdalen vart me eit nummer for svake. Av dårlege forklaringar, er karantener og skadar dei beste.

Vard var det einaste laget som enkelt og greit var bedre enn Stord.

Hausten opna lovande med sterk 2-1 seier borte mot Fana, før to nye skuffande ettmålstap mot Lysekloster og Fyllingsdalen satte strek for einkvar tanke om toppkamp/opprykk.

I Sogndal, borte mot Fjora kom den første reelle «smellen» i 2019. 12-1 seieren nokre veker tidlegare vart snudd til 4-0 tap. Uten samheng forøvrig ?, sa Pall opp jobben som trenar. Likevel var det tegn som tyda på at ein noko tynn tropp kunne sjå ut til å gå ein tung haust i møte.

Neste heimekamp mot stadig opprykksjagande Djerv 1919 vart slik sett symbolsk viktig. Og laget stod opp og viste moral. 2-1 seieren var først og fremst veldig viktig for laget og trua på ein god avslutning. Dette vart fulgt opp med ein sterk bortekamp mot Sogndal 2. Unge Sander Vik satte 2 mål, og Stord hadde leiinga heilt til overtid av overtida, da Sogndal pirka inn 2-2.

Resten av hausten vart litt transportetappe mot sesongslutt, der det viktigaste var å halde moral og gode resultat oppe. I tillegg fekk nykommarane Andreas og Erlend verdifull kamperfaring i divisjonen.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Stord enda på ein 6. plass på tabellen. I utgangspunktet ei plassering me skal vere nøgd med. Samstundes kan ein sei me fekk lite betalt i mange kampar mot laga over oss, i mange jamne kampar.

Sesongen vart avslutta med årsfest på Frugård, og her vart Pall takka av som trenar. Me takker Palmason for 3 år i klubben, og ynskjer lykke til med vidare karriere.

Festens overraskelse var presentasjon av ny hovudtrenar.

Me ynskjer samtidig Kim Rønningstad hjarteleg velkommen, og er spent på kva han kan få til i 2020.

Trenarar, spelarar og støtteapparat rundt A-laget har gjort en formidabel jobb også i 2019.

Ikkje minst har oppmannsapparatet med Jan Aksnes i spissen gjort ein kjempejobb med tanke på tilrettelegging for trenarar og spelarar både i forhold til kamp og trening. God oppfølging frå Sindre Askeland og Henrik Vervik har bidratt til relativt få alvorlege/langvarige skadar.

Årets Spelar for Stord 2019 Viktor Segatta

Årets mest framgangsrike Ole Kallevåg

Årets Toppscorar Viktor Segatta

Barne- og ungdomsfotballen

Barnefotballen

- Barnefotball 6–12 år, trear-, femmar- og sjuarfotball.

I 2019 vart pilotprosjektet med trearfotball vidareført i Hordaland. Dei to yngste årsklassane hadde ikkje seriekampar. Dei hadde «Serieturneringar». Det vil seie at laga samla seg og spelte 3-4 kampar kvar speledag.

Rekruttering av nye spelarar og organisering av barnefotballen er ein kontinuerlig prosess kor Kjersti Høgås Klingsheim er kontaktperson for rekruttering av nye medlemmar.

Me har målsetting om å sette inn meir ressurser i samband med oppstart i barneskule, då me ser at dette er nødvendig for å sikre store grupper.

Stord Fotball jobbar aktivt for at samarbeidet mellom laga internt i klubben fungerer godt på tvers av klassar og årstrinn. Langeland og Leirvik slår seg ofte saman tidlegare, noko som gjer at ein kan ha gode treningar med differensiert tilbod. Hospitering mellom årsklasser er og virkemiddel som vert nytta.

Stord Fotball er i ferd med å bli kvalitetsklubb, og har intensivert arbeidet med å motivere trenarar til å delta på kurs i UEFA C-lisens, no kalla «Grasrottrenaren».

Stord Fotball ynskjer å ha eit godt sportsleg og pedagogisk tilbod til barn gjennom trening leia av gode trenarar. Treningane skal ha fokus på lek og moro kor alle er inkludert, og opplever meistring og utvikling.

Morten Tislevoll er klubben sin trenarveileiar.

Ungdomsfotballen - jenter og gutar 13-19 år

Jentene 13 – 19 år

Stord Fotball har igjen markert seg på ein fin måte i ungdomsavdelinga sist sesong.

Jentefotballen i Stord fortset sin positive trend der gode treningar står i høgsete. Stord Fotball har no fått mange gode trenarar og lagleiarar til å utøve godt og klokt leiarskap. Samarbeidet mellom laga er godt.

Å ha ei slik ungdomsgruppe med godt over 100 flinke jentespelarar som hevdar seg sportsleg på alle nivå er klubben særst stolte over. Det kjem til å bera frukter i mange år.

Stord fotball har ei lys framtid på jente/damesida.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Jenter 13

Jenter 13 med Lars Klingsheim og Oddvard Skard som trenarar spelte i 13 års klassen Rogaland. Laget spelte i 1. divisjon og kom på 3. plass.

Laget deltok på Lærøycup og gjekk til topps ved å slå Fri 3-1 i finalen.

Sommarens cup var Sør cup kor jentene gjekk til topps ved å vinna 2-1 på golden goal mot Randesund på Sør Arena.

J13 deltok også i årets Adidascup. Etter eit litt trøblete gruppespel klarte dei å koma seg vidare til sluttspillet. Etter å ha slått Vind, Fjellhamar og Åsane var Stord klare til finalen på Gjøvik kor Ottestad var motstandar. Jentene møtte eit hardtsatsande og godt Ottestadlag, men vant fortjent 3-1. Stordjentene kunne reisa heim med den edlaste medaljen og den største pokalen ☺

Laget har 15 talentfulle jenter.

Jenter 14

Jenter 14 som vert trena av Jan Erik Stenberg og Ørjan Stokka hadde nok ein flott sesong. Første del av sesongen vart serien delt opp. Siste del spelte me i 1 divisjon avd. Hordaland. Me kom litt under midt på tabellen i 1 div. Det har vore mange kampar på fleire av spelarane våre, sidan nokre måtte hospitera opp ein årsklasse. 2 av våre beste spelarar hospiterte opp heile sesongen så desse fekk ikkje me bruka så mykje. Desse spelerane spelte og på kretslaget.

Sesongen sett under eitt viser at gruppa har gjort ein verkeleg sterk prestasjon.

Laget stilte 2 lag i Dana cup. 1 stk 7-er lag som kom helt til semifinalen i A-sluttspillet. Der dei møtte eit sterkt jente lag frå Polen. 1 stk 11-er lag som kom helt til kvartfinalen i A-sluttspillet. Så me hadde ei sterk turnering. Utruleg kjekt for heile gruppa og apparatet rundt. Her gjorde spelarar og foreldre ein god dugnadsinnsats i forkant av turneringa for å finansiera cupen.

J14 deltok og på Lerøy jentecup og tok ei god respektabel plassering og med god innsats. Gruppa har bestått av 15-19 spelarar.

Jenter 15 - 17

Me har gjennomført 112 treningar frå 7. januar til 12. desember.

Me deltok i Lerøycup med J15, men vart slått ut i kvartfinalen her.

Me meldte oss på offisielt NM i 16 årsklassen. Her vart det spela fleire kvalifiseringskampar. Me feide Bremnes og Sotra av banen før me møtte Arna Bjørnar til ein rein Hordalandsfinale heima på Vikahaugane.



Det vart ein jamn kamp der me til slutt måtte sjå oss slått med 2-1 etter sein scoring fra Arna Bjørnar.

Me fekk ein ny sjanse mot lag nr 2 frå Rogaland, nemleg Vidar. Her spelar me vår beste kamp og vinn heile 4-1. Dermed er me klar for kvartfinale. Opp av hatten kjem Viking som nok er landets sterkaste jentelag med 8-9 landslagsspelarar på 04 og 03 nivå. Me gir Viking kamp i 30 minutt, men etter det er det klar forskjell på laga og me taper 6-0. Det høyrer med til historien at akkurat Viking vinn NM finalen overlegent 4-0 ein månad seinare.

Sommarens hovudturnering blir Danacup. Her mønstrar me to lag sjølv om me bare har 25 spelarar med oss til Danmark. Me får store skadeproblem allereie på første kampdag. 15 åringane endar som nr 5 av 78 lag i A sluttspel og 16 åringane vinn B finalen og får ein flott pokal med heim. Med tanke på at me var så få spelarar var dette ein enorm sportsleg prestasjon av gruppa.

I seriespelet på våren vert det tøft å stille lag i 1. divisjon J17, men me klarer det. Me møter her meget sterk motstand, og sjølv om me er ujevne til tider viser me at Stord har spelarar blant dei beste jentene i Hordaland. Me endar med ein sterk 6 plass her. Me ser oss likevel nødt til å trekke vårt J17 frå serien i haust sesongen då me er for få spelarar.

J15 spelar og i 1. divisjon. Dei er lenge med i toppen utover hausten, men endar til slutt på ein 5. plass. Noko som og er ein sterk plassering i ein veldig stor klasse. Fleire av våre spelarar har delteke for Hordaland sitt kretsag. Ida Natvik er den som har spela seg til fast plass på kretsaget.

Gutar 13 – 19 år

Stord Fotball har igjen markert seg på ein fin måte i ungdomsavdelinga sist sesong.

Gutelaga i Stord fortset sin positive trend der gode treningar med struktur og kontinuitet på trenarsida gir resultat. Stord Fotball har no fått mange gode trenarar og lagleiarar til å utøva godt og klokt leiarskap. Samarbeidet mellom laga er godt.

Samarbeidsavtalen med FKH betyr at me har spelarar i kvart årskull som får trenar og spela med dei beste i regionen, og ikkje minst møter dei beste i landet i kampkvardag. Me trur at slike referansespelarar er med å heva nivået i klubben.

Stord fotball sitt seniorlag har kontinuerlig juniorar som bankar på døra for spel, og det lovar godt for åra som kjem.

Gutar 13

Stord G2006 har hatt ein fin sesong.

Me starta med 31 spelarar, men mista nokre i løpet av sesongen og avslutta med 27.

Totalt gjennomførte me 125 treningar, og 67 kampar for gruppa, fordelt på 3 9ar lag

Fokus i treningskvardagen har handla om å legge eit godt fundament på basisferdigheter, samt å jobbe litt med spelesystem for å vera klar for 11er fotball neste år.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Forenkla inneberer dette at me skal være eit spelande lag i god Stord tradisjon.

I seriespel hadde me lag i første divisjon Rogaland, der me spela dobbel serie mot gode lag frå Bremnes, Vard, Haugar, Djerv 1919 og Åkra. Dette vart utelukkande tette og jamne kampar der alle slo alle.

Vidare hadde me to lag i andre divisjon Hordaland. Begge laga hevda seg og enda på 2. og 4. plass i serien på 13 lag. Me er mest nøgd med at alle 3 laga i slutten av sesongen framsto som spelande lag. Før haustsesongen mista me 4 spelarar, noko som gjorde til at me måtte trekkje lag 3.

Lag 2 deltok i Regy cup på hausten. Etter ei svak innleiing tok laget seg kraftig opp og vann B-sluttspillet. Lagets første bidrag til pokalsamlinga på Vikahaugane.

Lag 1 deltok i Adidas-cup på våren. Her tok me oss vidare frå puljespelet, før me tapte ein jamn kamp mot eit sterkt Sogndal lag i sluttspillet. Ellers deltok me i Storhallcup på våren.

Laget har hatt 10 spelarar med på sone- og kretssamlingar. 1 spelar er teke ut til kretslag Hordaland, og ein spelar er teke ut til kretslag Rogaland gjennom FKH akademiet.

Hovudtrenarar for gruppa har vore Trond Lekve og Frode Olsen. Trenarar har vore Marius Hope, Gabriel Machedon og keepertrenar Leif Tore Lid. Lagsleiar har vore Jonathan Zaneski og Morten Bjelland.

Gutar 14

Stord G2005 ser tilbake på ein sær sars god sesong som blei krona med kretsmester tittel på seinhausten. Gruppa bestod av om lag 28 sars ivrige og fotballglade spelarar. Dette var første året med 11'er fotball. Spelarane viste flott framgang gjennom året, og imponerte med mykje fint spel og god innsats i både serie og cup kampar. Ekstra kjekt at me iløpet av hausten fekk 2 nye spelarar til gruppa.

Me satte oss 2 hovudmål før sesongen:

1. Halde på flest mogleg av spelarane gjennom ungdomsåra
 - Me skal ha fokus på eit godt miljø med samhald og humor
 - Me skal "sjå" alle spelarane – og gjere det me kan for å halde dei i miljøet
2. Utvikle gode fotballspelarar
 - Me skal styre kampar med offensiv, hurtig og "spelende" fotball
 - Me skal vera ferdigheitsmessig og fysisk rusta til å utfordre dei betre laga i Noreg

Gruppa trente 4 gonger i veka i tillegg til kampar. Totalt blei det gjennomført 137 fellestreningar og 73 kampar i gruppa, i sesongen 2019. I tillegg har nokre av spelarane vore med på klubben sin talentskule, og 5-6 stk har vore faste i FKH Akademiet gjennom sesongen. Mange har og vore flinke med eigentrening.

I mars arrangerte me vår eigen Stord Cup G14. Som året før, blei det ein stor suksess med mange gode tilbakemeldingar frå tilreisande lag. Cupen var ein invitasjonscup inndelt i 2 nivå. På nivå 1 deltok mange av Hordaland og Rogalands beste lag, og vårt lag 1 tapte finalen knepent for Vidar.



Ny finale blei det i Macron Eliteturnering i Notodden i april, etter mange imponerende kamper mot sterke lag frå Austlandet. Gjelleråsen blei satt på plass i kvarten, og Flint-Tønsberg i semifinalen, før Lørenskog dessverre blei for sterke i finalen.

I serien deltok me med 2 lag, eit lag i 1.divisjon Hordaland og eit lag i 2.divisjon (Sunnhordland). Lag 2 fekk ein flott 4. plass på våren, og 6. plass på hausten. Lag 1 fekk ein fin 2. plass på våren, og ein sterk 1. plass på hausten.

Dana cup var årets sommarcup. Me deltok med to lag i 14-års klassen, og budde på ein sentral skule nær hovudarenaen. Alt låg til rette for ein veldig kjekk opplevelse i Danmark. Begge laga gjorde eit solid gruppespel. Lag 1 kom på 2.plass og kvalifiserte seg for A-sluttspillet, medan lag 2 fekk ein fin 3. plass, og kvalifiserte seg for 16. dels finalen i B-sluttspillet. Dessverre blei skulen me budde på råka av mægevirus natta før sluttspillet starta, og mange av våre spelarar blei sjuke. Sjølv om spelarane la ned ein heroisk innsats var me dessverre blitt så reduserte at begge laga våre tapte første sluttspel kampen. Det blei dermed ein litt kjedeleg slutt på Danmarksturen for vår del, sjølv om me blei ei erfaring rikare.

På hausten deltok me på 2 cupar. Lag 2 deltok på Regy cup, kor me vann pulja og kom til 8.dels finalen i A-sluttspillet. Lag 1 deltok på Bauge Elitecup, og vann her bronsefinalen i A-sluttspillet.

Me har hatt ein del rotasjon mellom laga, og mange spelarar har spelt for lag 1 i løpet av sesongen.

Som seriemester i 1.divisjon var me kvalifisert for kretsfinalen mot Fana. Me reiste til finalen med heile troppen vår, og det var eit flott augneblink då alle marsjerte samla ut på banen før kampen. Me gjer ein sær god finale, og vinn til slutt veldig fortjent 4-1. Og me kan avslutta ein flott sesong som kretsmeister i G14 i Hordaland!

Hovudtrenar for gruppa har vore Atle Nilsen. Trenarar har vore Gustav Hamre, Jan Kennet Henriksen, Magne Klingsheim, Svein Helge Eide, Trond Eirik Samdal Nielsen og Jarle Kaldråstøyl (keeper). Hovudlagsleiar har vore Linda Heidenreich-Riis. I tillegg hadde gruppa med fleire hjelpetrenarar og lagleiarar

Gutar 15 - 16

Det har vore ein fin og god sesong. Gruppa var ny av året og ein starta med treningsweekend på Avaldsnes tidleg i januar for å få ein god start og bygge gruppa godt saman. Gjennom sesongen har ein trena fire gongar i veka inkludert kamp. Mange av spelarane er også flinke til å drive med eigentrening. Treningsoppmøtet har vor jamt og godt. Totalt har det vore i overkant av 30 spelarar i gruppa. Ein ha trena både på Langeland og Vikahaugane.

G16-1 deltok i 1. divisjon i Rogaland og blei seriemeistar. G16-2 har spelt i 3. divisjon Hordaland. Her hamna laget på øvre halvdel av tabellen. Gjennom sesongen har stort sett alle spelarane i gruppa fått prøve seg på begge lag.

Ein har delteke i ulike turneringar som NM, Adidas cup, Gothia cup og Regy cup. Også her leverte gutane mange gode prestasjonar. Fleire av spelarane har og fått hospitere med juniorgruppa.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Laget har hatt mange trenarar og lagleiarar; Svein Ove Eikens, Johnny Raunholm, Kjetil Hauge, Terje Eriksen, Svein Gunnar Vik, Bernt Rune Mehammer og Norbert Sandela. Holger Ivresen har og vore kopla på som keepertrenar.

Gutar 19 -1 Junior

Stord jr 1 innleia vinteroppkøyringa med mellom 25 – 30 spelarar på trening. Etter kvart valte ein del å trappe ned til jr 2 og nokre gav seg. I mars stod ein att med 20 spelarar i troppen. Desse var frå årskulla 2000, 2001 og 2002. Berre 2-3 spelarar aktuelle pr kamp tilhørte eldste årsklasse (2000). Inkludert i troppen var også gutespelarane Jone Jensen (-03) og Jonas Valland (-04). Vi kom til sesongstart dermed med eit svært ungt jr lag.

Laget deltok i Haugarturneringa før sesongstart der laget spela seg fram til semifinale. Laget var kvalifisert for deltaking både i 1. divisjon (øvste nivå) i Hordaland og til NM cupen for juniorar. I 1. divisjon vart opninga av sesongen tøff. Mange på laget gjekk rett frå gutelagsfotball til juniorfotball og ein opna sesongen med to strake tap. Etter kvart kom laget sterkt tilbake og ein hanka inn ein 5. plass i vårpulja.

Føre haustsesongen rykka to lag ned og to nye kom opp i 1. divisjon. Alle laga starta med blanke ark. Vårt juniorlag hadde nytta sommaren godt med ei flott oppleving i Brøndby Cup/ Copenhagen Cup i København i august. Der fekk laget ein semifinaleplass der ein tapte med knappast mogeleg margin etter straffesparkkonkurranse i semifinalen.

Erfaringa frå vårsesongen og sommarturneringa (og NM-cupen, sjå under) gav gjengen verdifull ballast til å ta fatt på haustsesongen. Laget kjempa durabeleg gjennom alle sine 11 kampar i haustsesongen og kjempa lenge om KM-gullet. Det var det til slutt Bjarg som stakk av med, men Stord jr 1 tok til slutt ein 2. plass. Dette er sterkaste plassering klubben nokon gong har hatt (tangerte då plasseringa frå 1992) i 1. divisjon junior.

NM-cupen vart eit eventyr for juniorlaget. For første gong i historia kom juniorlaget til sjølve NM-cupen sin hovudrunde. Dvs til 8. delsfinalen. I kvalifiseringa vart Bremnes, Os og Åsane spelt av banen. Ved å nå 8. delsfinalen vart Stord blant dei 16 beste laga i Noreg. I sjølve 8. delsfinalen vart Stord satt skikkeleg på plass mot elitelaget Brann (0-8), men cupinnsatsen totalt var noko av det sterkaste laget gjorde i 2019. Særleg i «kvalik-finalen» mot Åsane (siger 4-1) viste laget spel på høgt nivå på ei nydeleg grasmatte på Stord stadion i slutten av mai.

Stord sitt juniorlag kan sjå 2020 lyst i møte. Dei fleste har jr alder også i denne sesongen.

Jonas Valland representerte Noreg U15 landslag i 2019 medan han var stordspelar og juniorspelar. Sommaren 2019 meldte han overgang til FK Haugesund.

Stordjuniorane vart i 2019 trena av Kjell Petter Neset og Robin Øvrevik.

Gutar 19-2 Junior

Stord jr-2 vart gjennomført for 4 året på rad. Trenar Jan Morten Haukefær gav her eit «lågterskeltilbod» for dei som bare ville drive med fotball eit par gonger pr veke. Ei trening + kamp var målsetnaden å kunne tilby. Håpet var at eit slikt tilbod ville bringe tilbake spelarar



som i utgangspunktet hadde slutta med fotball. Ideen slo til og oppmøtet varierte frå 5-6 til over 20 gitar, og laget deltok i kretsserien 3. divisjon i Rogaland i 2019. Sesongen vart gjennomført med stor entusiasme og mange fine kamper, laget havna litt under midten på tabellen.

Talentutvikling 2019

Medlemmar i klubben har moglegheit til å prøva seg på Leirvik Talentskule, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Apply/Leirvik Talentskule er eit tilbod for gitar (4. -10. klasse) og jenter (5. -10. klasse), Jenteløftet er eit treningstilbod for jenter (2. - 5. klasse), Teknikkskulen er eit ekstratilbod for gitar (4. og 5. klasse), medan Akademiet er ei fritidsordning for gitar og jenter (1. – 4. klasse). Føresetnaden, som er satt for å driva eit slikt arbeid, er at dette skal vera eit tilbod som kjem i tillegg til det ordinære fotballtilbodet som alle har gjennom sine eigne lag og at det ikkje skal gå ut over breiddetilbodet.

Leirvik Talentskule har no vore i drift i meir enn 10 år. Erfaringa so langt er at dette har vore vellykka med fleire krins-, sone-, og landslagsspelarar i klubben enn me har hatt på mange år. Dette skuldast vel så mykje godt arbeid i eigne lag. Styret trur det er samspelet mellom talentskulen og lagsarbeidet som er nøkkelen til suksessen. Leirvik Talentskule har no vore i drift i meir enn 10 år. Ved utgangen av 2019 var det 68 deltakarar.

Treningane vart leia av Jon Pall Palmason, Viktor Segatta, Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik. Deltakarar frå Stord Fotball, Trott IL og Solid IL. Tilbodet var i 2019 for spelarar født 2006, 2007, 2008 og 2009.

Jenteløftet hadde ved utgangen av 2019 18 deltakarar. Det er ein auke frå 2018. Tilbodet er populært blant jenter i eigen klubb. Det var også 2 deltakarar frå Trott IL. Instruktørar var Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik

Teknikkskulen vart starta i 2014. Teknikkskulen var ikkje særskild populær i 2019 – dette skuldast at klubben har eit lite 2010- kull og naboklubben Trott IL starta opp eige tilbod for sine medlem. Ved utgangen av 2019 var det 8 deltakarar – samanlikna med over 30 deltakarar frå 2018.

Fotballfritidsordninga vart starta i 2014 og hadde ved utgangen av desember 2019 32 deltakarar. Desse er fordelt på 4 skular: Leirvik, Langeland, Hystad og Rommetveit.

Fritidsordninga har ope alle vekedagar frå skuleslutt til 16:15.

Instruktørar på fritidsordninga var Jon Andre Røyrane, Espen Haugland, Tuva Haga Skibenes, Jon Pall Palmason, Viktor Segatta og Robin Øvrevik.

Våre beste spelarar i ungdomsavdelinga:

- Ida Holm Neset - 2003
 - Har signert for Sandviken. Utteke på landslaget gjennom hele 2019, og vart kåra til Hordalands største talent på jentesida.
- Ida Natvik – 2005
 - Fast NFF Hordaland sitt krinslag
- Cille Nilsen - 2006



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

- Fast NFF Hordaland sitt krinslag ein klasse opp
- Veslemøy Helland – 2006
 - FKH Team og utteke til kretslag Hordaland
- Lina Klingsheim – 2006
 - FKH Team og utteke til kretslag Hordaland
- Alva F Skåla – 2006
 - FKH Team og utteke til kretslag Hordaland

- Jonas Skjerven Valland – 2004
 - Signerte for FK Haugesund sommaren 2019.
 - Utteke til landslag gjennom heile 2019
- Martin Alvsaker - 2005
 - FKH Team
- Brage Røtnes Nielsen - 2005
 - FKH Team
- Sander Østraat – 2005
 - FKH Team og utteke til landslags samlingar
- Albert Sjø Hystad – 2005
 - FKH Team
- Mikkel Hope – 2006
 - FKH Team og utteke til kretslag Rogaland
- Ola Skorpen Myhre – 2006
 - Utteke til kretslag Hordaland

Alle desse spelarane har delteke på klubben sine ulike ekstra tilbod.

Anlegg

Garderoobebygg og klubbhus

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i egne garderoobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderoobebygg og klubbhus vart gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, eigenkapital og spelemidlar. Bygga har allereie vist seg å vera ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane var satt litt «på vent». I 2016 vart samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Klubbhuset Vikahaugane var fullført våren 2018, og er no ein viktig møteplass for alle medlemmane i Stord Fotball. Styret vonar at klubbhuset og miljøet som vert skapt gjennom ein trygg sosial møteplass vil skape identitet og motivasjon for å drive med idrett.

Stord Fotball har søkt Stord kommune om lån og finansieringsmedverknad for garderoobe – og klubbhusanlegga. Totalt er det utbetalt 3,0 mill. kr. i spelemidlar for garderoobar og klubbhuset; 1,0 mill. kr. for kvart anlegg.

Baneanlegg

Dei «nye» kunstgrasbanane på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein oversiktleg og rasjonell måte.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane står fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg og har vært hovedarena for alle seniorlaga denne sesongen.

Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2019 men vart bare unntaksvis at den vart nytta som kamparena. Det er von om at Stord kommune skal rehabilitere grasbanen i 2020 - 2021.

Styret er no involvert i utarbeiding av planer for bygging av tribunetak og planlegger utskifting av setene på tribunen mot grasbanen til våren.

Dommarar

Ved utgangen av 2019 var det 9 aktive dommarar i Stord Fotball. Dei dømte til saman ca 270 kampar i senior/ungdom gjennom sesongen, noko som må seiast å være veldig bra.

Dommargruppa har hatt 4 samlingar i 2019. Sesongevalueringa blei gjort i januar 20.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

I april var 65 ungdommar frå G/J 13 og G/J 14 laga på klubbdommarsamling. Dei gjorde ein kjempejobb med dømning i barnefotballen gjennom sesongen og under Puttefestivalen i august.

I Sunnhordland er det ved inngangen til 2020 manko på dommarar – totalt 24 påmeldte der altså 9 er frå Stord. Ein bør oppmode både vaksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta rekrutteringsdommarkurs som blir arrangert kvar vår i sonen vår.

Kurs og utdanning

Kurs og utdanning

Trenarar i Stord Fotball får tilbod om kurs gjennom e-post og Facebooksida til trenarane og lagleiarane i Stord. Det er også informert om kurs og mogleg vidareutdanning i trenarforum og på lagleiar møter.

I løpet av 2019 vart det gjennomført følgjande kurs:

Barnefotballkveld:

- 12 deltakarar

Grasrottrenaren (tidlegare UEFA C-lisens) deler av kurset :

- 13 deltakarar

Stord Fotball har som målsetjing at flest mogleg av klubben sine trenarar skal ha ein eller fleire deler av Grasrottrenaren (C-lisensen). Arbeidet med å tilby kurs vil vere tema på alle lagleiar møter og trenarforum i 2020. Det er også ei målsetjing at fleire skal ta UEFA B-lisens i 2020.

Kværner Puttefestival

Kværner Puttefestival vart i 2019 arrangert for 30. gong. Nok ein gong, på ein god måte. Til glede for mange fotballspelande born!

Grunlaget for ein ny godt gjennomført Puttefestival er ein fantastiks flott arrangemantskomite. Der mange har vore med i fleire år. I tillegg kjem ein sjølv sagt ikkje utanom ein kjempeflott dugnadsinnsats frå MANGE av klubbens medlemmer, omlag 400 personar, både born, ungdommar og vaksne.

At me i jubileumsåret 2019 hadde rekordstor deltaking var veldig kjekt. Totalt 165 lag deltok. Brorparten av desse kom frå Sunnhordland, men me har også deltaking i frå Kvinnherad, nord- og sør i Rogaland, og i frå den nordlege delen av Bergensområdet.



I 2019 var det kjekt at me ved opninga av turneringa kunne gje litt ekstra merksemd til ein av «hovudinitiativtakarane» bak denne turneringa – Per Håvard Vikanes.

Eit av suksesskriteria for denne turneringa er det at alt vert arrangert på eit intimt og avgrensa område. At me kan bruke alle fasilitetane me har på Vikahaugane. Me er takksame for at det vert lagt til rette for det.

Kværner Puttefestival har også eit knippe medspelarar i næringslivet på Stord. Me er sjølvsagt svært takksame for all form for støtte og velvilje frå desse.

Øvrige arrangement

Stord Fotball har i 2019 arrangert følgande:

Fotballskule i vinterferien, ei veke i februar.

Tine Fotballskule, ei veke i juni.

Fotball- og aktivitetsskule, ei og ei halv veke i august.

Sommarklubb, 3 veker i juni og juli.

Fotballskule i haustferien, ei veke.

Over 200 ungar nytta seg av tilboda.

3v3 innecup, for dei aller minst, i mars.

3v3 innecup, for dei aller minst, i oktober.

Ungdomscup, inne, i februar.

Gatecup under Folk i Sentrum, i mai.

Romjuls cup, for vaksne, i desember

Til saman over 220 lag.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Økonomi

Rekneskap 2019 og budsjett 2020

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12.2019 syner eit driftsresultat med eit overskot på kr 377.644,-. Ordinært resultat inklusiv finanspostar viser eit overskot på kr 266.778,-. Eigenkapitalen er auka frå kr 1.278.559,- pr. 31.12.2018 til kr 1.545.337,- pr. 31.12.2019.

Budsjett for 2019 var i balanse med ei inntekt på ca. 8,3 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2019 på ca. kr 9.122.000,-. Samla drifts-, vare- og kapitalkostnader var i 2019 ca. kr 8.745.000. Resultat for 2019 viser dermed eit resultat som er ca. kr 257.000 betre enn budsjett. Dette takka vera høgare inntekter frå dugnader og sal av spelar til utlandet.

Samla gjeld pr. 31.12.2019 er kr 3.721.578,-, der kr 1.465.738,- er lån i Sparebanken Vest, kr 140.839,-lån i Santander, og kr 2.040.000 lån hjå Stord kommune. Totalt er dette ein reduksjon i gjeld på kr 62.869 frå kr 3.784.447,- pr. 31.12.2018. Låna som vart refinansiert i 2018 gjeld nesten i si heilheit finansiering av garderobeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubbhus på Vikahaugane.

Avskrivningar og renter knytt til garderobebygga, klubbhus og bil utgjorde ca. kr 186.000,- i 2019.

Styret viser til revidert rekneskap med noter.

Rekneskapet er i 2019 ført av ECIT Stord AS (tidl. Aktiva Økonomiservice AS)

KPMG har revidert rekneskapet for Stord Fotball i 2019.

Styret legg fram eit budsjett for 2020 til årsmøte som viser et overskott på ca. kr 13.000,- og ei inntekt på ca. kr 8,5 mill.

Klubbutvikling

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Det økonomiske resultatet for 2019 er tilfredsstillande, og er eit godt grunnlag å byggje vidare på. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Spikerbua» med fotballstova som møteplass, samt klubbhuset også kalla «Nye fotballstova» som var klar for innflytting våren 2018.

Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjeringsom kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå.

Kvalitetsklubb prosjektet som har fokus på at det er Klubben som er SJEF har pågått igjennom 2019, der me i etappar har fått på plass dokumentasjon og gjennomført aktivitetar ihht. Fotballkretsen sine 22 kriterier, som ligg som krav til kvalitetsklubb sertifiseringa. Sportsplanen er eit av dei viktigaste dokumenta, og er grunnlaget for korleis den sportslege aktiviteten i laget skal drivast. Denne planen har vore bearbeida i dei sportslege utvala våre og den viktige delen er å få organisasjonen til å ta eigarskap til denne. Framover er det Sportsleg utval som har ansvar for å påsjå at denne vert etterfulgt og følge opp at nye trenarar/lagleiarar får kjennskap og eigarskap til denne. Eit anna viktig kriterie er trenarutdanning og krava som skal vera oppfylte der. I haust/vinter har ein jobba iherdig for å få trenarane våre på kurs. Kjersti Klingsheim påtok seg i haust ansvaret som utdanningsansvarleg, og har gjort ein svært god jobb med å følge opp at trenarane er blitt kursa, enten på kurs i egen regi eller frå kretsen si side. Gjennom kvalitetsklubb prosjektet har me fått på plass klare rollebeskrivelsar for alle dei viktige rollene i organisasjonen vår. Noko me meiner vil gjera det enklare å rekruttera frivillige inn i Stord Fotball. Målet vårt er at me kan sertifisera Stord Fotball som Kvalitetsklubb Nivå 1 våren 2020.

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvene og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Apply Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste,

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ynskjer eit ope og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2019, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane framover.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette, trenare, lagleiare som brukar fritiden sin på å gi barn og unge et godt tilbud i klubben, og til slutt takk til alle sponsorer og støttespillere som har bidratt i 2019.

Me ser alle fram til ein spanande fotballsesong i 2020.

Stord 05.03.2020

Skjalg Myklebust
Styreleiar

Ingrid Almeland
Nestleiar

Mika Visti
Styremedlem

Aud M. Litlabø
Styremedlem

Sindre Vikanes
Styremedlem

Trond Lekve
Varamedlem



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Årsmelding





SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Innleiing

Orienteringsgruppa har i 2019 hatt same aktivitetsnivå som året før. Turorientering går bra, og det blei godt resultat av sal av tur-o konvoluttar. Når det gjeld ranking- og sprintløpa har o-gruppa samarbeidd med lag i Fitjar, Sveio, Tysnes og Halsnøy om arrangement av løpa. Sesongen blei vel gjennomført, men diverre har det vore nedgang i deltaking dei siste åra. Som informasjonskanaler nyttar o-gruppa e-postliste, avis Sunnhordland, heimeside www.stordo.no og Stord orientering på Facebook. Medlemstal 72 medlemmar. Styret har hatt 3 styremøter i 2019.

Frå og med årsmøtet i mars 2019 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	: Irinja Almås
Kasserar	: Nina Hagerup
Styremedlem ungdom	: Annie Myhre
Styremedlem kart	: Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	: Tove V. Agdestein
Varamedlem	: Bjarthe Westerheim



Årsmelding 2019 – Stord Orienteering

I allianse med Stord allianseidrettslag



I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	: Åge Hovden
Materialforvaltar	: Kenneth Westerheim
Rankingførar	: Ove Vedøy
Rekruttering:	: Ingen
Turorientering	: Storatraven :Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rølsnes Litlatraven, Gerda Øen, Jan Ove Øen
Uttaksnemnd	: Jarle Halland
Valnemnd	: Anne Løver og Henrik Ottesen
Revisor	: Arne Henrik Hovden og Arne Bjelland

Arrangement

Stord Orienteering har hatt følgjande arrangement i 2019-sesongen:

Nybyrjarkurs: Det vart arrangert eit innføringskurs for tilsette i Kværner og Stord kommune retta mot turorientering.

Kretsløp: Kristtornløpet 31.mars i Tømmervik. Det var 113 løpare som deltok i Kristtornløpet. Henrik Ottesen var løypelegger og Irinja Almås løpsleiar.

Lokalløp: 6 av 10 rankingløp i Sunnhordland (Halsnøy, Sveio, Onarheim og Fitjar arrangerte resterande 4 rankingløp), 3 av 4 sprintløp/nybyrjarkarusell (Fitjar arrangerte eitt), Romjulsløpet og nokre gate/nattløp på vinteren.

I gjennomsnitt har det vore 30 deltakarar på rankingløpa. Talet på løpare varierte mellom 13-40. Løp på Halsnøy og i Sveio har færrest deltakarar. Det deltok ingen nybyrjarar på dei fire siste rankingløpa. I sprintløpa har det vore i gjennomsnitt 20 deltakarar.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Løp.nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56

2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38
2018	31	39	32	28	31	26	41	20	22	40			31
2019	40	37	29	39	35	31	23	13	18	33			30

Løypeoversikt for 2019 sesongen												Gj.snitt
Lang	14	14	13	11	10	11	9	4	8	11		
Mellom	19	14	12	14	14	14	10	7	7	17		
Kort	5	3	3	5	7	4	4	2	3	5		
Nyb.	2	6	1	9	4	2						
Tot.	40	37	29	39	35	31	23	13	18	33		30
Sprintløp 2019		1.sprintløp		2. sprintløp		3.sprintløp		4.sprintløp		Gj.snitt		
Sprint		19		20		12		13				
Nyb.		9		3		2		2				
Total		28		23		14		15		20		



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Sportslege resultater

Per i dag har o-gruppa få aktive som reiser og deltek kretsløp og nasjonale løp. Av sportslege resultater kan det nemnast:

KM –mellomdistase 24.08 (Odda IL): Kenneth Westerheim nr 2 i H 19-

KM-langdistanse 25.08 (Odda IL): Edel Slettemark nr. 1 i D 70

Turorientering

Det blei seld 532 tur-o konvoluttar totalt for begge «travane» i år, Storatraven 287 stk og Litlatraven 245stk. Dette er ein god oppgang frå i fjor.

Karta i år for Storatraven var Petarteigen, Sjoalemyro og Landåsen vest, for Litlatraven var det Lundarstøl og Heiane Sag.

234 personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2019.

Totalt 77 personar tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 121 personar i Litlatraven (30 postar).

Det var 58 personar som tok alle 90 postane.

Mange hadde registret seg i postkassane for månadens post og kvar «månadens post» vinnar fekk gåvekort på kr. 300,-. 214 personar hadde registrert seg ein eller fleire gonger på månadens post og av dei var det 48 stk som hadde vore på alle 5 månadens post. Vinnaren i år vart Mari Hellestveit som fekk gåvekort på kr. 1000,-.

Storatraven vart arrangert for 48. gong og Litlatraven for 7. gong.

statistikk tur orientering	år									
selde tur o posar	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Storatraven (1972)	230	213	277	278	278	244	297	306	257	287
Litlatraven (2013)				150	185	175	210	253	200	245
totalt begge	230	213	277	438	463	419	507	559	457	532
personar delteke :										
tur-o nett brukar	112	114	122	188	148	167	218	236	202	234
alle postar Storatraven	42	36	52	67	52	53	73	77	77	77
alle postar Litlatraven				42	44	55	60	64	65	121
registrert månadens post (bok)				296	188	213	215	227	202	214




SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Ungdom og rekrutt

Det har diverre vore lite ungdoms og rekruttarbeidet også i 2019. Me er få i o-gruppa og har ingen som har vore villige til å ta ansvar for organiserte treningar. Me ser også at det er få nybyrjare og nye løpare i rankingløpa og sprinløp. Dette til tross for at det er mange barn og barnefamiliar som tar tur-o posta og ein har informert om løpa både i avisa, heimeside og Facebook. Også tur-o konvoluttar inneheld informasjon om løpa og høve å delta i rankingløp/sprintløp utan tidtaking.

Det blei arrangert sommaravslutning i juni ved høgskulen i samband med sprintløp/nybyrjarkarusell. Tove hadde laga kjekke løyper i høgskuleområde med samlingsplass ved sjøen. Det blei servert godt bakverk og brus til alle.

Det blei også arrangert labyrintorientering i samarbeid med Norges orienteringsforbund i samband med Folkehelsedagene i sentrum i mai. I tillegg var det høve til å ta to enkle orienteringsløyper/sprintløyper. Det var nokre skuleklasser som sprang gjennom løypene og elles var det relativt bra med folk som prøvde seg på labyrinten. Det blei samstundes delt ut informasjon om rankingløpa og tur-o konvoluttar var til sals.

Det er halde to nybyrjarkurs, eit i begynnelsen av tur-o sesong for tilsette i Stord kommune og Kværner, og eit på hausten for Stord Fitjar turlaget.

Kart

Åge Hovden (ÅH) har synfart ferdig kart over Almåsskogen, Neshaugen, Klubben, Sætravikjo og området over til Grunnvågen. Teikning i ocad. Det er utarbeida nytt skulekart over Tjødnalio skule (ÅH). Det er vidare utført vedlikehald synfaring (hogstfelt) i Landåsen og Førlandskrysset og langs E39 frå Grov til Hetlesæter skiftet (ÅH).



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Nærområdet Ådlandskogen er synfart på nytt. Det er laga oppdatert skulekart over Nordbygda skule (ÅH).

Området mellom Vassenden-Båtsvik og Litlabøvegen er synfart og teikna i ocad (ÅH).

Det gamle Solidkartet over Petarteigen er digitalisert i Ocad og nytta til tur-orientering for 2019 samt for 2020 (ÅH).

Skulekartet over Lærarskolen er delvis oppdatert. (ÅH)

Det er starta opp synfaring på Langelandstølen for oppdatering av skulekart på Langeland. (ÅH)

Regnskap for karta i Landåsen, Lundeåsen og Hatlandskogen er godkjent og spelemidler er utbetalt til o-gruppa.

Det pågår synfaring over området Dalheim-Dale-skytebanen i forbindelse med Kristtornløpet 2020.

Økonomi

Økonomien i gruppa er god. Rekneskapet viser at gruppa gikk i pluss 385775,-.

Karta i Landåsen, Lundeåsen og Hatlandskogen har fått invilga spelemidler for 295 000,-.

Av avvik mellom budsjett og resultat kan nemnast t.d:

- Turorientering, kiosksal, lokale stevner, sponsorer vart noko høgare enn budsjettert

- Det vart ikkje noko reisekostnader og det vart også brukt mindre enn budsjettert på utstyr, kart og kontorrekvisita.



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Årsavslutning i idrettstova 5.11.2019 med tur-o merkeutdeling.



Årsmelding 2019 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Tur-o merke til dei minste.

Styret

ÅRSMELDING 2019



STORD SYMJING





ÅRSMELDING 2019



Innhold

Rapport frå Styreleiar	3
Vedtak gjort av styret i 2019:	4
Økonomi	5
Kurs og Konferansar	6
Stevner i 2019	7
Sportslege resultat	8
Trenere i klubben	13
Stord Swim Cup	14
Sosiale arrangement - Vanja	16
Treningsleirer	15
Rekruttering	16
Symjeskulen	17
Dommere	18
Tidtakaranlegget/utstyr	18

ÅRSMELDING 2019



Styret

Styret 2019 har bestått av;

- Vanja Storetvedt – Leiar og Politiattest ansvarleg
- Terese Blom Emanuelsson - Nestleiar og dognad ansvarleg
- Margareth Simonsen Råen - Kasserer
- Aleksander H. Ottesen - Styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
- Leif Magne Malme – Styremedlem, oppmann og ansvarlig for Stord Symjing's årlige stevne
- Marie Emilie Isdahl – Styremedlem og ansvar for sponsor midlar
- Espen Nylund - Styremedlem med ansvar for det tekniske
- Rebecca Hildebrandt-Paulin - Ansvar for symjeskulen og Barneidrett ansvarleg
- Anna Kjøpstad Rimmereide og Nora Visnes - Utøvarrepresentant i styret
- Oda Karin Nordfonn - Varamedlem styret med ansvar for sosiale media
- Per Inge Eithun - Varamedlem styret
- Kasia Kasprzak - Varamedlem styret

Styret har frå sist årsmøte avholdt 9 styremøter.

Rapport frå Styreleiar

Stord Symjing er godt organisert, samarbeidet internt i styret og med trener-gruppa fungerer bra.

Stord Symjing har delteke på tilnærma alle gruppeleiar møter i Stord IL. Møta er nyttige med tanke på å få informasjon, søke støtte og hjelp og diskutere felles utfordringar og gleder. Stord IL har også invitert til gratis kurs og foredrag.

KlubbAdmin er systemet som vert brukt til medlemsadministrasjon, dette er eit verktøy for oversikt og kontroll over klubbens medlemmer, inklusiv utsendinga av faktura for medlemskontingent og treningsavgift.

Den Interne Facebook gruppa (lukka gruppe) vert nytta til formidling av intern informasjon på ein rask og god måte. I tillegg brukas mail for å distribuere viktig info.

Den eksterne Facebooksida er open for alle, denne nyttes til allmenn info og nyheiter frå Stord Symjing.

Heimesida blir brukt til generell informasjon for Stord Symjing.



ÅRSMELDING 2019



Handboka vart oppdatert etter at nytt styre tiltredde, info og link til handboka vert distribuert i velkomstbrev til alle medlemmer ved innmelding, og den er å finna på heimesida vår.

Stord Symjing har sidan oktober 2017 vert medlem i Rent idrettslag som er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges idrettsforbund og Antidoping Norge.

Stord Symjing har symjeskule som er tilslutta Grenskolen i Norges Svømmeforbund (NSF). Dette er eit populært tilbod som får mange gode tilbakemeldingar.

Trenersituasjon har fungert godt også i 2019. Me har knytt til oss 6 nye trenere, 2 for Minsteparti, 1 for Mellomparti og 3 for Satsing. Det har vert flott framgang som viser at treningsopplegg fungerer bra.

Me har hatt ei flott sportsleg utvikling også i 2019, det er god sportsleg bredde i klubben med nokre topp utøver som har kvalifisert seg til Nordsjø, LÅMØ, NM og UM, meir info om dette kan du lesa under Sportslege resultat.

Stord Symjing har tatt inn fleire nye medlemmer i 2019, me skulle gjerne hatt kapasitet til å ta inn enda fleire både i treningsgrupper og Symjeskulen. Utfordring for å få dette til er i første omgang bassengtilgang og deretter kapasitet på trenere. Ved utgangen av året hadde me 4 barn på venteliste.

I 2019 har Stord Symjing investerte i oppdatering av tidtakar utstyr, dette vil være med å sikre fortsett god kvalitet på gjennomføring av det årlege stemnet vårt.

Vedtak gjort av styret i 2019:

- Oppdeling av gruppa Satsing – delt i 2 nivå for betre å kunne tilpasse treningsnivå for våre symjarar.
- Badehette skal gis som velkomst gåve til alle som melder seg inn i Stord Symjing.
- Kjerneverdi for Stord Symjing - "Symjeglede for alle"
- Krav for å bli med på treningsleir (utland) - minimum 3 treninger pr veke, minimum 13 år uten følge.
- Etiske retningslinjer tatt i bruk for trenere, styret og foresatte som deltar på reiser ifm overnattingsstevner og treningsleirer.
- I forbindelse med overnatting på stevner og leir skal det som prinsipp være egne gutterom og jenterom, dersom voksne overnatter på samme rom skal det være mann på gutterom og dame på jenterom.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

ÅRSMELDING 2019



Økonomi

I 2019 har Stord Symjing hatt driftsinntekter på 1.114.568 kroner og driftskostnader på 1.156.316 kroner. Det totale regnskapet viser underskott på 99.431 kroner før skatt. 45.000 kroner som skulle vert mottatt i 2019 vil komme inn i 2020 pga manglende rapportering ifm gave fra Sparebank 1 Kvinnherad stiftelsen. Videre forklares underskott med lavere deltagelse og inntekt ifm Stord Stevnet (ca 65.000 kroner i forskjell fra 2018).

Klubbens egenkapital pr 31.12.2019 var 503.830 kroner.

I 2019 var me så heldig å få positivt svar på 3 søknader om midler til oppdatering av tidtaker utstyret vårt. Dette er viktige midler som me er veldig takknemlige for.

Sparebank 1 Stiftinga Kvinnherad - 50.000 kr

Sparebanken Vest - 30.000 kr

Sparebank stiftelsen SR bank - 25000 kr



ÅRSMELDING 2019



Kurs og Konferansar

Stord Symjing har i 2019 hatt følgande deltaking på kurs/konferansar:

- 2 fra styret deltok på Kretstinget
- 1 trener fra Satsing deltok på HSK sin trener/leder konferansen
- 3 Instruktører frå Symjeskulen på instruktørkurs hos Bømlø Symjeklubb
- 3 trenere fra Satsing og Mellomparti deltok på Kompetansehelga /
Trener/Lederkonferansen
- 1 trener fra Satsing har fullført trenerkurs 2



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

ÅRSMELDING 2019



Stevner i 2019

Approberte stemner

Dato	Stemne	Stad
12.01.-13.01.	Haugaland Kraft Open	Karmøy
02.02.-03.02.	HA-Open	Haugesund
16.02-17.02	(LÅMØ Kvalik)	Arna
15.03.-17.03.	LÅMØ Vest	Karmøy
05.04-07.04	Bergen Swim Festival	Bergen (AdO)
27.04-28.04	Sandnessprinten	Sandnes
11.05-12.05	Stord Swim Cup	Stord
24.05-26.05	Stavanger Open	Stavanger
08.06-10.06	Årsklasse mesterskap	Klepp
14.06-16.06	AdO Cup	Bergen (AdO)
04.07.-07.07.	NM Langbane	Drammen
30.08-01.09	Oppstartsleir	Bremnes
14.09-15.09	Araber Swim	Haugesund
27.09-29.09	Ado Open	AdO arena
05.10-12.10	Hautferie Treningsleir	Mataro
18.10-20.10	NM Ungdom 2019	AdO arena
27.10.2019	Bømlo Lokal stevne	Bremnes
01.11-03.11	Nordsjøstevnet	Stavanger
07.12-08.12	CC Solutions Cup	Slåtthaug

Uapproberte stemner

Internstemner

18.06.2019	Sommaravslutning Kulturhuset
30.11.2019	Basarstemne Kulturhuset /Hystad Skule

SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING



ÅRSMELDING 2019



Sportslege resultat

25 på topp - beste poengsum i 2019-sesongen:

1	Navn	Distanse	Tid	Poeng	Dato	Sted	Bal	RM	RA
2	Hildebrandt-Paulin, Odin	50m Fri	24,12	592	01.11.2019	Stavanger	25m	4	45
3	Visnes, Nora	50m Bryst	34,21	581	25.05.2019	Stavanger	25m	3	40
4	Rimmereide, Anna Kjøpstad	50m Bryst	34,27	578	13.01.2019	Kopervik	25m	24	42
5	Hildebrandt-Paulin, Odin	50m Butterfly	26,16	574	02.11.2019	Stavanger	25m	5	50
6	Hildebrandt-Paulin, Odin	100m Fri	54,51	560	02.11.2019	Stavanger	25m	14	90
7	Visnes, Nora	100m Bryst	1.15,71	558	26.05.2019	Stavanger	25m	7	52
8	Rimmereide, Anna Kjøpstad	100m Bryst	1.16,37	544	12.01.2019	Kopervik	25m	30	65
9	Visnes, Nora	100m Individuell medley	1.09,20	544	26.05.2019	Stavanger	25m	13	70
10	Rimmereide, Anna Kjøpstad	200m Bryst	2.45,71	535	24.05.2019	Stavanger	25m	17	56
11	Rimmereide, Anna Kjøpstad	50m Fri	28,51	520	13.01.2019	Kopervik	25m	60	150
12	Visnes, Nora	200m Individuell medley	2.31,72	518	10.06.2019	Klepp	25m	18	82
13	Visnes, Nora	200m Bryst	2.47,75	516	16.03.2019	Karmøy	25m	9	63
14	Fjeldstad, Vebjørn	50m Butterfly	27,82	512	14.06.2019	Bergen	50m	15	99
15	Rimmereide, Anna Kjøpstad	100m Fri	1.02,80	512	13.01.2019	Kopervik	25m	52	150
16	Hildebrandt-Paulin, Odin	100m Butterfly	1.00,30	506	03.11.2019	Stavanger	25m	13	80
17	Visnes, Nora	50m Fri	28,84	502	11.05.2019	Stord	25m	44	200
18	Fjeldstad, Sondre	50m Butterfly	27,39	500	12.05.2019	Stord	25m	19	129
19	Fjeldstad, Sondre	50m Fri	25,59	496	11.05.2019	Stord	25m	26	185
20	Visnes, Nora	50m Butterfly	30,90	491	02.11.2019	Stavanger	25m	28	143
21	Fjeldstad, Vebjørn	100m Fri	57,05	488	03.11.2019	Stavanger	25m	35	212
22	Visnes, Nora	400m Fri	4.56,94	488	08.06.2019	Klepp	25m	49	208
23	Hildebrandt-Paulin, Odin	400m Fri	4.29,65	487	15.03.2019	Karmøy	25m	38	157
24	Rimmereide, Anna Kjøpstad	50m Butterfly	30,99	486	12.01.2019	Kopervik	25m	67	152
25	Fjeldstad, Vebjørn	50m Fri	25,85	481	11.05.2019	Stord	25m	33	219
26	Rimmereide, Lovise Kjøpstad	50m Fri	29,26	481	11.05.2019	Stord	25m	40	253
27	Gudding, Didrik	200m Fri	2.06,99	479	19.10.2019	Bergen	25m	11	182
28	Hildebrandt-Paulin, Odin	200m Individuell medley	2.20,03	479	10.06.2019	Klepp	25m	23	119
29	Malme, Iver Thoresen	100m Fri	57,46	478	26.05.2019	Stavanger	25m	37	238
30	Hildebrandt-Paulin, Odin	50m Bryst	32,30	477	03.11.2019	Stavanger	25m	13	130
31	Visnes, Nora	100m Fri	1.04,36	475	26.05.2019	Stavanger	25m	48	247
32	Husebø, Frida Storetvedt	50m Bryst	36,67	472	11.05.2019	Stord	25m	30	166

Nora oppnådde beste plassering for 50 bryst for sin årsklasse. Hun ble 3dje beste svømmer for 50 bryst. Odin Hildebrandt-Paulin oppnådde nesten 600 poeng og hadde årsbeste på 50 fri med tiden 24,12 som er ranket til 45 totalt. Odin Hildebrandt-Paulin sin tid er 4de beste tiden i lande for 2003 klassen. Videre fikk Odin 5, Nora 7, 9 og 13 og Anna Kjøpstad Rimmereide 17, Vebjørn fikk 15 plass med 50 Fly.

7 Svømmer reiste til Låmø vest i Ado Arena: Lars, Didrik, Lovise, Tobias, Tønnes og Nora. Tønnes klarte en bronse på 100 fly og ble nummer 5 sammenlagt i sin klasse.



SIL ÅRSRAPPORT 2019

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SYMJING

ÅRSMELDING 2019



Odin, Tønnes og Nora kvalifiserte seg til ÅM. Beste resultat fikk Odin med en 6 plass på 100 Fly. Nora på 8 og Tønnes på 12.

I april reiste vi til Ado og Bergen Swim Festival: Ingrid, Lars, Lisa, Odin, Tobias; Tønnes, Iver, Hedda, Oscar, Tiril, Nora, Anna; Didrik; Petro; Elias; Vebjørn, Vilja og Ida. Syv svømmere klarte å plassere seg blant topp 50, som er veldig bra i internasjonal konkurranse. Dette var Anna Rimmereide, Nora Visnes, Tobia Emanuelsson Samuelsen og Vebjørn Fjeldstad.

Til avslutning sesongen før sommaren deltok 27 symjarar frå mellomparti og satsing på AdO cup i Bergen og til saman 11 finaler viser stor bredde. Både Nora Visnes, Tobias Emanuelsson Samuelsen og Vebjørn Fjeldstad.

NM Langbane hadde vi fleire svømmere en på lenge. Her deltok Odin, Vebjørn, Sondre, Anne og Nora. Best plassering fikk Odin med en 14 plass på 50 fri.

Til NM for ungdom sendte vi 6 svømmere. Nora, Tønnes og Odin hadde individuelle øvelser. Elias, Ida og Didrik var med slik at vi også kunne delta i Mix og Fri stafett. Beste plassering fikk Odin med en 7 plass.

Stord deltok med 13 symjarar under Nordsjøstevnet 2019. 8 personer frå Stord stilte og vi stilte også med stafettlag for gutter og mix. Odin klarte her å få sølv og bronse. Tønnes fikk en fin 5 plass som beste resultat. Odin, Nora og gutte-stafettlaget klarte alle meire en 500 poeng.

Vi hadde 3 personer som også klarte NM kortbane krav. Men pga sykdom og mye jobb på skolen valgte vi å stå over.

Før jul var det igjen felles stevne for mellomparti og satsing i Bergen – Norddialog Cup.

Veldig god utvikling hos flere svømmere og flere svømmere rykket opp til satsing.

Vi arrangerte 10.000 meter svømming før jul og over 30 personer var i vannet i 3 timer.

Vi er 31 personer som svømmer på Satsing 1 og 2.

Fleire resultat ligg på:

<http://livetiming.medley.no/>

ÅRSMELDING 2019



Me har også delt ut milepælsdiplomar til symjarar som har oppnådd tider etter kriteria gjennom sesongen 2019. Det vart delt ut 16 for satsing og 6 for mellompartiet.

Krav jenter:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.25.00
100m fri	1.30.00	1.15.00	1.05.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.15.00
50m butterfly	46.00	38.00	33.00

Krav gutar:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.20.00
100m fri	1.30.00	1.12.00	1.00.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.12.00
50m butterfly	46.00	38.00	30.00

Mellompartiet har hatt eit godt treningsår i 2019. Me har vert ein gjeng på ca 25 stk, og hatt tre økter pr veke. Nokre av svømmarane har prøvd å få med seg alle øktene i veka, andre har valgt ei eller to.

Det har vert ein del endringer for mellompartiet dette året, både når det gjelder treningstid, og utskifting av både svømmere og trenere.

ÅRSMELDING 2019



